

Guro Mattland Båtevik

---

## Fri som fuglen?

Ein kvalitativt studie av kvinnelege speedgliderar i ein  
mannsdominert livsstilsidrett

---

Masteroppgave i idrettsvitenskap  
Institutt for lærerutdanning og friluftslivsstudie  
Norges idrettshøgskole, 2021



## **Samandrag**

På same måte som tradisjonell idrett har livsstilsidrettar vist seg å vere prega av manneleg dominans. I dag er likestilling, også i idretten eit viktig satsingsområde. Samtidig viser forsking at sjølv dei relativt nye livsstilsidrettane er prega av maskulin dominans og maskuline verdiar. Oppgåva tek for seg kvinner som er aktive i den mannsdominerte livsstilsidretten speedgliding.

Ynske var å bruke kvinnene sine historier til å løfte tydinga av kjønn i livsstilsidrettar, men også i samfunnet generelt. Studien søker svar på korleis kvinner erfarer å vere i mindretal i det som betraktast som ein moderne aktivitetskontekst, korleis samfunnet rundt og speedglidermiljøet reagerer på deira deltaking og kva bakgrunn kvinnene som går inn i eit slikt miljø har. Oppgåva handlar om Simone de Beauvoir sitt perspektiv på kvinner som det andre kjønn, og hennar fridomsomgrep. Det er såleis også ein studie av kjønn og frigjering, ikkje berre ein studie av eit bestemt miljø.

Det empiriske grunnlaget for oppgåva er kvalitative semistrukturerde forskingsintervju som tek for seg erfaringane til åtte kvinnelege informantar. Prosjektet tek for seg noko av det kunnskapsgrunnlaget som er etablert om kjønn i livsstilsidrettane. Prosjektet har nytta Simone de Beauvoir som teoretisk rammeverk, sett i samanheng med hennar eksistensfilosofiske perspektiv på kjønn og fridom.

Analysane viser at kvinnene opplever vegen inn i idretten som open for begge kjønn. Samtidig fortel funna at kjønn spelar inn og har konsekvensar for kvinnene si deltaking i miljøet. Studien er eit eksempel på at kvinner kan operere i mannsdominerte miljø, men dei vil framleis måtte forvente å møte kjønna motstand. Studien konkluderer med at speedglidermiljøet, men også samfunnet elles framleis har ein veg å gå før ein kan seie at vi har lukkast med likestilling. Speedgliderkinnene kjempar ikkje ein aktiv kamp for å få delta i miljøet på like vilkår som menn, slik vi har sett, og også framleis kan sjå at kvinner gjer på andre idrettsarenaer. Dei er kvinner som går fram som eksempel for andre kvinner ved å delta i idretten, og viser for andre kvinner at det er mogleg. Samtidig ser det ut til at dei tilpassar seg dei rammene for kjønn som allereie har blitt etablerte i miljøet.

# Innhold

<b>Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>Innhold .....</b>	<b>5</b>
<b>Forord.....</b>	<b>8</b>
<b>1. Innleiing .....</b>	<b>9</b>
1.1 Kvifor studere kvinnelege speedglidere? .....	10
1.2 Kvifor studere ein livsstilsidrett? .....	11
1.3 Framgangsmåte og teoretisk bakteppe .....	12
1.4 Problemstilling .....	13
<b>2. Speedgliding i kontekst .....</b>	<b>15</b>
2.1 Kvinner tek sin plass i idretten .....	15
2.2 Tydinga av kjønn i idretten.....	17
2.3 Kva kjenneteiknar ein livsstilsidrett? .....	19
2.4 Kva er speedgliding .....	22
2.5 Tal på medlemmar og kjønnsfordeling.....	24
2.6 Speedgliding – ein ekstrem og maskulin idrett? .....	25
<b>3. Tidlegare forsking .....</b>	<b>26</b>
3.1 Litteratursøk .....	26
3.2 Menn set standarden i livsstilsidrettane .....	27
3.3 Når jentene blir «den andre» .....	30
3.4 Jenter sterke saman .....	31
3.5 Kva har forskinga vist oss?.....	33
<b>4. Teoretisk perspektiv .....</b>	<b>34</b>
4.1 Kven var Simone de Beauvoir .....	34
4.2 «Den andre» og Simone de Beauvoir .....	35
4.3 Fridom og Simone de Beauvoir .....	37
4.3.1 Eksistensiell fridom .....	39
4.3.2 Konkret fridom .....	41

4.3.3	Moralsk fridom .....	42
<b>4.4</b>	<b>Simone de Beauvoir i dag.....</b>	<b>43</b>
<b>5.</b>	<b>Metode.....</b>	<b>44</b>
<b>5.1</b>	<b>Vitskapeleg forankring.....</b>	<b>44</b>
<b>5.2</b>	<b>Kvalitativ forsking .....</b>	<b>46</b>
5.2.1	Det kvalitative forskningsintervjuet .....	46
5.2.2	Situering.....	47
5.2.3	Mi plassering i feltet .....	47
5.2.4	Utval .....	49
<b>5.3</b>	<b>Førebuing og datainnsamling .....</b>	<b>50</b>
5.3.1	Teorien sin plass i oppgåva.....	50
5.3.2	Semistrukturert livsverdsintervju.....	50
5.3.3	Intervjuguide.....	51
5.3.4	Pilotintervju .....	51
5.3.5	Gjenomføring av intervju .....	52
<b>5.4</b>	<b>Analyse og databehandling .....</b>	<b>53</b>
5.4.1	Transkripsjon .....	53
5.4.2	Analyseprosessen.....	54
5.4.3	Dataanalyse.....	55
<b>5.5</b>	<b>Validitet, reliabilitet og overføringshevne.....</b>	<b>57</b>
5.5.1	Validitet .....	58
5.5.2	Reliabilitet .....	58
5.5.3	Overføringshevne .....	58
<b>5.6</b>	<b>Etiske refleksjonar .....</b>	<b>59</b>
5.6.1	Konfidensialitet .....	60
5.6.2	Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste.....	60
<b>6.</b>	<b>Resultat og diskusjon .....</b>	<b>61</b>
<b>6.1</b>	<b>Kven er desse kvinnene? .....</b>	<b>61</b>
<b>6.2</b>	<b>Det andre kjønn .....</b>	<b>66</b>
6.2.1	Vi må ta plassen vår.....	67
6.2.2	Menn sit på definisjonsmakta .....	69
6.2.3	Vi blir ikkje alltid lytta til .....	71
6.2.4	Ansvarsrolle.....	72
<b>6.3</b>	<b>«Kvinner blir vengeklipt, og så beklagar ein seg over å ikkje kunne flyge» .....</b>	<b>73</b>
<b>6.4</b>	<b>Fri som fuglen?.....</b>	<b>75</b>
<b>6.5</b>	<b>Eksistensiell fridom.....</b>	<b>75</b>
6.5.1	Fri som fuglen, i vertfall ei stund til... .....	75
<b>6.6</b>	<b>Konkret fridom .....</b>	<b>78</b>
<b>6.7</b>	<b>Moralsk fridom .....</b>	<b>79</b>

<b>7. Avsluttande refleksjon .....</b>	<b>82</b>
7.1    Å flyge frå normene i samfunnet .....	82
7.2    Avgrensingar for prosjektet.....	87
7.3    Vegen vidare.....	87
<b>8. Litteratur .....</b>	<b>89</b>
<b>9. Vedlegg .....</b>	<b>98</b>
9.1    Intervjuguide for masterprosjektet.....	98
9.2    Godkjent søknad frå NSD.....	102
9.3    Samtykkeskjema .....	104

# Forord

Masteroppgåva er skrive ved Norges Idrettshøgskule (NIH) i perioden 2020-2021 for Institutt for lærarutdanning og friluftslivsstudie. Etter å ha studert i fem år, avsluttar eg no mitt siste år som masterstudent. Å skrive den avsluttande masteroppgåva har vore ei lærerik, krevjande og nyttig oppleving. Avslutninga på studietida vart ikkje heilt slik eg hadde sett for meg. Utbrotet av Covid-19 har hatt konsekvensar på fleire måtar. Det å vere student i Oslo har vore spesielt, både med tanke på studiemiljø, mangel på faste rutinar, periodevis mangel på leselass og bibliotek. Det siste året som student skulle gjerne vore på lesesal med klassevennar og ein sosial lunsj i kantina. Dette har blitt erstatta med heimekontor og digitale rettleiingar. Samtidig som det har vore utfordrande, har det også gitt fordelar. Det å måtte utfordre seg sjølv på å disponere fritid og arbeid har vore utfordrande, men lærerikt. Dette er truleg lærdom ein kan nyte godt av når ein skal inn i læraryrket og arbeidslivet.

Det er fleire som fortunar merksemdu og stor takk for at denne masteroppgåva blir fullført. Tusen takk til kvinnene som stilte til intervju. Utan deira historier, deira openheit, ærlegdom og engasjement hadde ikkje denne masteroppgåva kunne vore gjennomført. Rettleiar Reidar Säfvenbom har også vore heilt vesentleg for at prosjektet kunne gjennomførast. Han har utfordra, stilt kritiske spørsmål, motivert og vore raskt tilgjengeleg digitalt.

Til slutt vil eg også takke kollegaer, medstudentar, vennar, familie og kjæraste. Eg har arbeida på ein vidaregåande skule som har lagt til rette for meg som masterstudent og eg har hatt kollegaer som har vore interesserte i arbeidsprosessen og vore støttande og motivert meg. Medstudentane på NIH har vore viktige støttespelarar og vi har hatt digital kontakt gjennom heile prosessen. Familie og venar har alltid vore tilgjengelege til alle døgnets tider, støtta og gitt meg viktige avbrekk. Og til slutt takk til min kjæraste, som har vore tolmodig, raus og støttande.

Guro Mattland Båtevik

Oslo, mai 2021

## **1. Innleiing**

Eg er truleg ikkje den einaste som drøymer om å kunne flyge. Etter lange og bratte fjellturar opp Sunnmørsalpane har eg ofte tenkt kor fantastisk det hadde vore å kunne flyge ned att. Denne draumen har dei åtte speedgliderkvinnene du skal møte på dei komande sidene valt å leve ut. Dei har lært seg å flyge, og alt dei treng for å gjere det er ein liten venge på under 2 kg, som dei pakkar ned i ryggsekken.

Denne masteroppgåva handlar altså om kvinner som er aktive i speedgliding, ein ny og risikofylt ekstremsport som er ein del av hang-, para- og speedgliderseksjonen i Noregs luftsportsforbund. Speedgliding er ein luftsport der ein flyg raskt og tett på terrenget (Røsvik, 2014). Idretten er truleg ukjent for mange, men har blitt ein viktig del av livsstilen og kvardagen for dei kvinnene som denne oppgåva handlar om. I 2020 var det 49 kvinner med aktiv flygarlisens i Noreg. Same året var det 423 aktive menn. Statistikken viser at Noregs luftsportsforbund er blant dei som har færrast kvinnelege medlemar i Noregs idrettsforbund (Svensson, 2019).

Målet for oppgåva er sjå korleis det er å vere kvinne i det som både er ein «livsstilsidrett», på engelsk kalla lifestyle sports (Gilchrist & Wheaton, 2017, s.1), og ein risikoidrett dominert av menn. Ynsket er å kunne bruke forteljingane og erfaringane til kvinnene til å vise korleis det er å vere i mindretal og korleis det er å vere ein del av eit miljø som tradisjonelt har vore, og framleis er, mannsdominert. Kjønn og frigjering vil vere det sentrale temaet for studien.

Først vil eg seie litt om bakgrunnen for prosjektet, kvifor oppgåva og studien er fagleg og samfunnsmessig interessant, og gi eit innblikk i problemstillinga og forskingsspørsmåla.

## **1.1 Kvifor studere kvinnelege speedglidere?**

På Sunnmøre ser ein stadig vekk speedgliderpilotar som flyg ned fjellsidene både sommar og vinter. Sett frå sidelinja opplevast dette som svært spektakulært og ekstremt, og på sosiale media kan ein sjå biletar og videoar av folk som flyg ned fjellsider i vakker natur i svært høg fart. Eg vart nysgjerrig på og ville finne ut meir om dei som er aktive i denne idretten. Spesielt vekka kvinnene i eit slikt miljø interessa mi. Eg søkte opp litteratur kring kvinner i ulike livsstilsidrettar, og korleis kvinner opplever å vere del av slike miljø.

Tidlegare har vi sett at kvinner har opna opp nye arenaer og miljø for andre kvinner i komande generasjonar. Det gjer at forsking på desse kvinnene og miljøa blir viktig. Forskinga eg har sett, tilet meg å tenkje at det kvinnene i speedglidermiljøet gjer kan vere banebrytande for komande generasjonar.

Samtidig er det også slik at idrett kan bli sett som ein symbolisk institusjon der tydinga av kjønn heile tida er i spel og verkar inn på rammene for deltaking. Tidlegare forsking identifiserer sport som ein praksis som vert skapt og legitimert av manneleg dominans. Samtidig er kjønn konstruert og fungerer ulikt innan ulike miljø og aktivitetar (Anderson, 1999, s. 55). Forsking på feltet er interessant av fleire grunnar. Det å få meir kunnskap om kvinner i mansdominerte livsstilsidrettar er interessant i seg sjølv. Temaet er aktuelt, og det er spennande å forske på endringar som skjer i samfunnet (Tjønndal & Hovden, 2016, s. 186). Mangelen på empiriske studiar av speedgliding gjer også studien relevant. I tillegg er idretten i seg sjølv relativt ny i Noreg. Speedgliding vart ein del av Norges Luftsportsforbund i 2010 (Svensson, 2019). Innsikt og forståing av nye idrettar og dei miljøa desse representerer, er ikkje minst viktig når ein utdannar seg til eit fag som handlar om ungdom og fysisk aktivitet.

Erfaringane til åtte kvinner dannar det empiriske grunnlaget for oppgåva. Konkret handlar det om deira oppleveling av eigen deltaking i speedgliding. Samtidig må denne idretten setjast inn i ein større kontekst. Det krev at ein gjer greie for kva livsstilsidrettar og speedgliding er, og kva plass dei har i idrettsuniverset. Det handlar såleis ikkje berre om kvinner og den plassen dei har i speedgliding, men kva plass dei har i idretten generelt og kan også seie noko om kor likestilt Noreg er på dette området. Den historiske konteksten blir såleis viktig. Kva er det historiske bakteppet for kvinner si

deltaking innan idretten, og kva stilling har kvinnene hatt i dei meir utradisjonelle idrettane? Dette blir eit tema seinare (jf. kap. 2).

## **1.2 *Kvifor studere ein livsstilsidrett?***

Tidlegare forsking på livsstilsidrettar viser korleis den har vore prega av maskulin dominans og maskuline verdiar (jf. Thorpe, 2009; Wheaton, 2017). I dette ligg det at idretten speglar det samfunnet den er ein del av, fordi ein ser likskapar til andre samfunnsarenaer. Difor vil det alltid vere av interesse å forske på endringar i idrett og samfunnet parallelt. Frå andre idrettar veit vi at kvinnene har måtte kjempe seg til plass i idrettar dominert av menn. Difor var eg ute etter å studere eit miljø der kvinner er i klart mindretal. Vidare er det gjort mange studiar av kvinner si deltaking i den organiserte idretten, men det er mindre forsking på kvinner i livsstilsidrettar. Andelen kvinner i dei ulike livsstilsidrettane varierer etter aktivitet, men generelt utgjer dei ein minoritet (Sisjord, 2014, s. 335).

Dei seinare åra har det vore ei oppblomstring av nye idrettar som skil seg frå dei tradisjonelle organiserte idrettane. Sisjord (2011, s. 87-102) peikar på korleis nye ungdomsidrettar bidreg til mangfold og endring av idrettsfeltet. Også i internasjonal forsking har det frå midten av 1990-talet vore større fokus på å forske på «action sportskulturar». Idrettar med høg grad av eigenorganisering er også i seg sjølv interessant som samfunnsfenomen. Ein ser at fleire konverterer til den eigenorganiserte aktiviteten framfor den organiserte idretten og her ser det ut til at naturen som arena blir meir populær. Ein kan difor argumentere for at det er viktig å undersøke slike typar aktivitetar, slik at ein lettare kan legge til rette for desse framover (Breivik, 2013, s. 3-33).

Forsking på kjønnsrelasjonar og kvinner sine opplevelingar og erfaringar i ein mannsdominert kultur vorte eit meir aktuelt tema (Thorpe & Olive, 2016, s.7). Stikkord for denne forskinga er vektlegging av det ungdommelege, sjølvrealisering og individualitet. Dette er stikkord som i høgste grad er aktuelle i speedgliding. I tillegg er maskulinitet eit stikkord i denne idretten. Vi veit at denne typen idrett er i rask og stadig utvikling. Slik sett vil oppdaterte studiar vere nødvendige for å fange opp endringar og nye utviklingstrekk (Sisjord, 2011, s. 95).

Uansett kva data som kjem fram i denne masteroppgåva, er fenomenet og utviklinga i denne typen idrett verdt å sjå nærare på. Problemstillinga og ideen til problemområdet har sprunge ut frå eiga interesse for både likestillingsproblematikk, livsstilsidrettar og ekstremsport, i kombinasjon med aktuell litteratur som allereie er publisert kring kvinner som er aktive i livsstilsidrettar.

### **1.3 Framgangsmåte og teoretisk bakteppe**

Oppgåva byggjer på åtte kvalitative intervju med kvinnelege speedglidere. Problemstillinga eg har valt krev eit kvalitativt forskingsdesign, og intervju er valt som metode. Ein studie av kvinner i eit såpass mannsdominert miljø gjer at kjønnsdimensjonen blir sentral. Som teoretisk utgangspunkt nyttar eg derfor forfattaren, filosofen, og feministen Simone de Beauvoir (1908-1986). Både den historiske utviklinga, tematikken og problemstillinga gjorde det interessant å nytte perspektiva til Beauvoir (2000) som analytisk rammeverk. Simone de Beauvoir, hennar fridomsomgrep og delar av hennar bok *Det annet kjønn* (2000) vil vere det sentrale teoretisk rammeverket.

Det er eit legitimt spørsmål om dei feministiske tankane frå ei bok som vart publisert første gang i midten av førre hundreår framleis er aktuelle i dag. Det er nemleg over 70 år sidan Simone de Beauvoir skreiv sitt feministiske hovudverk *Det annet kjønn* (1949). Eit av hovudpoenga til Beauvoir er nettopp at kvinner opp gjennom historia har vorte dominert av mannen og at kvenna blir «den andre». Det vil difor vere interessant å ta med dette perspektivet når ein skal vurdere ein relativt ny idrett og eit nytt miljø. Er det slik at dominansforholdet har blitt vidareført som normalt, legitimt og naturleg i eit miljø og i ein moderne kontekst? Er slik at det er menn som set standaren for denne idretten?

## **1.4 Problemstilling**

Eg har valt ei open problemstilling, som eg opplever både er samfunns- og idrettsvitenskapleg relevant. Temaet handlar om livssituasjonen til kvinner, også utover det miljøet som her blir studert. Prosjektet er forankra i teoretiske tradisjonar innanfor feltet, men målet er at det teoretisk tradisjonelle skal kunne føre til ny kunnskap om det moderne. For å ikkje vere for bunden til tankegangen om at det er eit problem som skal studerast, er det viktig å stå fritt (jf. kap, 5.2.3). Difor bør ein ha ei kritisk og reflektert haldning til kva spørsmål ein stiller (Thaagard, 2015, s. 52-54).

Problemstillinga for prosjekter er: *Korleis forstå vilkåra kvinner møter som deltagarar i speedgliding?*

Spørsmålet er såleis korleis det er å vere kvinne i ein livsstils- og risikoidrett dominert av menn. Kjønnsdimensjonen er sentral. Eg ønskjer å studere korleis vilkåra for deltaking er prega av den posisjonen kvinnene får eller tek i speedglidermiljøet. Slik sett tek studien mål av seg å studere ein livsstilsidrett i eit feministisk perspektiv. Er kvinnene frie som fuglen i dagens speedglidermiljø? Eller er ser vi også her eit miljø som er prega av maskulin dominans?

For å konkretisere problemstillinga har eg utforma tre forskingsspørsmål:

1. Kva bakgrunn har kvinnene som er aktive i livsstilsidretten speedgliding?
2. Kva erfaringar har kvinnene med å delta i eit mannsdominert livsstilsidrettsmiljø?
3. Korleis forstår kvinnene si deltaking i speedgliding med tanke på etablerte kjønnsroller ellers i samfunnet?

Med det første forskingsspørsmålet er eg ute etter å sjå korleis desse kvinnene har byrja med nett denne idretten. I lys av Beauvoir var eg spesielt interessert i om aktiviteten også handlar om ein form for frigjering: Kva var det som gjorde at dei byrja med den, var det til dømes ei frigjering frå den organiserte idretten, eller fitnessindustrien? Er dei aktive i organisert idrett, eller i kommersielle treningsstilbod no, eller har dei vore det? Er det eit frigjeringsprosjekt frå vener eller familie, eller er det noko dei har blitt forma inn i gjennom nettopp venar eller familie?

Med forskingsspørsmål nummer to er eg ute etter å sjå korleis kvinnene opplever ulike utfordringar og fordelar med å vere kvinne i ein mannsdominert idrett. Er dette noko dei tenkjer over, opplever dei at dei blir sett på som likeverdige, eller har dei ei heilt anna oppleving? Har dei gode eller dårlige erfaringar som dei ynskjer å dele? Kva strategiar vel dei eventuelt for å gjere det lettare å vere i mindretal i eit slikt miljø? Korleis oppfattar dei seg sjølv som kvinner i ein mannsdominert idrett?

Med det siste forskingsspørsmålet er eg ute etter å sjå om kvinnene opplever at andre har kjønnsrelaterte førestillingar om det dei driv med. Korleis opplever kvinnene at mennene tek dei i mot i miljøet? Kva haldningar blir dei møtt med frå vener, familie, sosiale media, og luftsportsmiljøet, og samfunnet elles? I kva grad ser dei på seg sjølve som nokon som opnar dører for andre?

## **2. Speedgliding i kontekst**

Dei erfaringane kvinnene i speedglidermiljøet har gjort seg, må sjåast i ein større kontekst. Dei er for eksempel ein del av eit bestemt idrettsmiljø, idretten er ein del av ei lang idrettshistorie og dei er del av eit samfunn prega av eit bestemt kvinnesyn.

Synet på kvinner i idretten har endra seg over tid. Difor er det interessant å sjå korleis kvinner gjennom historia har teke del i idrett, både i tradisjonell idrett og i dei alternative idrettane. Eg vil kort vise korleis kvinner har tatt meir og meir del i idretten og gi eit bilet av korleis situasjonen har utvikla seg fram til i dag. Aktuelle tema som dreiar seg om dagens likestillingspolitikk i idretten vil også bli løfta fram. Vidare vil eg naturleg nok seie litt om forhold som gjeld spesifikt speedgliding.

### **2.1 Kvinner tek sin plass i idretten**

Kvinner har heilt sidan antikken vore underrepresenterte i idretten, men har i dag ein langt større plass. Nasjonalt og internasjonalt har kvinner kjempa for å få dei same rettane som menn, og det har gitt resultat (Hanstad, 2011, s. 295). For å forstå kvinner sin posisjon er det nyttig å sjå tilbake på historia og vegen som er gått for at vi har koment dit vi er i dag.

Trass stor framgang er vi framleis ikkje heilt i mål med likestillinga. Diskriminering ved eksklusjon byggjer på tradisjonelle bilete av maskulinitet og femininitet, kva aktivitetar som blir sett på som passande for kvinner og menn og ikkje minst kven som sit på definisjonsmakta. Slike førestillingar er ikke statiske, noko idrettshistoria har gitt fleire dømer på. Kvinner er framleis underrepresenterte i idretten, og kan oppleve å bli nedprioritert (Hanstad, 2011, s. 295). Det å endre kvinner sin posisjon i idretten, men også på andre område kan vere utfordrande. Samtidig kan ein sjå at posisjonen til kvinner stadig har tatt nye steg. Det handlar om kulturelle forhold, økonomi og meir. Også det kvinnelege kroppsidealet er i stadig endring (Fasting, et al., 2004, s. 42-49).

Idretten var i utgangspunktet utvikla av og for menn. I 1861 blei Centralforeningen for utbredelse av legemsøvelser og vaabenbruk, Noregs første idrettsforeining, stifta. Med ei klar forsvarsinnretning skulle menn få betre fysisk styrke i tillegg til våpenbruk. Ski

og turn skulle ruste soldatane og styrke det norske forsvaret. Våpenbruken blei i 1893 tatt bort og idretten fekk meir tydning og eigenverdi. Dette resulterte i at ein såg tendensar til at moderne borgarlege kvinner fekk sans for sport og friluftsliv (Erichsen, 2017, s. 95-97).

Det var fleire årsaker til at mange kvinner vart sett på sidelinja i idretten på 1800-talet, og mange av desse var basert på feilaktig grunnlag. Prestar, legar eller idrettsmenn uttalte seg på vegner av kvinner si idrettsdeltaking. Eit døme var at kvinner ikkje kunne drive idrett på grunn av omsyn til reproduksjonsevna. Eit anna argument var at kvinnene måtte ta vare på den «lille energien» dei hadde, og ikkje sløse den bort på idrett, eller unngå skade på livmor, bryster eller egen helse (Erichsen, 2017, s .95-97).

Grunnen til at det tok lengre tid å bryte idrettsbarrieren enn yrkesbarrieren for kvinner, kan ifølgje Erichsen (2017, s. 97) vere at samfunnet ikkje kunne «nytte» seg av idrettskvinner. Kvinne kunne ikkje levnære seg av idretten, og dei kunne ikkje gjere seg uavhengige av familien gjennom idretten. Det må altså takast høgde for at dei generelle haldningane til at kvinner skulle drive med idrett stort sett var negative.

Trass slike haldningar var det dristige kvinner som kasta seg ut i idretten og i friluftslivet. Eva Nansen var ei av kvinnene som deltok i friluftslivet på slutten av 1800-tallet. Ho vart med mannen sin på tur og vakte oppsikt både for sine fysiske bragder, og ikkje minst påkledning, som var bukser med eit skjørt over. Gina Krog, også kalla «tindebæstigeren», var også ei kvinne som vart lagt merke til grunna interessa for å gå i fjellet. Ho var den første kvinnen som byrja å gå i Jotunheimen, og var også kjent for å kjempe for kvinner sine rettar, særleg kampen for at kvinner skulle få stemmerett. Ute på bygdene hadde kvinner allereie nytta ski som framkomstmiddel. I 1880-90 åra vart det ei drastisk auke i talet på skiklubbar og i 1889 var Asker skiklubb den første som slapp inn kvinner (Erichsen, 2017, s. 95-97).

Sakte, men sikkert, har kvinner tatt større del i idretten, men dette har ikkje skjedd av seg sjølv. Idrettshistoria viser korleis kvinner har kjempa for å få dei same rettane som menn både nasjonalt og internasjonalt (Augestad, 2003, s. 67; Hanstad, 2011, s. 295). Kvinnerørsla si oppblomstring i USA og Vest-Europa i slutten av 1960-åra inspirerte idrettskvinner i Noreg til å ta opp kampen for å få innpass i idretten. Den

kampen som truleg er mest kjend er då kvinnene tok del i den elles mannelege Holmenkollstafetten (Von der Lippe 1982, s. 18). Arrangørane frykta at om kvinner skulle delta i stafetten ville det øydelegge han og at det berre ville vere nokre få kvinner som ynskte å delta. Her tok dei feil. I alt 450 idrettsjenter deltok i 1975, og 2.040 i 1981 (Von der Lippe, 1982, s.18)

Goksøyr (2008, s. 159-162) skriv om då kvinnene for alvor tok meir plass i norsk idrett. Han peikar på at kvinnene sitt inntog i norsk idrett var ein av grunname til at dei tjue åra frå 1965 til 1985 blei kalla for ein idrettsrevolusjon. Goksøyr trekkjer fram fotballen som døme. «Manneidretten» fotball overtok midt på 1990-talet posisjonen som Noregs største kvinneidrett. Dette mykje fordi den ga eit tilbod til jenter som tidlegare ikkje var blitt fanga av dei meir tradisjonelle «kvinneidrettane». Samtidig ga fotballen eit tilbod som kunne organiserast i lokalmiljøa og nedover i dei ulike årsklassene. Ser ein på handballen, vart tyngdepunktet flytta enda lenger, ifølgje Goksøyr. Her gjekk det så langt at handballen vart ein «kvinne- og jenteidrett» i Noreg. Kvinneidretten blei ifølgje Goksøyr (2008) normalisert.

Ein kvinneleg idrettsutøvar vil i dag ikkje vekke noko særleg merksemd. På 1950- og 1960 talet var det heilt annleis. I dag er det meir normalt og akseptert at ei kvinne har synlege musklar, konkurranseinstinkt eller driv med styrketrening. Samtidig er det framleis lett å peike på område der likestillinga i idretten ikkje har kome langt nok (Goksøyr, 2008, s. 159-162). Hoppsporten er eit slikt område (Welhaven, 2019).

## **2.2 Tydinga av kjønn i idretten**

Fasting, Pfister, Scarton (2004, s. 42) viser til haldingar der «skikkeleg» idrett var for menn, det vil seie konkurranseidrett, medan gymnastikk eller andre aktivitetar var sett som feminine og var for kvinner. Kor store dei ulike kjønnsskilnadane er og korleis dei blir produsert er kulturspesifikt. Ulike diskursar om kva som er feminint og maskulint må forståast i eit historisk og kulturelt perspektiv. Når ein utøver idrett, utøver ein også sitt eige kjønn ifølgje Fasting (et al., 2004, s. 49). Ein presenterer seg sjølv anten som kvinne, eller mann. I rollene utviser ein i varierande grad av maskulinitet og femininitet. Bileta ein skaper av kjønn i dei ulike kulturane er med på å gi ei bestemt oppfatning av korleis kjønn skal tre fram eller vere. Desse syna blir stadig reprodukserte og

normaliserte (Fasting, et al., 2004, s. 42-49). Dei tradisjonelle idrettane er også i nokre tilfelle framleis prega av menn. Vi veit at sporten heilt frå sitt militære opphav har hatt maskuline verdiar. Dette viser gjerne att i dagens idrett. Ein kan framleis sjå at kvinner blir utsett for diskriminering på grunn av fysisk styrke, kroppsform eller tradisjonar i idretten (Bäckström & Nairn, 2018, s. 427).

Likestillings- og diskrimineringsombudet publiserte i samarbeid med Norges idrettshøgskole i 2008 ein rapport om likestilling og mangfold i norsk idrett. Rapporten viser at kvinner generelt er underrepresenterte og at dette gjeld både som dommarar, trenrarar, leiarar og utøvarar. Rapporten syner også at i den andre enden av skalaen er det idrettar der menn er sterkt underrepresenterte. Ein ser vidare at personar med ikkje-vesteleg bakgrunn, særleg jenter og kvinner, og personar med nedsett funksjonsevne også er underrepresenterte i idrett. I 2008 hadde Norsk idrett eit klart forbetringspotensiale når det gjaldt likestilling. I rapporten kjem det fram at det er sett i gang fleire ulike tiltak for å auke likestillinga og mangfaldet. Konkrete forslag blir gitt for korleis ein kan arbeide for dette. Dei nemner omgrep som integrering, rekruttering, tilrettelegging, førebygging og handtering av hets og trakkassering, og til slutt opplæring og det å gjere befolkninga merksame på desse utfordringane (Sand, et al., 2008, s. 9-12).

Vi har sett at idretten er ein institusjon der kjønn spelar ei viktig rolle. Det har gjerne samanheng med korleis medlemsmassen er sett saman. Er kvinner nykommarar eller i klart mindretal, vil dette ha tydning (Tjønndal & Hovden, 2016, s. 186-187) *Like muligheter* er eit verdiprosjekt som blei starta opp i 2021 der utøvarar, særforbund og samarbeidspartar går saman for å gi både jenter og gutter dei same moglegheitene i idretten. Det handlar om å gi jenter og kvinner i topp- og breiddeidretten betre vilkår gjennom deltaking på grasrotaktivitetar, klubbesøk, og gjennom ulike seminar. Å bruke sosiale media for å fremje kampanjen vil også vere viktig. Ein viktig del av kampanjen er å få sponsorar til å satse på kvinneidrett (Skiforbundet, 2021). I den organiserte idretten ser ein altså at kvinnekampen held fram.

Dei siste åra har kampen for at kvinnelege skihopparar skal få den anerkjenninga dei fortunar vore viktig. Ein skal ikkje lenger tilbake enn til OL i Vancouver i 2010 for at

kvinnelege skihopparar fekk nei av IOC til å arrangere hoppkonkurranse for kvinner. Det som skulle til for at IOC godtok kvinneleg hopprenn, var at kvinner i 2011 viste at dei var kapable skihopparar med høgt nivå i VM i Oslo. Kvinner fekk då seinare delta i OL i Sotsji. Dette er eitt av mange døme på veldig mange kampar kvinner har kjempa for å ta del i idretten. Framleis er vi ikkje i mål, heller ikkje i hoppsporten.

Welhaven (2019) skriv i ein VG-artikkel at det framleis er langt fram til likestilling i hoppsporten. Trass at hopp er ei idrettsgrein der dei fysiske føresetnadane ligg godt til rette for at kvinner kan bli gode, må kvinnene kjempe for å bryte nye barrierar. Systematisk satsing i hoppidretten har gitt innsats, seier Welhaven (2019). No er til dømes ein av dei fremste kvinnelege hopparane ikkje lenger eit økonomisk tapsprosjekt. I sesongen 2020/21 vart likevel nesten alle konkurransane for dei kvinnelege hopparane avlyst grunna koronapandemien, medan mannlege skihopparar ikkje har mista noko renn (Skeie, 2021). Kvinnene blir også same våren nekta å delta i skiflygingsbakken den komande sesongen (Asbjørnsen, 2021).

### **2.3 *Kva kjenneteiknar ein livsstilsidrett?***

Wheaton (2004, s. 11) introduserte omgrepet livsstilsidrett (lifestyle sport). Omgrepet kjem av at utøvarane som er aktive i sporten omtaler sporten som ein livsstil, meir enn berre ein idrett. Det finst fleire ulike livsstilsidrettar, og med ulike kjenneteikn. Nokre er risikofylte aktivitetar, der det å beherske naturen ofte er eit sentralt element. Måten dei ikkje-tradisjonelle idrettsaktivitetane blir omtala på varierer alt etter kven som omtalar desse, anten det er forskrarar eller andre (Wheaton, 2013, 28-30). Ulike nemningar kan til dømes vere eigenorganiserte aktivitetar, livsstilssport, alternative aktivitetar, ekstremsport, risikosport, eller aktivitetar frå subkulturar (Sisjord, 2015, s. 597). Innan forsking har til dømes omgrepet «action sports» også blitt nytta til å referere til eit bredd spekter av hovudsakleg individuelle aktivitetar som til dømes surfing, snowboard, BMX, og skateboarding (Thorpe & Wheaton, 2013, s. 341).

Den akademisk interessa for å studere aktivitetar som blir skildra som «extreme,- action,- lifestyle, eller alternativ sports har auka dei siste åra (Thorpe, Olive, 2016, s. 2-3). I denne masteroppgåva vil omgrepet livsstilsidrett bli nytta for å seie noko om kva

type idrett speedgliding er ein del av. Fleire av dei aktivitetane som er nemnde over har i dag vorte integrerte som vanlege aktivitetar og vorte inkludert i sportskulturen, også i Noreg (Gilchrist, Wheaton, 2016, s. 3-4). Det gjeld til dømes skateboard og snowboard. Felles for desse sportane er at dei byrja som alternative aktivitetar, som skilte seg ut frå dei tradisjonelle regelbunde sportane eller aktivitetane vi var vande med i den organiserte idretten. Seinare har dei vorte tatt inn i som ein del av idretten og kome inn under meir organiserte forhold (Sisjord, 2005, s. 67-69).

Wheaton (2004, s. 3-4) hevdar at livsstilsidrettar innehar ein felles etos, som i livsstilsidrettane handlar om fokus på deltaking og amatørisme, og ikkje på tilskodarar og profesjonelle opplegg rundt aktiviteten. Wheaton (2004) dreg også fram at det er typisk at utøvarane brukar mykje tid på aktiviteten, har eit felles utrykk og felles haldningar. I livsstilsidrettane er ein vanlegvis ikkje opptekne av å ha organiserte rammer for aktiviteten. Dei ulike aktivitetane er også stort sett individuelle. Trass i at dei er individuelle, samlast ein likevel rundt aktiviteten i eit fellesskap.

Dei fleste deltakarar er kvite, vestlege og tilhører middelklassen. Livsstilssportane er også ofte prega av ein ideologi som fremjar hedonisme, fornøyelse og sjølvrealisering (Sisjord, 2011, 2015; Wheaton, 2015). Atencio, Beal og Wilson (2009, s. 3-20) trekkjer fram at verdiar som blir sett på som ”naturleg maskuline”, gir verdsetjing og status i livsstilsidrettane. Dei dreg fram styrke, aggressjon, tøffheit og mot. Spesielt mot blir trekt fram som ein viktig verdi, der det blir lagt vekt på at ein til dømes tør å utføre risikable handlingar.

Det som skil livsstilsidrettane frå dei meir tradisjonelle idrettane er blant anna at dei ofte foregår utanfor standardiserte anlegg, og utan ein trenar. Organisert idrett, på den andre sida, byr på standardiserte konkurranseformer. Her har ein ofte har standardiserte reglar og anlegg, ein er delt inn etter kjønn og alder og konkurrerer ofte om å bli best (Gilchrist & Wheaton, 2016, 3-4). Aktiviteten speedgliding skil seg frå dei organiserte og tradisjonelle idrettane. Den har til dømes ikkje stort fokus på konkurranse, måling av prestasjonar, standardiserte anlegg eller liknande. Det å beherske naturen er eit sentralt elementet i speedgliding. Det er høg risiko knytt til aktiviteten og slik fell den naturleg under kategorien ekstremsport eller risikosport. Den kan på mange måtar også omtalaast som ein livsstil, heller enn berre ein idrett i streng forstand (Wheaton, 2004, s. 3-11).

Alle livsstilsidrettar har si eiga unike historie og sin eigen identitet. Det er interessant at mange av dei aktivitetane som i dag blir kategoriserte som livsstilsidrettar eller «action sports» var nye, eller fekk eit oppsving på 1960- og 1970-talet. På denne tida byrja kvinner å trå inn i og ta opp kampen for å delta på like vilkår som menn i arbeidslivet og på ulike idrettsarenaer. Dei nye livsstilsidrettane hadde slik sett ikkje med seg ei historie der kvinner var utestengde. Fleire kvinner deltok aktivt i til dømes klatring, snowboarding, skateboarding og surfing då desse idrettane byrja å ta form, i motsetning til kva som hadde vore tilfelle for dei meir tradisjonelle idrettane. Med bakgrunn i dette har det vore argumentert for at desse aktivitetane la til rette for eit alternativt kjønnsperspektiv der kjønna normer og reglar var meir frigjorte. Til trass for at livsstilsidrettane hadde potensiale til å utvikle eit meir kjønnsnøytralt deltagarkrav og vere open for alle, utvikla det seg til å bli dominert av kvite menn (Thorpe & Olive, 2016, s. 3-4).

## **2.4 Kva er speedgliding**

Speedgliding er ein relativt ny idrett i Noreg, og vert nytta som eit samleomgrep for speedriding og speedflying, der vengen utøvarane flyg med vert kalla ein speedglider. Forskjellen mellom speedriding og speedflying er at speedriding blir gjennomført med ski på beina, medan speedflying blir gjennomført til fots. I oppgåva blir samlenemninga speedgliding brukt.

I 2010 vart det sett opp godkjente nybyrjarkurs i speedgliding av Hang- og paraglidingseksjonen i Noregs luftsportsforbund. Om ein ynskjer å ta speedgliderkurset er det visse kriterium som må vere på plass. Ein må ha gode skiferdigheiter både i preparerte og ikkje-preparerte løyper. Ein må også vere i god fysisk form og vere fylt 18 år. Hanggliding, paragliding og speedgliding er samla under ein eigen seksjon i luftsportsforbundet. Sidan midten på 1970-talet har Noregs Luftsportsforbund (NLF) drive kursing i hanggliding. I 1986 vart og paragliding ein del av seksjonen, og no har speedgliding kome til som ein idrett som skil seg ein del frå hanggliding og paragliding. Felles for idrettane er at dei har ”take-off” frå bakken og ikkje frå eit fly, slik som fallskjirmsporten har. Ein hangglider og ein paraglider nyttar seg av stigande varmluft (termikk) slik at piloten kan flyge høgt og langt med vengen. Ein speedglidervenge er derimot designa for å flyge lågt langs terrenget, utan at ein skal stige noko særleg frå opp frå bakken. Vanlegvis går ein på toppen av eit fjell, eller til dømes ein skibakke og flyg langs fjellsida med svært høg fart (Hansen, 2017).

Ein speedglidervenge har ein mjuk duk som ikkje er meir enn 8-16 m<sup>2</sup>. Det at duken er så liten gjer at farten blir høg og vengen får relativt kort rekkevidde. Duken kan pakkast i ein liten tursekk. På tur har ein gjerne med seg speedglidervengen og ein hjelm. På vintersesongen nyttast ofte randonee-ski og i sommarsesongen går ein ofte på beina. Med ski kan utøvaren nytte vengen nedover fjellsida der terrenget er for krevjande for skikøyring. Då lettar ein ofte i enkelte parti, og køyrer ski resten. Slik sett krev det å gjennomføre speedgliderkurset at ein er god på ski. Ofte kombinerer utøvarane både speedriding og speedgliding. Speedgliding kan gjennomførast når det ikkje er snø i fjellet og utøvaren spring frå take-off. Utøvaren spring då til vengen ”tek tak” og utøvarane er ikkje i kontakt med bakken igjen før landing. Her er det ofte snakk om få minutt før ein utøvar har floge ned fleire hundre høgdemeter (Hansen 2017). Ein kan gjennomføre aktiviteten heilt aleine, og er ikkje avhengig av at nokon andre er til stades.

I slike situasjonar er det viktig å ha kunnskap om naturkreftene, og kunne avgjere om forholda er gode nok for å flyge.

Speedgliding er ikkje primært ein konkurranseidrett. X2-festivalen, ein ekstrem sportsfestival i Sunnmørsalpane, har likevel dei siste åra arrangert ein konkurranse som er open for alle speedglidere. Her konkurrerer ein på tvers av kjønn og dei einaste deltagarkrava er at ein har hjelm, lisens og forsikring igjennom Luftsportsforbundet. Her konkurrerer ein om å lande mest mogleg presist innanfor eit område. Det blir også kåra ein vinnar for «Jerry of the day»; der ein vurderer beste kostyme, utradisjonelle landing og «tryning». Er resultatet likt i finalen eller finalen ikkje let seg gjennomføre, blir konkurransen avgjort med stein-saks-papir (X2-festivalen).

## 2.5 Tal på medlemmar og kjønnsfordeling

Som tabellen under viser, er medlemmane fordelt på ulike nivå: SPG2, SPG3, SPG4 og SPG5. forbundet har lagt opp til naturleg progresjon etter vanskegrad. Utøvarane vil få elevbevis eller flygebevis som viser trinn og status. SPG2 er det lågaste trinnet. Her er målet å gi eleven vidare erfaring i speedgliding, slik at utøvaren kan trenere vidare på dette trinnet utan instruktør til stades, samstundes som tryggleiken er godt ivaretatt. Det høyeste nivået er SPG5, der ein har flygebevis for speedglider med alle rettar. Her vil flygaren vere i stand til å ta vare på tryggleiken for seg sjølv og andre under avansert flyging (Norges luftsportsforbund).

**Tabell 1:** Tala viser gyldige lisensar i 2020. Mine tal på kvinnelege og mannlige utøvarar er baserte på e-post utveksling med Trond Nilsen som er fagsjefen for "HPS" i Noregs luftsportsforbund.

Nivå		SPG2	SPG3	SPG4	SPG5
Alle utøvarar	Totalt utdelt sidan 2016	247	362	122	60
	Nye i 2020	24	21	22	1
	Aktive i 2020	101	227	92	52
Kvinner	Totalt utdelt sidan 2016	49	38	7	4
	Nye i 2020	4	1	2	1
	Aktive i 2020	16	25	6	2
Menn	Totalt utdelt sidan 2016	198	324	115	56
	Nye i 2020	20	20	20	0
	Aktive i 2020	85	202	86	50

## **2.6 Speedgliding – ein ekstrem og maskulin idrett?**

Ifølgje Gilchrist og Wheaton (2016, s. 7) viser forsking at inngangen til fleire livsstilsidrettar er meir open og inkluderande no enn tidlegare. Livsstilsidrettar gir ein kroppsleg identitet som skil seg frå dei tradisjonelle sportane, der ein kan utfordre dei tradisjonelle rammene. I nokre livsstilsidrettar er grensene for kjønna identitet utvida. På den andre sida ser ein at hovuddelen som deltek i dei ulike miljøa, spesielt urbane aktivitetar som stil dømes skateboarding, er kvite tenåringer og unge menn (Gilchrist & Wheaton, 2016, s. 7). Kvinner sine erfaringar frå dei meir tradisjonelle idrettane har blitt forska på og studert. Det er såleis interessant å studere dei alternative aktivitetane i eit kjønnsperspektiv. Dei siste åra har det blitt retta meir merksemd mot å studere kjønn også i dei alternative idrettane (Atencio, Beal, Wilson, 2009; Bäckström, 2013; Ford & Brown, 2006; Sisjord, 2011; Langseth, 2012; Lemon & Russel, 2012).

Det at kvinner har utfordingar med å skape rom i dei alternative idrettane kan ha ulike grunnar. Det er likevel underleg at dei idrettane, som på fleire måtar har utfordra dei tradisjonelle og organiserte idrettane, også rekrutterer deltakarar frå ei nokså homogen gruppe (Sisjord, 2011, 2015; Wheaton, 2015). Wheaton (2004, s. 11) peikar på at den typiske livsstilsportsutøvaren er ein ung, kvit, velutdanna og heteroseksuell mann. Sjølv sagt finns det unntak. Det gjeld blant anna kvinnene som dannar grunnlaget for empirien i denne masteroppgåva.

Tidlegare har ein sett at status og verdsetting i livsstilsidrettar er knytt til verdiar som det å vere tøff, vise mot, styrke og aggressjon. Thorpe (2010, s. 177-181) viser at kvinner som ynskjer innpass i ein maskulin livsstilsidrett ofte må imitere menn. På denne måten blir kvinner i større eller mindre grad ekskluderte frå fleire livsstilsidrettar. Dei maskuline verdiane gir status i slike miljø. Sjølv om det er kvinner i miljøet, utgjer mennene fleirtalet og sit på definisjonsmakta (Thorpe 2010, s. 177-181). Det er derimot ikkje sjølv sagt at dei maskuline verdiane er rådande i alle livsstilsidrettar. Ein grunn til dette kan vere at nokre av desse idrettane i utgangspunktet oppstod som idrettar der det ikkje var fokus på konkurranse (anti-konkurranse), og heller fokus på ekspressivitet (Sisjord, 2005, s. 68, basert på Messner 2002). Dette er trekk som ofte har blitt assosiert med feminine verdiar.

### **3. Tidlegare forsking**

Denne delen tek føre seg noko av kunnskapsgrunnlaget om kvinner som er aktive i ulike livsstilsidrettar. Litteratursøket gav ikkje treff på kvinner i speedgliding. Det gav derimot treff på forsking om kjønn, kvinner i idrett og kvinner i ulike livsstilsidrettar. Målet er å få meir kunnskap om nasjonal og internasjonal forsking om korleis kvinner har opplevd å vere ein del av dei ulike miljøa innan livsstilsidrettar. Eg avgrensar meg primært til å sjå på forsking som omhandlar tydinga av kjønn i livsstilsidrettar. Artiklane tek for seg idrettar der kvinner er i mindretal, og kvinner i ulike livsstilsidrettar. Speedgliding er ein idrett der mennene er i stort fleirtal. Forskinga eg ser på her hentar erfaringar frå andre miljø, men som har klare felles trekk med speedgliding.

#### **3.1 *Litteratursøk***

Litteratursøket er primært gjort i perioden frå våren 2020 og ut same år. Søka vart gjennomført på ulike databasar som SPORTDiscus, Oria, Web of Science, PubMed og Google Scholar. Litteraturlister i allereie publiserte artiklar, bøker og avhandlingar vart også gått igjennom for å få finne fram til litteratur som ikkje vart fanga opp igjennom databasesøka. Empiriske studiar som dukka opp med søkeord som til dømes «gender» «woman», i kombinasjon med «life-style sport» vart gått gjennom. Søket måtte avgrensast då det gav mange treff. Det vart difor redusert ved at eg kryssa av for berre norske og engelske artiklar, nytta apostrofar rundt søkeorda og kryssa av for at treffet skulle vise til dømes fagfellevurderte artiklar. Eg prøvde også å luke ut tekstar med lågt publikasjonsnivå. I tillegg til fagfellevurderte artiklar, har eg også sett etter forskingsrapportar og andre relevante kjelder som tek opp dagsaktuelle spørsmål med relevans for problemstillinga mi. Desse funna blir presentert i andre delar av oppgåva (jf. kontekst-kapittelet).

### **3.2 Menn set standarden i livsstilsidrettane**

Dei nordiske landa scorar generelt høgt på likestilling i verdssamanheng. Feministiske verdiar står sterkt. Trass dette har vi utfordringar med å skape rom for kvinneleg deltaking i mannsdominerte miljø (Bäckström, 2013, s. 29). Forskinga om kjønn og livsstilsidrett viser dette.

Lemon og Russel publiserte i 2012 ein studie som tok føre seg kvinnelege «jibbarar» frå eit lite snowboardmiljø. «Jibbing» er ei form for snowboarding der utøvarane hoppar og triksar på rails, boksar og andre hinder. Studien viser at dei mannlege deltararane ofte utgjer eit miljø som kvinnene opplever som paternalistisk. Kvinnene gir uttrykk for at dei opplever at dei er aksepterte i miljøet, at dei trivast og at dei liker miljøet slik det er. På den andre sida fortel jentene i desse studiane korleis dei nokre gongar opplevde at mennene følte seg truga om jentene presterte bra. Gjorde jentene eit godt hopp, kunne dei oppleve at mennene kommenterte at no måtte dei «legge lista høgare» for å ikkje vere därlegare enn jentene. Alternativt kunne dei poengtere at det kvinnene gjorde var berre «nesten like bra». Lemon og Russel (2012, s. 243-245) tolkar dette som uttrykk for at mennene gjer mykje for å oppretthalde eigen maskulinitet i sporten. Dei meiner også at mennene legg press på seg sjølv for å prestere betre enn kvinnene. Samtidig opplevde ikkje kvinnene sjølve at dei utfordra mennene. Dei opplevde tvert imot at mennene uansett presterte betre, utfordra meir og var meir kreative i si utøving av sporten.

Det kjem også fram at kvinnene opplever forholdet til mennene som eit lærar-elevforhold, der mennene set standaren og viser kvinnene korleis dei kan gjennomføre aktiviteten. Dei gir menn definisjonsmakta og let dei avgjere kva som er gode eller därlege kvalitetar i aktiviteten. Kvinnene bidreg til å gi mennene autoritet, ved at dei blir sett på som dei kunnskapsrike, dei som er flinke og dei som set standarden (Lemon & Russel, 2012, s. 239-245).

I artikkelen kjem det fram at kvinnene ofte fekk kallenamn. Mennene i jibbarmiljøet omtalte gjerne kvinnene som «chicks». Lemon og Russel peikar på dette som eit interessant trekk og særleg ettersom kvinnene sjølve nytta dei same kallenamna seg i mellom. Forfattarane hevda at namna vart nytta som nedlatande «slang». Dei hevda også at det skapte diskursar om kvinner som seksuelle objekt, og som mindre viktige

enn menn (Lemon & Russel, 2012, s. 248). Oppsummert viser studien frå det australske jibbarmiljøet at menn sette standarden for korleis jibbarmiljøet skulle vere. Mennene tok på seg leiarrolla og kvinnene støtta opp om dette.

Ein studie frå surfemiljøet viser fleire fellestrekk med studien frå jibbarmiljøet. Ford og Brown (2006, s. 83-109) har skrive artikkelen «Gendering the waves». Dei ser på korleis den hegemoniske maskuliniteten har vorte endra ved kvinnene si deltaking i surfesporten. Omgrepet hegemonisk maskulinitet viser til korleis menn sit på den høgaste kapitalen i surfefeltet, og slik sett har definisjonsmakta i surfemiljøet. Surfarane gir ikkje uttrykk for at dei opplever noko kjønnsproblematikk i dette, men forfattarane peiker derimot på at kjønn spelar ei større rolle enn surfarane gir uttrykk for. Ford og Brown peikar på at mange av dei kvinnelege surfarane er idrettsleg og teknisk på nivå med dei mannelege surfarane. Ifølgje Ford og Brown ser det ut til at kvinnene kopierer mennene sine prestasjoner, teknikkar, stilar og haldningars. Dette resulterer i at mennene oppfattar at kvinnene utfordrar maskuliniteten i sporten, noko som igjen fører til at mennene må utøve sporten endå meir ekstremt for å ivareta sin eigen maskulinitet. Dei mannelege surfarane kan då ty til «Big Wave surfing». Dette er ein arena som er dominert av menn, der det er tøffe mannelege surfarar som surfar på bølgjer opp mot 30 meter. Ford og Brown (2006, s. 108) peikar på at dei biologiske skilnadane mellom kvinner og menn alltid vil skape ulikskap i sporten, og at menn alltid vil ha ein fordel fordi dei er fysisk sterkare. Dei hevdar også at kvinner vil fortsette å vere underlegne i surfing grunna dei biologiske skilnadane. Ford og Brown hevdar såleis at kvinnene må gå sine eigne vegar, om dei ikkje ynskjer å få ei underordna rolle.

Kjønnsforskjellane i surfemiljøet er også tema for norske studiar og her kan ein sjå fleire fellestrekk med studien til Ford og Brown. Langseth (2012) tek for seg surfekulturen på Jæren. Her kjem det fram at surfing heilt frå byrjinga har vore ein idrett dominert av menn. Langseth (2012, s. 3-20) viser korleis kvinnenes inntog i idretten påverkar miljøet. Langseth skriv at kvinnene i det norske miljøet ikkje blir sett på som nokon trussel. Mennene opplever ikkje kvinnene som konkurrentar. Kvinnene blir ikkje oppfatta som nokon som «stel dei gode bølgjene i lineupen» frå dei eller som utfordrar dei teknisk. Dei blir difor lettare akseptert og menn ser ikkje problem knytt til å invitere dei med. Vidare viser studien at menn ikkje har dei same forventingane til det kvinner skal prestere.

Langseth viser at kvinner ofte blir kategorisert som utøvarar det er greitt å stele bølgjer frå, fordi det ikkje er forventa at dei skal ha dei same ferdigheitene som menn, og kanskje også fordi det å stele ei bølgje frå ei jente ikkje nødvendigvis treng medføre risiko for fysisk vald. Mennene uttrykker også at dei ikkje vil at ei god bølge skal vere ”vekk-kasta” (Langseth, 2012, s.18). Ein konsekvens av dette er at fleire kvinner opplever misnøye. Dei set pris på å få vere med, men likar ikkje at menn ”droppar inn” eller ”stel” deira bølgje. Oppsummert kan ein sjå at også på Jæren er det menn som sett standaren for surfemiljøet.

Atencio, Beal og Wilson (2009, s. 3-29) publiserte ein forskingsartikkel som tek for seg kjønna relasjonar i eit skateboardmiljø i to regionar i California. Dei ynskja å studere dette miljøet fordi dei såg at fleire kvinner blei meir involverte i skateboardmiljøet enn tidlegare. Artikkelen viser korleis menn, også i dette miljøet, er dei som set standarden for idretten. Dei hevdar at det er fleire årsaker til dette, men at det først og fremst handlar om at menn tek større risiko, er teknisk meir dyktige og utfordrar meir i sporten. Kvinnene blir derimot vurderte som nokon som har dårlegare ferdigheiter, tek mindre risiko og har ei mykje meir forsiktig tilnærming til å utfordre enn mennene. Atencio, Beal og Wilson (2009, s. 15) peikar på at det at menn sit på definisjonsmakta i ein idrett som skateboarding ikkje er noko nytt. Dei trur dette kjem av at ein ofte ser på menn som dei som opphaveleg høyrer heime i sporten. Dei hevdar at menn har ein dominant status, som gjer at dei kan definere kva som er «ekte» i skating.

Artikkelen til Atencio, Beal og Wilson (2009) omtalar også at kvinner som opptrer på ein måte som blir sett som klassisk feminint (hetero feminine) har lettare for å status i miljøet. Dei viser også til eit skilje mellom det å skate på ramper og det å skate på gata (street skating). Jenter kan lettare bli verdsett og få kapital på rampeskating, eller i situasjonar der skatinga er meir organisert, samanlikna med på gateplan. Atencio, Beal og Wilson (2009, s. 17) hevdar at makt som er linka til den maskuline habitusen berre kan endrast når eksisterande praksisar og oppfatningar blir fjerna. Dei hevdar at kvinner ikkje kan ta kampen aleine for å få kapital i skatemiljøet.

Sisjord (2005, s. 65-82) har skrive fleire artiklar om at enkelte utviklingstrekk i snowboardmiljøet har kjønna konsekvensar. I artikkelen «Snowboard – en kjønnet

ungdomskultur» viser ho til ulike faktorar som sett preg på eit snowboardmiljø ho har studert. Først og fremst stiller ho spørsmål til kva som skjer når kvinner ynskjer å ta del i eit miljø som er dominert av menn. Artikkelen viser at jentene i snowboardmiljøet tek meir og meir del, men at dei stadig blir minna på at dei er deltakarar på ein mannsdominert arena. Den maskuline dominansen utpeikar seg også i dette miljøet, på den måten at gutar i større grad kan påverke kva normer og standardar som gjeld i idretten. «Gutar er standarden». (Sisjord 2005, s. 65) og kvinnene sin underordna posisjon i snowboardmiljøet må sjåast i samanheng med eksisterande kjønnsorden, men også den lause organiseringsform som pregar aktiviteten. Artikkelen legg vekt på at jentene dannar noko som ho omtaler som eit ”insider-outsider”-forhold. Dette handlar om at gutane også her sit på definisjonsmakta over korleis idretten skal bli utført og framstilt. Gutane tek sin posisjon i det offentlege rom, det er då snakk om i kjønnsblanda samanhengar der menn meir sjølvsagt tek sin posisjon. Dette meiner Sisjord har ein samanheng med at miljøet er lite organisert, men også på grunn av kjønnsstrukturen i snowboardmiljøet. Sisjord viser til at dette blir tydeleg i ulike situasjonar. Det handlar om ferdigheter, men også om at subkulturell kapital er med på å gi status (Sisjord, 2005, s. 79). Eit eksempel er korleis gutane sin sjølvsagte posisjon kjem til utrykk også utanom konkurranse, i situasjonar der ein betraktar kvarandre i aksjon. Det kjem fram at jenter vert influert av begge kjønn, medan gutane ikkje ser på jentene når det kjem til å kopiere ferdigheter eller køyrestil (Sisjord, 2005, s. 76).

### **3.3 Når jentene blir «den andre»**

Sisjord (2005, s. 72) hevdar at jentene ho studerte får (eller tek) ein posisjon som «den andre» i snowboardmiljøet. Dette kjem fram i ulike situasjonar, og kan til dømes handle om korleis konkurransar blir gjennomført, eller korleis jentene blir omtalt i media eller i sporten. Ser ein på Lemon og Russel (2012, s. 243-245) sin studie, vert kvinnene omtalt som «chicks». I studien til Sisjord (2005, s. 72) ser ein at jentene blir omtala som «babes», eller «dra-på-jenter». Sisjord viser også at når mennene blir omtalt som «snowboardarar», blir kvinnene omtalt som «kvinnelege snowboardarar». Kvinner blir også ofte framstilt på ein måte der kropp er i fokus. Dette er noko ein også har sett i surfemiljøet som Langseth (2012) og Ford og Brown (2006) omtaler. Eksempel på dette er at kvinnene ofte poserer i bikini når dei er avbilda i reklamer, eller magasin, medan menn blir fotografert i meir sportslege samanhengar.

Sisjord (2005, s. 75) viser til fleire eksempel på at jentene blir oppfatta som «den andre». Det viser seg i korleis konkurransar blir arrangert, eller at anlegga er meir tilpassa menn enn kvinner. Konkurransane har premiar tilpassa menn, og kommentatorane snakkar om korleis buksa sit, framfor å kommentere hoppet til kvinnene. Eit eksempel Sisjord viser til er at premien i konkurransar kan være snowboardsko i størrelse 43 eller T-skjorter i størrelse XL. Slik var situasjonen sjølv på eit tidspunkt då snowboardindustrien for lengst hadde byrja å produsere klede og utstyr for begge kjønn. Samtidig peikar Sisjord (2015, s. 599) i eit seinare arbeid på at livsstilsidrettar i stor grad er i endring og framgang. Til tross for dette, meiner ho at det framleis er utfordringar knytt til mannleg dominans i desse idrettane. Langseth (2012) forklarar også korleis kvinnene blir gjort til «dei andre» i surfemiljøet på Jæren. Når kvinnene ikkje blir sett som ein trussel, som ikkje ”stel” bølgjer frå dei osb., blir kvinnene nettopp «dei andre» også i dette miljøet.

### **3.4 Jenter sterke saman**

Samtidig som det er viktig med fridom til å kunne styre sin eigen aktivitet i dei ulike livsstilsidrettane, viser studiane at kvinner blir trekte mot kvarandre. Einkjønna grupper er kanskje særleg viktig for jenter i livsstilsidrettane. Tjønndal (2018, s. 76-106) sin artikkel om skating blant jenter viser nettopp dette. Ho har studert eit aktivitetstilbodet «Jenteskate», eit tiltak for å få fleire jenter inn i skateklubben. Utgangspunktet var at det var få jenter i klubben. For at fleire jenter skulle ta del i miljøet, laga dei eigne skatekveldar berre for jenter. Gutar hadde ikkje tilgang og jentene fekk moglegheit til å lære av andre eldre jenter i klubben.

Eit viktig funn i Tjønndal (2018) sitt arbeid, er at jentene opplevde «Jenteskate» som ei motsetning til og eit alternativ til den organiserte ungdomsidretten. Jentene opplevde skateklubben som lausare organisert og med større fridom enn anna aktivitet. Dei kunne ta individuelle val med tanke på eiga involvering. Dei peika også på at skatemiljøet gav rom til at dei kunne bestemme sjølve. Fråværet av ein autoritær voksenperson/trenar var også eit viktig poeng for desse jentene. Jentene verdsette den lause organisering i idretten og den høge grada av individuell fridom. Tjønndal peikar på at desse jentene treivst godt i skatemiljøet nettopp fordi det var lite fokus på konkurranse, måling, rangering, organisering og at vaksne trenrarar styrte aktiviteten. Ho spør om skatemiljøet klarer å halde ved like denne fridomen, no som ein ser at skatemiljøet blir trekt inn mot

NIF-systemet og i meir organiserte rammer. Ho stiller såleis spørsmål om skatemiljøet klarer å halde fast ved røtene sine og fortsette å ha dei kvalitetane jentene trekkjer fram som viktige for deira trivsel (Tjønndal, 2018, s. 99-100).

Wheaton (2013, s. 28-30) peikar også på at jenter kan oppleve større sosiale barrierar for å delta i livsstilsidrettar der det er stor maskulin dominans. Säfvenbom, Wheaton og Agans (2018, s. 2004) viser til Thorpe and Olive, 2016 og Wheaton, 2016 at kvinner nødvendigvis ikkje er «aktivt» ekskluderte frå dei ulike livsstilsidrettane, men at dei som ynskjer å delta bør ha rikeleg med sjølvtillit, vere hardnakka og vere fysisk dyktige om dei ynskjer innpass. Difor har initiativ der det å laga einkjønna grupper opna dører for kvinner (Säfvenbom, et al., 2018, s. 2004)

Det å skape eit fellesskap med same kjønn ser ut til å skape tryggare rammer. Sisjord har skrive fleire artiklar som omhandlar kjønna maktrelasjonar i snowboardmiljøet. I ein artikkel publisert i 2011 viser Sisjord korleis jenter frå nordiske land er proaktive når det kjem til å danne einkjønna grupper. Desse gruppene jobbar aktivt med inkludering og tiltak for å få med fleire jenter i miljøet. Ved å lage einkjønna jentegrupper, opplever jentene at dei kan ta ut litt avstand til eit miljø prega av maskulinitet. Det ser ut til å vere vanleg med kjønnsdelte grupper i mannsdominerte livsstilsidrettar. Langseth (2012, s. 19) viser at kvinnene på Jæren i likskap med mennene har danna einkjønna grupper. Jentene i studien til Langseth (2012, s.19) kalla seg for "The Boob Squad". Dei er ei gruppe på ti kvinnelege surfarar som ikkje surfar så ofte saman. Dei er på ulikt nivå og frå forskjellige plassar i landet. Dei samlast av og til mellom anna for å sjå surfefilmar saman. Langseth (2012, s. 19) peikar på at jentene gjennom namnet "The Boob Squad" viser empowerment. Namnet er laga for å gjere narr av maskuline ideal som er representerte i herregruppa "Bombsquad". Langseth tolkar det som at dette er ein måte kvinnene viser at dei kan vere kvinnelege surfarar utan at dei må vere ein del av "guttagjengen". Dei lagar seg eit rom for femininitet. Samtidig kan det tolkast som uttrykk for det tvitydige i statusen kvinnene har i surfemiljøet. Dei er ikkje heilt inni miljøet, men heller ikkje heilt utanfor, skriv Langseth (2012, s. 19).

### **3.5 Kva har forskinga vist oss?**

Det er viktig å ta høgde for at dei ulike artiklane som er gjort greie for i dette kapittelet er publisert på ulike tidspunkt. Artikkelen til Sisjord (2005) er fleire år gammal. Den er likevel aktuell, då ein ser igjen fellestrekke med forskinga frå seinare år. Kjønn har vore med på å forme samfunnet vårt slik vi kjenner det i dag.

For å summere opp kan ein seie at dei ulike artiklane har vist at ein framleis har ein veg å gå før begge kjønn kan delta på like premissar og vilkår i fleire ulike idrettar.

Forskinga tyder på at det framleis skjer diskriminering på bakgrunn av kjønn i livsstilsidrettane. Det ser ut til at menn sett standardane i idrettane og at kvinnene ofte gir dei denne posisjonen. Kvinnene kan bli sett på som «det andre kjønn». Det er ikkje dei som set standarden for kva som er intensjonane og målet med aktiviteten. Kvinnene kan også oppleve at generelle oppfatningar av kjønn blir vidareførte i miljøa, og at dei blir møtte med andre forventningar enn menn når det gjeld prestasjonar. Det ser også ut til at menn kan føle seg trua om kvinner prøver å tre for mykje inn på deira arena. Det ligg slik sett ei slags forventning frå begge kjønn om at menn skal vere modigare og utfordre meir i idretten. Dette er med på å gi eit bilet av korleis dei generaliserte forventningane vi har til kvarandre er internaliserte i kulturen. Studiane viser at kvinnene til dels er «andregjorte», og i nokre tilfelle gjort til objekt (Atencio, et al., 2009; Ford & Brown, 2006; Langseth, 2012; Sisjord, 2005; Sisjord, 2011; Lemon & Russel, 2012; Tjønndal, 2018).

## 4. Teoretisk perspektiv

Simone de Beauvoir, hennar fridomsomgrep og delar av hennar bok *Det annet kjønn* (2000) er det sentrale teoretisk rammeverket for denne oppgåva. I dettekapittelet vert det difor gitt ein kort presentasjon av kven Simone de Beauvoir (1908-1986) var. Vidare vil hennar tankar om kvinner som det andre kjønn bli presentert. Beauvoir (2000) sitt syn på fridomsomgrepa *eksistensiell fridom*, *konkret fridom* og *moralsk fridom* blir presentert og forklart.

Simone de Beauvoir sitt eksistensialistiske synspunkt handlar om korleis vi tek hand om vår fridom i ei verd utan faste reglar og prinsipp. Synet Beauvoir (2000) har på kjønn i denne samanhengen blir framleis vurdert som aktuelt i vår samtid (Pettersen, 2006, s. 284). Sjølv om kategoriseringa av kjønn har eit biologisk utgangspunkt, er det også sosialt konstruert. Det blir såleis opp til kvar enkelt å «vere» sitt kjønn. Beauvoir (2000) hevda altså at verken ein person sitt biologisk kjønn, eller den sosiale konstruksjonen av kjønn skulle kunne definere kva handlingsrammer ein har. Derav hennar mest kjente sitat «man fødes ikkje som kvinne, man blir det» (Beauvoir, 2000, s. 329). Perspektivet hennar er såleis ein interessant inngang i ein studie av kvinner som tilsynelatande har vore nøydd til å ta ansvar for sin eigen fridom og sin eigen situasjon. Kvinner som tilsynelatande ikkje er undertrykte, av verken «det første kjønn» eller biologien og som har tatt del i ein idrett dominert av menn, og ikkje latt deira biologiske kjønn vere ei hindring for sitt aktivitetsval. Spørsmålet er korleis tankane til Beauvoir (2000) ser ut om vi brukar dei som hjelp til å forstå kvinneliv i eit samfunn som mellom anna kan omtalast som postmoderne og nyliberalistisk. Fridomsprosjekt handlar ikkje berre om å bli økonomisk uavhengig av mannen, men også om fridom på andre arenaer. Fritid, fritidsaktivitetar og idretten er slik arenaer, noko som gjer perspektivet relevant for temaet for denne masteroppgåva.

### 4.1 Kven var Simone de Beauvoir

Simone de Beauvoir blei fødd i 1908 i Paris, og døydde i same by i 1986, 78 år gammal. Ho har hatt mykje å seie som fransk filosof, forfattar og feminist, spesielt med tanke på tydinga ho har hatt for kvinnerørsla, både nasjonalt og internasjonalt. Beauvoir vart fødd inn i ei tid der kvinner fekk tilgang på fleire gode enn tidlegare. Ho var i den første

generasjonen franske kvinner som fekk tilgang på universitetsutdanning på lik linje med menn (Mitchell, 2017, s. 251-260).

Beauvoir var ein flittig student, og på tre år hadde ho tatt alle eksamenar som skulle til for å få ein *licens*-grad i filosofi. Like etter at ho fullførte eksamen, gjekk ho vidare til ein av Frankrikes mest prestisjefulle eksamenar, *agrégation* i filosofi, ein eksamen som ein på den tida vanlegvis fullførte på to år. Beauvoir fullførte på berre eitt år. Det var berre ein som fekk betre resultat på eksamenen en ho og det var Jean-Paul Sartre som Beauvoir gjekk inn i eit mykje omtalt kjærleksforhold til. Sartre vart ein mann ho diskuterte eksistensialisme med og levde saman i eit fritt og uforpliktande kjærleksforhold. Beauvoir hadde eit avgrensa forhold til kva ein filosof er. I bøker og i intervju ser ein at ho ikkje såg på seg sjølv som ein ekte filosof. Ho hevda at Sarte kunne bli sett på som ein ekte filosof fordi han utvikla eit filosofisk system i sitt faglitterære hovudverk *Being and nothingness* (Arp, 2001, s. 1-12). Noko som igjen førte til at nokre hevda at Beauvoir berre var eit ekko av Sartre, og at ho ikkje var ein ekte filosof, men heller ei kvinne som burde gifta seg, fått barn og overlate skriving og filosoferinga til menn (Moi, 2000, s. 24). I dag er dei fleste samde om at Beauvoir var ein viktig filosof (Walsh, 2008, s. 347-348).

Beauvoir såg heller ikkje på seg sjølv som feminist då ho skreiv *Det annet kjønn*. I ettertid har ho forklart det med at då ho skreiv boka var ho ei privilegert kvinne som var frigjort frå den tradisjonelle kvennerolla som rådde i Frankrike på den tida. Ifølgje Moi (2000) gjer dette at Beauvoir sine analyser av samtidige kvinner står fram som truverdige og presise. I boka distanserer ho seg frå sitt kjønn ved at ho skriv «dei» om kvinnene framfor å skrive «oss». Ho var nemleg ei kvinne som vart anerkjent for sitt intellekt, ein fridom få kvinner hadde på denne tida. Dei fleste levde då under dei meir tradisjonelle kjønnsrollene, til dømes som husmødrer (Moi, 2000, s. 13-16).

## **4.2 «Den andre» og Simone de Beauvoir**

I dag blir Beauvoir rekna som både feminist og filosof. *Det annet kjønn* kom ut i 1949, men den fullstendige norske oversetninga kom først i 2000. Denne masteroppgåva tek utgangspunkt i den norske oversetninga frå 2000, som også inneheld eit innleiande essay om Beauvoir sitt arbeid og liv, skrive av Toril Moi. Boka viser blant anna eit perspektiv på korleis kjønn og dominansrelasjonar er konstruert og kjem til utrykk. *Det*

*annet kjønn* viser korleis Beauvoir og andre kvinner ikkje hadde den same reelle fridomen og dei same reelle moglegheitene som menn i Frankrike. I boka skriv ho om korleis kvinner blir oppseda til å vere underdanige. Tittelen til boka viser til at kvinner heile tida måtte sjå seg sjølv i forhold til mannen, altså som det andre kjønn. I *Det annet kjønn* prøver Beauvoir å få fram ei filosofisk djupne i kvinner sine daglegdagse erfaringar. Beauvoir sitt klare syn på fridom og hennar grunnleggjande analyse av korleis kvinner blir forma til å oppfatte seg sjølv som sekundære i forhold til mannen har inspirert kvinner over heile verda til å sjå sine eigne erfaringar i eit nytt lys (Grimwood, 2008 s. 197-203). Ifølgje Moi (2000, s. 7) får Beauvoir fram ein kritikk av mannssamfunnet som gjer at kvinner forstår at dei har ein rett til å utfalde seg, nytte seg av alle evnene og anlegga sine, og ikkje finne seg i å bli pålagt smalare grenser for livsutfaldning enn det menn har. Boka *Det annet kjønn* skapte valdsame reaksjonar då ho vart gitt ut i 1946 og vart sett på lista over forbode bøker av i fleire år av Vatikanet. Trass all kritikk og protestar kjente kvinner over heile verda seg igjen i tankane til Beauvoir (Moi, 2000, s. 7).

Boka til Beauvoir får fram to hovudtankar: (1) Ein blir ikkje fødd som kvinne, ein *blir* det. (2) Kvinner si oppseding tvingar på dei «kvinnelegheit», det vil seie at den får dei til å oppfatte seg sjølv som *den andre* i forhold til menn. Moi (2000, s. 14) skriv vidare at *Det annet kjønn* definerer «kvinnelighet» negativt. Altså at det er ein måte å vere på, som forutset at menn er dei som er absolutte og vesentlege, medan kvinner er relative og uvesentlege.

Beauvoir (2000) ville altså med *Det annet kjønn* få fram at kvinner gjennom historia har vorte dominert av mannen. Fordi kvinner tilskrivast femininitet. Femininitet blir oppfatta som det motsette av maskulinitet. Femininiteten blir sett på som noko særeige og underordna. Mannen blir sett på som overordna fordi han tilskrivast maskuline eigenskapar. Slik sett blir han sett på som normalen og det generelle mennesket. Dette gjer at kvinnene blir sett på som «den andre». Gjennom historia har vi blitt fortalt at det er slik og desse historiene har blitt internalisert av begge kjønn, så internaliserte at vi i dei fleste vestlege samfunn og kulturen ser på det som naturleg, legitimt og normalt. Slik argumenterte i alle fall Beauvoir. Nyare forsking understrekar dette og hevdar at både kvinner og menn bidreg til å oppretthalde dette dominansforholdet (Tjønndal & Hovden, 2016, s. 189-190).

### **4.3 Fridom og Simone de Beauvoir**

Beauvoir vert i dag rekna som ein fridomsfeminist. Om ein ser på fridom som hovudkategorien i teorien, blir undertrykking sett og forstått som ein mangel på fridom, og eit problem. Om kvinna då er den andre i forhold til mannen er det ifølgje Beauvoir eit problem (Nicholas, 2021, s. 236-237).

Beauvoir meinte ikkje at kvinner skulle vere på ein bestemt måte. Ho hevda at det burde eksistere like mange kvinneroller som det eksisterer kvinner i verda. For henne var det viktig at kvinner ikkje opplevde at samfunnet laga ein slags sjablong som kvinner skulle streve etter å passe inn i. Beauvoir omtalte denne sjablongen som *essens* eller *eins vesen*. Det handlar om at vi er fri frå bestemte mål for vår tid på jorda, noko som gjer at kvart enkelt individ kan skape sitt liv, og bestemme fritt kven ein vil vere og korleis ein vil leve. Eit viktig poeng er at dette er avhengig av situasjonen ein lever i (Pettersen, 2011, s.93-94). Beauvoir såg på fridom som situasjonsbestemt. Ho oppfordra slik sett den enkelte til å spørje seg sjølv eller andre om kva fridom er i eins eigen livssituasjon (Larsen, 2008).

I *Det annet kjønn* ynskjer Beauvoir å få fram at kvinner ikkje har den same reelle fridomen og moglegheitene som menn i samfunnet. Ho prøver å vise kvifor det er slik. For Beauvoir var menneskets fridom blant anna knytt til omgrepene «transcendens» og «immanens» (Beauvoir, 2000, s. 698-704). Transcendens handlar om menneske si evne til å sjå utover seg sjølv. Dette kan til dømes vere å arbeidde mot å vere i stadig utvikling, eller å tøye eigne grenser eller evner. Har ein moglegheita til å «transcendere» kan ein sjå dette i samanheng med at ein er fri til å utvikle seg sjølv. For at ein skal ha moglegheita til å transcendere, altså overskride sine eigne evner, er det visse kriterium som må oppfyllast. I vårt samfunn kan det til dømes handle om at ein er økonomisk uavhengig av ein partner eller fridomen til å dyrke eigne interesser. Det motsette av transcendens er immanens. I omgrepet transcendens ligg det at livet får mening gjennom handling, medan immanens kan forklarast enkelt med at ein «blir der ein er». Immanens er eit omgrep Beauvoir (2000) meinte var viktig for å vise kvifor kvinner sin situasjon var som den var. Omgrepet handlar om at ein ikkje går utover seg sjølv eller overgår sine eigne grenser. Ein blir tvert om der ein er og stagnerer (Pettersen, 2011, s. 96-99). Beauvoir meinte ikkje at ein som menneske kan transcendere til alle døgnets tider, men at det må jobbe mot at ein ikkje blir «fanga» i den immanente rolla. Ho nytta

husarbeid og omsorgsarbeid som eksempel på å vere fanga i immanensen. Om det er slik at kvenna blir låst til repeterande arbeid, og ikkje får moglegheit til å dyrke eigne interesser vil ein kunne stagnere i ei immanent rolle (Skatvik, 2011).

Beauvoir viser dette ved å peike på at mannen kan utvikle seg, eller eksplandere, og dermed bli forbunde med transcendens, medan kvinnene stagnerer der dei er og ikkje tøyer eigne evner. Ho hevdar at immanens er noko som blir påtvinga subjektet og legg skulda på og meiner at det er dei sosiale, politiske og historiske forholda kvinner lever under som gjer at det er slik. Det er ikkje basert på eigen vilje. Slik vil det vere feil å laste kvinnene sjølve for dette. Dei har såleis ikkje skuld i at dei ikkje oppfører seg som autentiske og frie menneske (Moi, 2002, s. 172). Ifølgje Beauvoir blir den samfunnsmessige framstillinga av kvinner noko som fører og trer ein «faktisitet» ned over hovudet på dei. Slik blir kvinner sett i ein situasjon der dei splittast mellom fridom og framandgjering, altså transcendens og immanens.

Ifølgje Beauvoir gjer kvinner sin immanens at dei ikkje står fram som sjølvstendige subjekt. Dette fører til at kvinner produserer ein spesifikk psyko-seksuell subjektivitet, som framfor alt er karakterisert ved framandgjering. Denne kan bli forstått som ei splitting i kvinner sin fridom og deira indikasjon på eit framandgjort biletet av kvinneligheten som noko som er eit objekt, noko som gjer dei til den andre. Ein ser såleis seg sjølv som eit objekt, som ein som har ei ufri rolle, ei rolle som handlar om å vere eit objekt for mannen. Beauvoir bruker ei dukke som eksempel for å synleggjere denne objektiveringa, på korleis kvinner har ei rolle som noko som er eit tilbehøyr for mannen. Ho viser korleis ei dukke blir kledd opp og ligg heime og ventar til mannen kjem heim frå arbeidet. Denne objektiveringa representerer ei splitting Beauvoir hevdar ein ikkje finn hos menn. Sjølv om det blir gitt innsnevra biletet på korleis ein mann skal vere, blir ikkje desse biletene av mannen på same måte sett opp som «den andre» i forhold til ei anna samfunnsgruppe (Moi, 2002, s.199).

Den filosofiske tankegangen til Beauvoir var tydeleg prega av både eksistensialisme og feminism, fridom og rettferd i samfunnet. Det er eit tydeleg og viktig bodskap i *Det annet kjønn*. Beauvoir knyter såleis menneskeleg fridom til transcendens, at livet får mening gjennom handling. Både kvinner og menn er transcendens og immanent. Det var viktig for Beauvoir å få fram at for kvinner er vegen for handling ofte sperra, altså

den transcendense vegen (Beauvoir, 2000, s. 318). Ho viser korleis kvinner si frie og spontane rørsle mot verda blir avgrensa. Dette skuldast ifølgje Beauvoir den oppsedinga unge jenter får. Beauvoir omtaler dette med at den biologiske lagnaden til kvinnene blir knytt til morsrolla. Eit kjent sitat frå *Det annet kjønn* er at “*her wings are cut and then she is blamed for not knowing how to fly*” (Beauvoir, 2011, s. 660). Ho viser til korleis kvinner blir vengeklipse, og samtidig unnskyldar seg for å ikkje kunne flyge. Med sitatet ynskjer Beauvoir å vise korleis kvinner blir stengt inne i gjentaking og immanens, medan mannen har moglegheitene til å transcendere, utvikle seg, ekspandere og tøye eigne evner. Sitatet gir eit særleg interessant perspektiv i min samanheng, ettersom de seinare i mi oppgåve nettopp møter kvinner som bokstaveleg ønskjer å flyge på eiga hand.

I boka får Beauvoir fram at ved å stille spørsmål til kvinnerolla, vil ein kunne unngå at kvinnerolla blir ein «stivna realitet», og at ein må unngå å sjå på biologiske forskjellar som rettferdiggjering av sosiale normer (Moi, 2000, s. 13-16). Beauvoir vil få fram at kvinnene enten er tvunge til å leve eit liv i immanens, eller at dei vel å akseptere avgrensingane dei blir gitt. Om ein aksepterer å vere ufri, flyktar ein også frå fridomen, og Beauvoir er kritisk til kvinner som vel å leve slik, og omtalar det som å leve inautentiske liv. Beauvoir viser til at det kan vere vanskeleg for kvinner å ta eit opprør, og ikkje vere medskyldige i si undertrykking, fordi dette kan føre til at dei må gi slepp på dei fordelane dei kan oppleve av å vere «medløpar» til mannen (Beauvoir, 2000, 40-41). Beauvoir avsluttar *Det annet kjønn* med eit kapitel som handlar om vegen til fridom for kvinner. Ifølgje Moi (2000, s.15) er dette både ei analyse av yrkeskvinnene sin situasjon i Frankrike i 1949, men også eit forsøk på å vise at framtida er open, og at kvinner sin fridom radikalt vil endre og omforme menn og kvinner sin situasjon. Eit fritt samfunn vil ifølgje Beauvoir vere eit samfunn der det endeleg kan herske solidaritet mellom kvinner og menn (Moi, 2000, s. 15).

#### **4.3.1 Eksistensiell fridom**

Beauvoir omtalar eksistensiell fridom (også omtalt som ontologisk fridom) som den grunnleggande fridomen til mennesket. Vi har i prinsippet lik kapasitet til å handle fritt ut i frå vår eigen situasjon. Dette inneber å ta ansvar for eigne handlingar. Det vil seie at alle menneske i utgangspunktet har like stor grad av eksistensiell fridom. I eksistensialismen er fridomen til å styre over sitt eige liv sentralt. Det ein ikkje kan styre

er kvar ein blir fødd, eller kva gener ein blir fødd med, men i eksistensialismen er det sentralt at ein sjølve står ansvarleg for kva liv ein vel å leve. Om ein ser på fridom som ein grunnleggjande politisk og etisk verdi, betyr dette at vi må respektere andre menneske sin fridom, like mykje som vår eigen fridom (Arp, 2001, s. 2-4). Beauvoir eksemplifiserer dette med å skrive: «min eigen fridom treng ei verd, der det er andre som er frie, slik at dei kan svare fritt på mitt tilrop. For utan slike svar vil mine eigne handlingar vere meiningslause» (Moi, 2000, s. 17). Ho skriv at ein treng jambyrdige i verda. Samtidig hevdar Beauvoir at det å respektere andre sin fridom ikkje er nok. Sjølv om alle menneske i verda er like eksistensielt frie, betyr ikkje dette at alle menneske, har like stor fridom til å handle fritt. Difor blir det ifølgje Moi hevdat om ein ynskjer fridom som vår politiske og etiske norm i samfunnet, må ein arbeide for konkret fridom, men også moralsk fridom for alle menneske (Moi, 2000, s. 17).

Eksistensiell fridom handlar om at kvar gong vi som menneske gjer noko og handlar på ein spesiell måte, kan vi handle annleis. Vår bevisstheit er fri, vi kan strekke oss ut av vår eigen situasjon. Kor stor fridom vi har, er avhengig av konteksten vi lever i (Pettersen, 2011, s. 97). Beauvoir omtalar eksistensiell fridom i samanheng med fri vilje. Vi kan velje å oppretthalde rettferd, omsorg og fridom, eller oppretthalde urettferdigheit, krenkelse og undertrykking (Pettersen, 2015, s. 71). Vi er frie frå å handle på instinkt. Dyr handlar i motsetning til oss menneske på instinkt. Aanesen (2019) eksemplifiserer dette med at kvinner sjølv kan velje om dei ynskjer å få barn eller ikkje. Det er denne fridomen Beauvoir (2000) hevdar kan vere vanskelege å ta innover seg og ta ansvar for. Ein kan såleis gå inn i roller som er fastsette på førehand om ein ikkje vel å ta ansvar for sine eigne val og vel å leve i fridom. Beauvoir (2000) retta slik sett merksemd mot at det for kvinner kan vere lett å gå inn i ei rolle som vi tenkjer er skapt for kvinner, eksempelvis morsrolla. Morsrolla har med seg mange førestillingar og i nokre tilfelle fast definerte roller. Aanesen (2019) viser at det er lett for kvinner å flykte inn i ei førestilling om at kvinner og menn er ulike og difor har faste, bestemte og definerte roller. Dette kan ein også sjå når kvinner og menn vel yrker. Kvinner vel til dømes omsorgsyrke fordi det er sett som «kvinneleg» å vere omsorgsfull og ansvarsfull.

Spørsmålet om eksistensiell fridom er omfattande, og kan ikkje takast opp i full breidde her. Tankar om tydninga av eigne val og dei rammene som påverkar vala våre, er likevel eit relevant bakteppe for diskusjonen seinare i oppgåva.

#### 4.3.2 Konkret fridom

I *Det annet kjønn* blir det understreka at kvinner må ta eit moralsk ansvar både for eigen og andre sin fridom. Den konkrete fridomen viser til vår faktiske situasjon og det handlingsrommet vi har, det vil seie kor mykje makt vi har til å ta eigne val og avgjerder. Slik sett kan konkret fridom i motsetning til eksistensiell fridom innskrenkast. Dei som har mykje fridom kan også velje å gjere ting eller ha verdiar som undertrykkjer andre.

Beauvoir skriv at kvinner ikkje er frie og at dette gjeld på to ulike nivå. Ho hevdar at kvinner blir oppfordra til å gi slepp på sin eksistensielle fridom ved å akseptere seg sjølv som «den andre». Ho hevdar også at kvinner i Frankrike i 1949, same år som ho ga ut «Det andre kjønn», ikkje hadde den same tilgangen som menn til det kulturelle, politiske og økonomiske livet som menn levde på den tida. Ho meinte ifølgje Moi at kvinner ikkje skulle ha mindre eksistensiell fridom enn menn, men at slik samfunnet var, var dette realiteten (Moi, 2000, s. 17-18).

Beauvoir retter i *Det annet kjønn* merksemada mot at det ikkje berre er kulturen ein levde i som gjorde det vanskeleg for kvinner å bli frie. For at kvinner skal leve fritt og sjølvstendig må dei også vere økonomisk uavhengig av mannen. Beauvoir skriv at det berre er gjennom arbeid kvinnene er garantert fridom. Ho hevdar at så snart kvinna sluttar å vere ein «parasitt», vil det ikkje lenger vere eit behov for eit manneleg mellomledd mellom henne og universet (Beauvoir, 2000, s.785). Ho skriv vidare at det likevel ikkje i seg sjølv er tilstrekkeleg å kvinner stemmerett og eit yrke, om kvinner skal bli fullstending frigjorte.

Konkret fridom handlar om å leve ekte og autentisk. For å oppnå dette må ein ifølgje Beauvoir (2000) ta ansvar for eigne val og handlingar. Sjølv om alle er fødd like frie, er det ikkje slik at alle har dei same reelle moglegheitene til å leve frie liv. For at ein skal ha moglegheit til å leve eksistensielt fritt, må ein vere konkret fri. Lever ein i fattigdom eller nød, kan ein ikkje seie at ein har konkret fridom. Då er det dette som tek

merksemda og fokuset. Ein er heller ikkje konkret fri om andre får ein til å tru at ein er mindre verdt, mindre kompetente, eller er dummare enn andre. Om dette er ei innprenta verkelegheit er det vanskeleg å leve å bruke den eksistensielle fridomen. Den konkrete fridomen handlar såleis om rettar, den materielle situasjonen ein lever i, men også eins mentale situasjon. At ein trur på at ein kan handle fritt og er i stand til å gjennomføre dei måla ein sett seg (Tyler, 2014, s. 404) Beauvoir prøvde å få fram at måten kvinner blir oppseda kan føre til at dei blir sett som den andre, blant anna ved at kvinner blir oppseda som passive og svake, medan menn blir fortalt at dei er sterke. Dette eksemplifiserer Aanesen (2019) med at gutter i fleire kulturar får ros for å vere aktive og dominerande, medan jenter får ros for å vere stille, lydige og pliktoppfyllande. Dette kan ifølgje Beauvoir (2000) gjere at kvinner ikkje tek eit val om å leve frie og sjølvstendige liv, fordi det opplevast som å gå i mot det som er forventa.

#### **4.3.3 Moralsk fridom**

Moralsk fridom er eit kjernepunkt i Beauvoir sin etikk ifølgje Pettersen (2011, s. 97). I *The Ethics of Ambiguity* omtaler Beauvoir den moralske fridomen som at ein må verdsette andre sin eigen eksistensielle fridom, samtidig som at ein må akseptere og verdsette at også andre er frie, lever frie liv og tek frie val (Beauvoir, 2018, s. 32). For å vere moralsk fri må ein altså sjå at ein sjølv er fri, og samtidig godta at andre også er det. Ein må også akseptere at andre kan leve like fritt ein sjølv. Om ein ikkje ser på andre som frie, kan ikkje desse menneska gi oss den verdsetjinga vi sjølv treng for å vere frie menneske (Pettersen, 2011, s. 97).

Ifølgje Pettersen (2015, s. 71-73) hevda Beauvoir hevda at den eksistensielle (ontologiske fridomen) er noko vi alle har i kraft av å vere født, og at konkret fridom er avhengig av historiske og politiske forhold, så er moralsk fridom noko vi sjølve må omfamne. Det er altså berre den moralske fridomen som krev noko av oss. Vi kan både vere eksistensielt frie, og konkret frie, utan å måtte ta omsyn til andre sin fridom. Difor var Beauvoir oppteken av alle desse tre måtane å sjå fridom på. Har ein kapasitet til å velje fritt (eksistensiell fridom) og om ein lever under politiske og sosiale forhold der det er mogleg å leve fritt (konkret fridom) har ein også moglegheita til å leve moralsk fritt, men det er eit val. Ser ein ikkje på andre som frie, kan ein heller ikkje sjølv vere fri (Pettersen, 2015, s. 71-73). Dette er ein av grunnane til at Beauvoir aktivt arbeidde for

at både menn og kvinner skulle verdsetje kvarandre, ikkje berre som frie, men også likeverdige.

Kvinner og menn er sjølve ansvarlege for å gi livet meining, og ein må arbeide saman og støtte opp om kvarandre i kampen om fridom. Den som undertrykkjer eller skadar andre, set grenser for andre sin fridom. Den som underlegger seg andre innskrenkar sin eigen fridom. Dette gjer at verken den som undertrykker eller let seg bli undertrykt kan leve moralsk fritt, ifølgje Beauvoir (Pettersen, 2015, s. 97). Målet til Beauvoir var ikkje at kvinnene skulle styre og ha makt over mannen. Ho ynskte at det skal vere eit likeverdig forhold mellom kjønna der ein støttar opp om kvarandre i kampen for fridom saman (Grimwood, 2008, s. 210-211).

#### **4.4    *Simone de Beauvoir i dag***

Filosofien til Simone de Beauvoir gjer seg gjeldande også i dag. Samtidig er det viktig å forstå tekstane hennar ut frå den tida dei er skrivne i, ei tid som skil seg frå samfunnet vi kjenner i dag. Beauvoir har vorte kritisert av likskapsfeministar etter at *Det annet kjønn* vart gitt ut. Nokre hevdar at Beauvoir glorifiserer mannen, og ser ned på dei feminine eigenskapane. Beauvoir forsvarte seg sjølv mot denne kritikken og ho hevda at dei som brukar biologien som argument for å skilje kvinner og menn ikkje kan forklare dei sosiale og kulturelle forskjellane. Det er ein skilnad mellom kjønna, men Beauvoir hevda at denne skilnaden ikkje kan nyttast som argument (Pettersen, 2006, s. 294).

Beauvoir sin eksistensielle etikk er viktig for hennar analyser og konklusjonar. Ifølgje Beauvoir er det gjennom å bruke fridomen sin til å engasjere seg i ei verd for alle menneske at ein skaper meining med livet (Pettersen, 2011, s. 98). På den måten må ein gjere noko aktivt for å skape endring. Beauvoir hevda at det å ikkje engasjere seg for å gjere ting betre, er å leve moralsk feil. Dette inneber også at kvinner sjølve må tenkje at dei er født med fri vilje og såleis er i stand til å forme den verda vi lever i. Dette kan til dømes vere å stille spørsmål til om ting er rettferdig, eller å setje søkelyset på at ting ikkje er som dei burde vere (Cleary, 2018).

## **5. Metode**

God forskingspraksis krev at ein som forskar viser vegen som er gått for å svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla. Dette kapittelet tek såleis for seg forskingsdesignet. Eg gjer greie for og grunngjev dei vala som er tatt underveis for innsamling av data, analyse, korleis resultata tolkast, mi rolle som forskar og andre etiske vurderingar som har vorte gjort (jf. Thaagard, 2015, s. 11).

Problemstillinga for prosjektet «*Korleis forstå vilkåra kvinner møter som deltagarar i speedgliding?*» tilseier bruk av kvalitativ metode.

### **5.1 Vitskapeleg forankring**

Før ein tek til med eit forskingsprosjekt må ein etablere ei forståing for den vitskaplege retninga fenomenet ein studerer spring ut frå. Kunnskap om vitskapsteoretisk retning er såleis viktig, ikkje berre i forskingsprosessen, men i måten ein forstår og tenkjer og for dei val forskaren tek.

Problemstillinga og forskingsspørsmåla tilseier at kritisk teori, saman med feministisk teori vil gi innsikt i det som skal undersøkast. Forsking som baserer seg på kritisk teori blir brukt til å avsløre rådande maktforhold i samfunnet. Kritisk teori legg vekt på ideologiavsløring og tek eit kritisk standpunkt til etablerte strukturar i samfunnet. Feministisk teori kan knytast til ulike teoretiske retningar, også kritisk teori, som mellom anna handlar om å synleggjere kjønnsproblematikken i alle situasjonar (Thaagard, 2015, s. 43-46).

Det er fleire grunnar til at kritisk teori er sentral for denne oppgåva. Kunnskapsproduksjon er ifølgje Askeland (2006, s.126) situasjons- og kontekstavhengig. Den må difor bli sett i både historisk, filosofisk og politisk samanheng. I dag blir kritisk teori ofte knytt til Frankfurterskolen. Ifølgje Burill, (1987, s. 8) refererer omgrepet kritisk teori til Frankfurterskolens nymarxistiske filosofi, som oppstod og vart utvikla i Tyskland og USA rundt 1930. Kritiske teoriar utfordrar den positivistiske forståinga av verda og samfunnet som prega mykje av vitskapen på den tida. Kritisk teori bidrar til å avsløre handlingar som kan verke urettferdige og

undertrykkande på grupper av befolkninga. Det gjer den først og fremst ved at den avslørar rasjonelle grunnar for å gi mening til ulike ikkje-sosiale og undertrykkjande handlingar i samfunnet (Carr og Kemiss, 1986, s. 144). Forankring i kritisk teori påverkar ifølgje Kalleberg (1996, s. 38-39) kva type forskingsopplegg og spørsmål forskarar arbeider med. Spørsmåla kan vere av vurderande art, som til dømes spørsmål om sosiale situasjoner er som dei bør vere. Kalleberg (1996, s. 38-39) seier at dei også kan vere av konstruktiv art, det vil seie spørsmål om korleis sosiale forhold kan forbetrast.

Forsking i eit feministisk perspektiv tek blant anna mål av seg å avdekke asymmetriske maktforhold mellom kjønna og utvikle kunnskap for å medverke både til politisk frigjering og endring. I artikkelen *Kjønn og feminism i norsk filosofi – Noen betrakninger* skriv Bostad og Pettersen (2015, s. 142) med referanse til boka *Filosofiens annet kjønn* at den feministiske filosofien både er «kritisk, (re)konstruktiv og nyskapende». I dette ligg det at ein kan kome med nye svar på velkjende problemstillingar, samtidig som det er rom for å stille nye spørsmål, gjerne om forhold som det tidlegare ikkje har vore stilt spørsmål ved. Sjølv om dette er perspektiv som er vanskeleg å følgje opp i ei masteroppgåve, er feministisk teori relevant då oppgåva tek for seg situasjoner og utfordringar som vektlegg kvinner og forholdet mellom kjønna.

Feministisk teori er eit alternativ til

... den tradisjonelle faglige forståelsen, hvor kvinners situasjon og kvinners problemer i liten grad har vært presentert. En feministisk tilnærming innebærer at kjønnsproblematikken innenfor praktisk talt alle situasjoner problematiseres, og at relasjonen mellom mann og kvinne ses i sammenheng med makt og undertrykkelse. (Thaagard, 2015, s. 46).

Ifølgje Thaagard (2015, s. 46) kan ikkje feministisk perspektiv knytast til noko spesiell metodisk tilnærming. Kvalitativ metode blir likevel ofte nytta i denne retninga fordi frigjering forutset ei djupare forståing av for eksempel maktstrukturar. Thaagard gir uttrykk for at kvalitative metodar er best eigna til å gi forståing av livssituasjoner, og at slik forståing er sentral i feministisk forsking. Eit feministisk perspektiv betyr ifølgje Hovden og Rafoss (2014, s. 131) at kjønn blir sett på som ein sentral relasjon og differensieringskategori i liva til menneske.

## **5.2 Kvalitativ forsking**

Thaagard (2015, s. 11) peikar på at eit viktig mål med kvalitativ forsking er å oppnå ei betre forståing av sosiale fenomen. Kvalitatitt forskingsdesign har ifølgje Brottveit (2018, s. 65) ei klar forankring i menneskelege erfaringar (fenomenologi) og fortolking (hermeneutikk). I studien min er det difor eit overordna mål å søke forståing, og ikkje kausale samanhengar. Målet er få betre forståing av korleis informantane opplever og oppfattar verda, kva verdiar dei har og kva emosjonar og ideal som ligg bak deira val og handlingar. Perspektivet eg brukar er sosiologisk, det vil seie at samspelet mellom menneske og det miljøet dei inngår i, er sentralt. I mitt tilfelle gjeld det kvinner som har valt å gå inn i, og vere ein del av eit mannsdominert miljø. Samtidig er dei kvinner som i større eller mindre grad er eit resultat av den tida og dei miljøa dei har vakse opp i, kva ressursar dei sit på osb.

Eg valt ei fortolkande retning for oppgåva (jf. Morrow & Brown, 1994, s. 11-13). Fortolkande teoretisk vitskap byggjer på paradigme som vektlegg meaning og tyding (Thaagard, 2013, s. 37). Forsking på kvinnelege speedglidere er nytt og ifølgje Thagaard (2015, s. 12) er kvalitativ metode veleigna når ein ynskjer å studere noko som ikkje er studert før. Dette fordi det blir stilt krav til at slik forsking skal vere fleksibel og open.

### **5.2.1 Det kvalitative forskningsintervjuet**

Kvalitatitt forskingsintervju, nærmare bestemt kvalitatitt djupneintervju (semistrukturert livsverdsintervju) vart nytta i granskings. Prinsippa i Kvale og Brinkmann si bok *Det kvalitative forskningsintervjuet* (2015) og Tove Thagaard si bok *Systematikk og innlevelse* (2015) vart lagt til grunn for å definere, planlegge og gjennomføre intervjuet på best mogleg måte.

Formålet med eit kvalitatitt forskingsintervju er å kunne forstå relevante sider ved dagleglivet og erfaringane til intervupersonane. I mitt tilfelle var målet å få historier frå kvinnene sine eigne liv. Forskinsintervjuet vart bygd opp på ein måte som gjorde det mest mogleg likt ein daglegdags samtale, samtidig som ein følgde metodiske prinsipp og spørjeteknikk (jf. Kvale og Brinkmann, 2015, s. 42). Det vart lagt vekt på at kvinnene skulle kunne føle seg trygge i intervjustituasjonen, og fortelje mest mogleg

opent og fritt, utan at dei vart avbrotna. Oppfølgingsspørsmål vart nytta der ein såg behov for ytterlegare utdjuping.

### **5.2.2 Situering**

Vitskapeleg kunnskap er situert. Som forskar kan eg ikkje vere utelukkande subjektiv eller objektiv. Det er viktig å ta høgde for dette gjennom å vere transparent og vise korleis eigen ståstad kan ha verka inn på forskinga (Bondevik & Rustad, 2006, s. 92). Neumann og Neumann (2012, s. 17-26) viser at ein bør reflektere over eiga forforståing av fenomenet ein studerer. Dei omtaler tre ulike typar situering ein bør ta omsyn til; sjølvbiografisk situering, feltsituering og tekstsituering. Sjølvbiografisk situering handlar om at eg som forskar må ta høgde for mine allereie etablerte forståingar. Det kan vere knytt til eige kjønn eller eigne erfaringar når ein går inn i eit forskingsprosjekt. I mitt tilfelle var det viktig at eg gjorde meg opp nokre tankar om kva førestillingar eg hadde til dømes om feminism, likestilling, eller livsstilsidrettar før eg byrja på prosjektet. Feltsituering handlar om kva kunnskap eg tok med inn i prosjektet. Før prosjektet tok til, hadde eg allereie lest mykje om kjønn i livsstilsidrettar, kjønn i idrettshistoria og teoriane til Simone De Beauvoir som omhandla det andre kjønn og fridom. Dette var kunnskap eg sat inne med når eg forma intervjuguiden, og kunnskap eg hadde med meg inn i intervjeta. Her handla det såleis om å vere klar over kvar ein står som forskar. Dersom ein er for oppteken av å få svar som stadfester allereie etablerte tankar om temaet, vil dette kunne påverke validiteten i prosjektet. Dette var eg klar over både under forarbeidet og i sjølve intervjugprosessen. Det vart viktig at spørsmåla eg stilte ikkje var leiande, men heller opne og at dei gav kvinnene høve til å komme med sine eige refleksjonar, utan å verte påverka av mi forforståing eller fordommar. Til slutt er det viktig å ta høgde for tekstsituering (Neumann og Neumann 2012, s. 26-34). Dette handlar om personvern og etiske refleksjonar. Ein bør til dømes reflektere over om dei fortellingane ein fortel, på nokon måte kan få uheldige konsekvensar for dei som vert intervjeta når materialet vert publisert og opent for alle. For meg var det viktig at kvinnene sine historier blei behandla med respekt og at utsegnene deira vart anonymiserte, så godt som råd.

### **5.2.3 Mi plassering i feltet**

Eg er ikkje ein del av speedglidingmiljøet, og har heller aldri vore det. Kvinnene som blei intervjeta fekk informasjon om at eg ynskte å dokumentere deira erfaringar og høyre

kva tankar dei hadde om miljøet. Det at eg som forskar står på utsida av speedglidingmiljøet, gjorde at det var greitt å stille undrande spørsmål og likeins spørsmål som hadde vore unaturleg å stille om eg kjende miljøet frå før. På den andre sida kan manglande kjennskap vere eit utfordring. Det er slik sett viktig å førebu seg gjennom å søke informasjon for ikkje å skape for stor avstand til feltet og miljøet. På den måten vil deltarane føle seg betre forstått. Til sist er det viktig å oppstre mest mogleg nøytralt. Dersom dei som vert intervjuet opplever intervjuaren som skeptisk eller kritisk til det dei fortel, kan dette påverke validiteten (Thagaard, 2015, s. 206).

Forskarens eige kjønn og kjønnserfaringar vil kunne verke inn på datainnsamlinga. Ein kan som sagt ikkje fjerne seg frå sine eige erfaringar eller sitt eige kjønn. Når det kjem til relasjon mellom forskar og forskingssubjekt bør ein vere merksam på at kjønn både kan vere ei hindring, og det motsette når det kjem til å få fram kunnskap. Kvinner som intervjuar kvinner vil ha forventningar om at ein delar ei viss oppfatning og forståing. Den som blir intervjuet vil truleg forvente det same av meg som forskar (Wilderberg, 1992, s. 297). Dette kan føre til at den kvinnelege informanten deler tankar som ho kanskje ikkje ville delt med ein mannleg forskar. Slik sett blir «felles kjønn» ein ressurs. På den andre sida kan det hende at tema som blir rekna som sjølvsagte, skammelege eller naturlege mellom kvinner, ikkje blir tekne opp. Slik kan «felles kjønn» bli ei hindring. Det er også viktig å ta høgde for at dette ikkje berre vil prege intervjuasjonen, men også resten av forskingsprosessen. Wilderberg (1992, s. 297) seier vidare at det difor finst ei moglegheit til å bryte med inndelinga mellom forskar og forskingssubjekt, vi og dei. Ho seier at vi ikkje berre forskar på andre, men også på oss sjølve. Erfaringane våre som forskarar blir ein del av det innsamla erfaringsmaterialet, og utgangspunktet vårt får også innverknad på forskingsprosessen.

Mine fordommar er umogleg å distansere seg frå. Slik sett var det viktig å bruke desse fordommene til å skape ei djupare forståing av det eg studerte. Tankane og refleksjonane eg hadde når eg gjekk inn i prosjektet handla såleis om at eg såg på desse kvinnene som tøffe kvinner; kvinner som vågar å ta eige val og slik sett oppfattast som frie. Eg hadde også tankar om, og var nysgjerrig på om dei opplevde å bli diskriminerte i miljøet fordi dei var i mindretal, eller om dei følte seg likestilte. Opplever dei til dømes at menn sit på definisjonsmakta slik som ein har sett i andre livsstilsidrettar? Eg hadde også ei oppfatning om at dette er kvinner som er ressurssterke og høyrer til dei

privilegerte i samfunnet, der dei har råd og fritid til å drive med denne type idrett. Samtidig var eg nysgjerrig på om dei hadde erfaringar som kunne tyde på at Beauvoir (2000) sine tankar om kvinner som «den andre» kom til uttrykk gjennom deira deltaking i dette miljøet.

#### **5.2.4 Utval**

Strategisk utval vart nytta for å finne informantar. Ynske var å finne informantar med dei eigenskapane og kvalifikasjonane som var relevante og strategiske med tanke på problemstillinga og det teoretiske perspektivet eg hadde valt for oppgåva (jf. Thagaard, 2015, s. 60). Det vart viktig å velje informantar som kunne tilføre prosjektet noko nyttig og det var viktig å ha nok informantar for å få tilstrekkeleg innsikt i dei erfaringane kvinner i speedglidermiljøet har gjort seg.

Problemstillinga tilsa at informantane skulle vere kvinner. Nedre aldersgrense blei sett av seg sjølv. Ein må vere fylt 18 år for å kunne gjennomføre speedgliderkurs. Øvre aldersgrense vart ikkje sett, men alle som blei intervjua var under 40 år. Dei måtte også ha godkjent flygarlisens og vere relativt aktive i idretten. Sjølve utvalet var basert på snøballmetoden. Denne metoden går ut på at ein finn fram til ein person som er innanfor målgruppa ein ønskjer å intervju og deretter får denne personen til å tipse om fleire aktuelle kandidatar (Thaagard, 2015, s. 61). Ein konsekvens ved denne måten å finne fram til eit utval, blir gjerne at intervjuobjekta høyrer til det same nettverket eller miljøet. I prinsippet kan dette unngåast ved å nytte fleire kontaktpersonar, men i denne samanhengen vurderte ein at resultatet ville bli tilnærma det same sidan miljøet er så lite og dei fleste kjenner alle. Problemstillinga for prosjektet legg vekt på erfaringane til kvinnene og utvalet vil slik sett gi meg innsikt i det fenomenet eg ønskjer å studere (jf. Thaagard, 2015, s. 62). Det er likevel alltid ein risiko i kvalitativ forsking, at noko av variasjonane ved fenomenet ein studerer ikkje blir fanga opp. Ein må difor ta høgde for at alle sider ved miljøet ikkje kjem fram.

Kvale og Brinkmann (2015, s.148) hevdar at talet ein intervjuar i vanlege intervjuundersøkingar kan vere alt frå 25 til 5 personar. Ein bør verken ha for mange eller for få informantar. Eg opplevde at eg nådde eit meetingspunkt etter åtte gjennomførte intervju og vurderte at datamaterialet var tilstrekkeleg til å undersøke det fenomenet eg ynskte å studere. Det er også grenser for kor mange informantar ein kan

intervjue og analysere på ein grundig måte innafor ramma av ei masteroppgåve. Gjennomførte intervju gav etter mi vurdering gode data og tilstrekkeleg innsikt i fenomenet kvinner i speedgliding (jf. Thaagard, 2015, s. 65). At miljøet eg studerer er lite og oversikteleg, styrkar denne vurderinga.

### **5.3 Førebuing og datainnsamling**

#### **5.3.1 Teorien sin plass i oppgåva**

Forholdet mellom teori og empiri er ulikt i ulike forskingsarbeid. Omgrepa induktiv, deduktiv og abduktiv tilnærming blir ofte nytta i denne samanhengen (Tjora, 2017, s. 33). Ei abduktiv tilnærming er ei veksling mellom deduksjon og induksjon. Denne masteroppgåva har ei abduktiv tilnærming. Den har ein relativt teoristyrt inngang, men opnar samtidig opp for at empirien kan gi nye perspektiv. Å forske på fenomen der det er mykje som er vanskeleg å føresjå, krev ei dynamisk tilnærming slik som den abduktive (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 225).

Tidlegare forsking på kjønn i livsstilsidrettar (jf. kapittel 3) gav meg ei forståing og nokre «briller» på veg inn i datainnsamlinga og analysearbeidet. Eg hadde som sagt teorien til Beauvoir med meg. Difor vart det ekstra viktig å vere open for nye innfallsvinklar eller inntrykk basert på observasjonar under datainnsamlinga og i arbeidet med analysen. Forskarar vil alltid ha med seg ei form for forståing (Tjora 2017, s. 36). I dette ligg det at ein har ein måte å forstå verda på. Dei teoretiske brillene har såleis vore til hjelp i analysen, samtidig som eg har lagt vekt på at det perspektivet desse gir, ikkje blei for styrande.

#### **5.3.2 Semistrukturert livsverdsintervju**

Semistrukturerte livsverdsintervju er ifølgje Kvale og Brinkmann (2015, s. 357) ein planlagt og fleksibel samtale som har som formål å gi innsikt i livsverda til intervjugersonane med tanke på fortolking av meining med dei fenomena som blir omtalte. Det handlar om å få fram tema frå dagleglivet forstått ut i frå intervjugersonane si eiga livsverd. Særleg fortolking av meininger med fenomena som informantane tek opp, var nyttige. Denne intervjuforma krev god førebuing.

Gjennom semistrukturert livsverdintervju hadde eg tenkt gjennom tema og spørsmål på førehand, samtidig som eg kunne vere open for å fange opp andre aspekt som intervjugersonen tematiserte i intervjustituasjonen. Det var ikkje ein heilt open, men

heller ikkje ein lukka samtale. Intervjuguiden kunne oppfattast som forslag til spørsmål som kunne nyttast. Relevante tema som kvinnene sjølv tok opp gav eit meir heilskapleg biletet av livsverda deira (jf. Kvale og Brinkmann, 2015, s. 46).

### **5.3.3 Intervjuguide**

Forarbeidet med intervjuguiden var viktig. Det byrja med idémyldring og fleire tankekart og kladdar. Når førsteutkastet var klart vart den prøvd ut på ein studievenn som gav meg tilbakemeldingar. Så vart det arbeidd vidare med spørsmåla og strukturen. Dette resulterte i ein intervjuguide med 4 hovudtema. Intervjuguiden vart såleis delt inn i tre kolonner der det i den første kolonne vart sett opp tema, i andre kolonne stod målsetjinga og tilhøyrande forskingsspørsmål, og i den tredje kolonnen dei rettleiande spørsmåla. Guiden vart såleis utvikla med utgangspunkt i forskingsspørsmåla, men også med tanke på korleis datamaterialet skulle analyserast. Dette var nyttig når eg i intervju situasjonen skulle stille oppfølgingsspørsmål. Det gav betre oversikt og eg var trygg på kva målet med spørsmåla var.

### **5.3.4 Pilotintervju**

Først vart spørsmåla stilt heilt uformelt til ein studievenn. Deretter gjennomførte eg to meir formelle pilotintervju. Dei to kvinnene som deltok i pilotintervju er aktive i ein livsstilsidrett. Det var ein surfar og ein skikøyrar (free-ski). Informantane vart valt med same kriterium som dei kvinnelege speedgliderane, berre at dei utøvde ein annan idrett. Målet var å undersøke om dei spørsmåla eg hadde utarbeidd faktisk kunne fungere for å belyse problemstillinga og forskingsspørsmåla, og om spørsmåla i guiden var forståelege for informantane. Thaagard (2015, s. 99-100) skriv at det viktigaste med pilotintervju er at forskaren får opparbeidd erfaring og sjølvtillit. Det å gjennomføre to pilotintervju gav meg meir innsikt i korleis ein intervju situasjon utspelar seg. Eg fekk innsikt i korleis eg skulle stille spørsmåla, gi informantane tid og rom til å svare og tenkje, samt kva som skulle til for å skape ei god og trygg atmosfære.

Det første pilotintervjuet var særleg viktig. Det viste meg kva som var viktig å endre og forbetre til neste intervju. Det lærte meg at eg måtte vere meir granskande i situasjonen. Ikkje sleppe taket og gå for raskt vidare utan at eg viste at svarta var godt utdjupa. Det første pilotintervjuet skrapte berre i overflata, og saman med rettleiar fekk eg innsyn og hjelp i spørjeteknikkar som hjelpte meg til å få den informasjonen eg ynskte. Dette tok

eg med meg inn i det andre pilotintervjuet. Der erfarte eg at det å stille oppfølgingsspørsmål som til dømes «fortel meir om dette», «utdjup meir» eller «kva tenkte du då?» var nyttig og ga betre data for analyse.

Gjennom pilotintervjua vart relevansen til spørsmåla kvalitetssikra og tidsbruken på intervjua testa. Eg fekk tilgang til data som eg transkriberte og prøvde å analysere. Etter første pilotintervju vart nokre av spørsmåla endra på og prøvd ut i det andre pilotintervjuet. Pilotintervjua var viktig og nødvendige av fleire grunnar. Eg fekk prøvd ut bruk av Zoom, sikra at lydopptakaren fungerte og gav god lyd og at kamera og nettdekninga var tilstrekkeleg god.

### **5.3.5 Gjennomføring av intervju**

Koronapandemien gjorde intervjustituasjonen annleis enn den elles ville vore. Det vart umogleg å gjennomføre intervjua ansikt-til-ansikt, slik som planlagt fordi nasjonale retningslinjer for smittevern oppmoda om ikkje å omgåast andre. Norsk senter for forskingsdata (NSD) publiserte i den samanheng tips på sine nettsider til korleis ein på tryggast mogleg måte kan gjennomføre forskingsprosjekt under koronautbrotet. NSD skriv at i prosjekt der personvernulempa er låg, kan ein gjennomføre intervju ved hjelp av digitale plattformer. Dei skriv at i slike tilfelle vil den digitale plattforma bli rekna som ein databehandler. Difor vart videosamtale på den digitale plattforma Zoom nytta. Etter tilråding frå NSD vart dette gjort gjennom ein digital brukarkonto frå Noregs Idrettshøgskule (NSD, 2020).

Informert samtykke inneber at intervjuobjekta blei informerte om det overordna formålet med undersøkinga og om hovudtrekka i forskingsdesignet. Vidare fekk dei vite at det var frivillig å delta og at dei når som helst kan trekke seg frå prosjektet utan konsekvensar (jf. Kvale & Brinkmann, 2015, s. 104-105). Samtykkeskjemaet og opplysningsa om kva rettar informantane hadde vart sendt ut på førehand. Samtykke kan ifølgje NSD hentast inn ved lydopptak. Ved oppstart av intervjuet tydeleggjorde eg informasjonen som var gitt i samtykkeskjemaet. Spesielt la eg vekt på informasjonen kring teieplikt, anonymisering, databehandling, deira tilgang på transkripsjon og at dei kunne trekke seg frå prosjektet når som helst. Alle informantane som stilte til intervju gav munnleg samtykke (NSD, 2020).

Det var viktig at både forskar og informant såg kvarandre under intervjuet, for å få det mest mogleg likt eit ansikt-til-ansikt intervju. Kvaliteten på det originale intervjuet er ifølgje Kvale og Brinkmann (2015, s. 193) avgjerande for kvaliteten på den seinare analysen, verifiseringa og rapporteringa av intervjuet. Grunna personvern er det ikkje tillat å gjere lydopptak gjennom zoom-tenesta, eller standard opptak via mobiltelefonen. Lydopptaket vart difor gjort med lydopptakar. Dette verktøyet gav god lydkvalitet og gjorde arbeidet med transkripsjonen lettare.

## **5.4 Analyse og databehandling**

### **5.4.1 Transkripsjon**

Etter at intervjuet var gjennomført vart dei transkribert frå munnleg til skriftleg form. Dette inneber følgje Kvale og Brinkmann (2015, s. 204) ein fortolkingsprosess der skilnadane mellom talespråk og skrivne tekstar kan skape ei rekke praktiske og prinsipielle utfordringar. Intervjuet som vart gjennomført kan omtala som eit direkte sosialt samspel, der det temporale utfoldstempoet, stemmeleie, og kroppsspråket er ein del av intervjuet, men som ikkje let seg uttrykke gjennom transkripsjonen.

Transkripsjon fangar slik sett ifølgje Kvale og Brinkmann (2015, s. 205) ikkje opp det direkte sosiale samspelet. Transkripsjonen blir difor omtalt som dekontekstualisert.

Eg valte å transkribere ordrett det informantane sa i intervjuet. Dette fordi eg ikkje ville miste dei meiningsberande elementa. Kvaliteten på lydopptaka var svært god og arbeidet med å transkribere lydfilene vart slik sett ein rask og effektiv prosess. Ordlydar som «ehh» og «hmm» vart til dømes inkludert i transkripsjonen, men tatt vekk i sitata i empiri- og diskusjonskapitelet. Også lange og korte pausar, vart markerer med teiknsetting.

Intervjuet vart fortløpende transkriberte og det vart notert ned ulike refleksjonar undervegs. I arbeidet med transkripsjonen vart spesielt interessante utsegn markert i teksten. Når intervjuematerialet var strukturert i tekstform, vart det lettare å få oversikt. Dette er i seg sjølv ei byrjing på analysen (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 206).

### **5.4.2 Analyseprosesessen**

Det var alt lagt ein plan på korleis transkripsjonen skulle analyserast før intervjeta vart gjennomført. Kvale og Brinkmann (2015, s. 216) seier at ein aldri skal stille spørsmålet om korleis dette skal gjerast etter at intervjeta er ferdig transkribert. Ei viktig erfaring her var kunnskapen frå pilotintervjeta. At pilotintervjeta allereie var analysert opp mot teori gjorde det vidare arbeidet meir oversikteleg og meir overkommeleg. Stikkord her har vore å ha ein klar plan. Sett på spissen kan ein seie at grunnlaget for analysearbeidet allereie var gjort når eg skrudde av lydopptakaren etter intervjuet (Kvale & Brinkmann 2015, s. 216)

Spørsmåla i intervjuguiden bygde på problemstillinga og forskingsspørsmåla. Refleksivitet i forhold til eiga forsking var også viktig for god vitskapleg kvalitet. Mi eiga rolle var viktig å ta omsyn til med tanke på analysearbeidet, særleg det som gjeld forforståing. Det var no tid for å gå meir systematisk inn i arbeidet med det transkriberte datamaterialet.

### 5.4.3 Dataanalyse

Det er fleire ulike måtar ein kan gjennomføre analysen av eit datamateriale på og det gjeld å finne den måten som egna seg best for mi oppgåve. Det finst mange vegar til målet, det er difor viktig å vere transparent på metoden ein nyttar seg av (Malterud, 2013, s.111) Eg sat igjen med mykje transkribert materiale, men kjende likevel at eg hadde god oversikt. For å analysere materialet henta eg inspirasjon frå det Malterud (2013, s. 91-111) kallar tekstkondensering. Denne framgangsmåten har fire steg. Den gir råd om korleis ein kan gå fram for å organisere, tolke og samanfatte datamaterialet. Under tabellen vil eg vise korleis eg har gått fram i analyseprosessen, med inspirasjon frå Malterud sin tabell.

**Tabell 2:** Analysestegene i systematisk tekstkondensering (Malterud, 2011, s. 111).

Tabellen viser dei fire ulike analysetrinna Malterud skisserer. Modellen er forenkla av meg.

1. Steg	<ul style="list-style-type: none"><li>Fem-åtte førebelse tema. Identifiserte ved første gjennomlesning</li></ul>
2. Steg	<ul style="list-style-type: none"><li>Førebelse tema dannar grunnlaget for forhandlingar om kodar. Kodane nyttast som grunnlag for sortering av meiningsberande einingar i kodegrupper. Kodene blir justerte og definerte i kodeprosessen.</li></ul>
3. Steg	<ul style="list-style-type: none"><li>Kvar kodegruppe blir deretter delt inn i subgrupper. To til tre. Synleggjer ulike fasetter av innhaldet i kodegruppa, som verkemiddel for tekstkondensering.</li></ul>
4. Steg	<ul style="list-style-type: none"><li>Kategoriar (tre til fem). Blir utvikla når essensen vert trekt saman i kvar av dei kondenserte kodegruppene. Dette er så grunnlaget for underavsnitta i resultatkapitelet.</li></ul>

For å bli kjent med det transkriberte materialet leste eg over fleire gonger. I denne fasa er det ifølgje Malterud viktig å sjå teksten utanfrå, og ikkje vere for opptatt av detaljar. Ein er ute etter å sjå heile biletet, og ikkje enkeltutsegn kvar for seg. Underveis markerte eg ting som var viktige og identifiserte tema.

Så gjekk eg over til steg to som handla om å skilje mellom vesentleg og uvesentleg informasjon. Uvesentleg informasjon er ofte ifølgje Malterud (2011, s. 92) informasjon som ikkje kan bidra til å utvikle ny kunnskap. Den er ikkje til hjelp til å svare på problemstillinga. Mykje av det transkriberte materialet vart såleis lagt til side, då det ikkje var relevant for vidare analyse. Samtidig var det viktig å ikkje kutte for mykje, slik at viktige samanhengar gjekk tapt.

Når eg hadde fått god oversikt, byrja eg å sortere materialet i ulike tema i tråd med intervjuguiden. No starta arbeidet med å leite etter mønster og korleis eg kunne identifisere og formidle det som kom fram i undersøkinga (jf. Malterud, 2011, s. 92-100). Masteroppgåva har ei abduktiv tilnærming. Den har ein relativt teoristyrta inngang. Målet var likevel samtidig å vere open for at empirien kan gi ulike perspektiv. Teorien og dei kategoriane eg hadde med meg inn i intervjuet vart såleis ikkje einerådande.

Først klippte eg og limte inn datamaterialet etter inndelinga på intervjuguiden. For å gjere dette mest mogleg oversikteleg, arbeidde eg først med kategoriane som låg i intervjuguiden. Dei ulike inndelingane blei då «møte med speedgliding/rekruttering og deltaking», «frigjering og oppfatning av speedgliding som aktivitet», «kjønn og speedgliding», og «bakgrunn».

Eit dokument med fargekoder blei oppretta, der eg sorterte materialet inn etter «bakgrunn», «det andre kjønn», «frigjering», «eksistensiell fridom», «moralsk fridom», «konkret fridom». Dette var omgrep eg hadde med meg frå teorien og forskinga eg hadde lest på førehand. Desse omgrepene hadde vore sentrale i utarbeidingsa av struktur og spørsmål i intervjuguiden. Samtidig la eg vekt på å opne for perspektiv, basert på det kvinnene sjølv tematiserte i intervjuet. Det vart såleis oppretta ein kategori eg kalla for «perspektiv frå kvinnene si side». der eg samla opp informasjon som handla om kvinnene sine perspektiv basert på erfaringane dei hadde gjort seg som deltakrar i speedglidermiljøet.

Så vart det oppretta ulike koder. Her vart dei delane som kunne setje lys på problemstillinga sortert inn i meiningsberande einingar (Malterud, 2013, s. 100-104). Eksempel på kodar som vart oppretta er til dømes «morsrolle» «tryggleiksvurdering», «miljøet», «eksterne i miljøet» «jentegrupper» «guttastemning» osb. Sitat som høyrde

heime under dei ulike kategoriane blei såleis klipp og limt inn i ulike kolonnar som eg oppretta. Nokre av sitata gjekk igjen i fleire kolonnar. I arbeidet veksla eg mellom å arbeide digitalt og med penn og papir. Å jobbe digitalt gjorde arbeidet raskare, men når eg arbeidde med analyse på papir var det lettare for meg å reflektere over kva utsegna inneheldt.

Det tredje steget handlar å stille spørsmål til materialet, og å lese og organisere data i lys av dette, for å så gjenfortelje resultata på ein god, forståeleg, relevant og systematisk måte (Malterud, 2011, s. 92-100).

Det siste steget var å sjå over det kategoriserte materialet og leite etter utsegn som var like, eller som motsa kvarandre. Eg leita etter mønster i svara og prøvde å «dykke ned i svara» å sjå på kva dei eigentleg fortalte. Det var såleis viktig at mi analyse var i samsvar med dei forteljingane informantane hadde gitt, og ikkje klipp og limt ut av sin samanheng.. Sjølv om kritisk og feministisk teori som vitskapeleg forankring gav meg bestemte «briller» til å lese materialet, prøvde eg også å vere open for fleire perspektiv basert på dei forteljingane kvinne sjølve gav. Ein fordel eg hadde med meg igjennom heile prosjektet var at eg kunne stille informantane mine oppfølgingsspørsmål om eg hadde forstått og tolka det dei meinte rett. Dette var ei sikkerheit, med tanke på at tolkingane ikkje utelukkande blei teoristyrte, men opna for meir empiristyrte tolkingar.

## **5.5 Validitet, reliabilitet og overføringsevne**

Det er viktig å vurdere forskinga sin relevans og den vitskaplege metoden som er nytta. Samtidig er det ifølgje Thaagard (2015, s. 93-94) viktig at forskingsprosessen er transparent og til å stole på. For å få til dette har eg gjennom metodekappitelet prøvd å vise korleis eg har kome fram til sluttresultatet ved dei val som har blitt tatt, samt belyse forskingsstrategi og analysemетодar. Målet er gjere det mogeleg for lesaren å ta på seg dei same «forskarbrillene» som eg har hatt i mitt arbeid (jf. Dalen, 2011, s. 93).

Vurderinga av truverdet til masteroppgåva handlar om kor godt eg som forskar har presentert pålitelege (valide), gyldige (reliable) og overførbare data. Alt dette heng saman, og er viktig for å skape truverd i forskingsarbeidet (Drageset & Ellingsen, 2010, s. 332–335).

### **5.5.1 Validitet**

Validitet handlar om kor godt eigna ein metode er for å undersøke det den skal undersøke (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Pervin (1984, s. 48) omtaler det som «I hvilken grad våre observasjoner faktisk reflekterer de fenomenene eller variablene som vi ønsker å vite noe om». Som forskar bør ein vere observant og ta omsyn til si eiga oppfatning av fenomenet ein skal undersøke. Validiteten kan bli farga av at forskaren allereie har etablerte førestillingar om fenomenet. For å styrke validiteten bør forskaren vere kritisk gjennom analyseprosessen og reflektere kritisk over eigne tolkingar. Det at eg er nysgjerrig på temaet og har lest mykje på førehand om tilgrensande felt, gjer at eg hadde danna meg bilete av feltet. Det var difor viktig å presentere mi forståing og tankar, slik at informantane var klar over min ståstad. Dette gjeld også for lesarane, noko som vart omtalt tidlegare i metodekappitelet (j.f situering). Validitet handlar også om grunnlaget for at resultata kan ha overføringsevne (Thaagard, 2015, s. 194). Meir om dette seinare i kapitelet.

### **5.5.2 Reliabilitet**

Thagaard (2015, s. 193) skriv at reliabilitet handlar om forskinga si pålitelegheit. Thagaard forklarar det med at om ein annan forskar skulle gjort det same prosjektet ved å nytte seg av same metode, ville vi kome fram til det same resultatet. Slik sett må ein som forskar vere tydeleg på korleis framgangsmåten og datainnsamlinga har gått føre seg. Det er viktig å skilje mellom informasjon ein har fått frå informantane og eigne vurderingar og tolkingar ein har gjort. Samtidig kan det vere vanskeleg å tenkje seg at resultata av ei undersøking ikkje vil vere påverka av kven som stiller spørsmåla. Det er heller ikkje usannsynleg at kvinnene i intervjuet kan endre seg frå første til eit eventuelt seinare intervju. Spørsmåla kan også oppfattast annleis enn slik dei var meint, eller intervjuobjekta kan ha fått meir kunnskap om temaet eller endra sine personlege haldingar om intervjua blir gjennomført på eit seinare tidspunkt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276).

### **5.5.3 Overføringsevne**

Statistisk generalisering er ikkje relevant i kvalitativ forsking. Difor blir omgrepet «overførbarhet» eller «overføringsevne» brukt. Kvale og Brinkmann hevdar dette handlar om at «... den kunnskapen som produseres i en spesifikk intervjustituasjon,

kan overføres til andre relevante situasjoner» (Kvale & Brinkmann, 2015 s. 290). Thaagard skriv at den forståinga forskaren utviklar innanfor ramma av det enkelte prosjekt, også kan vere relevant i andre situasjonar. Målet er å få informasjonen som kan vere nyttig for personar i andre miljø og i andre kontekstar. Difor er det også viktig at leseren får god innsikt i kva som særpregar den konteksten studien er gjort i. Det gjer det lettare å skape seg eit inntrykk av kva som kan samanliknast og ikkje.

Mine funn kan såleis vere nyttige for andre typar livsstilsidrettar, men også for andre typar miljø der kvinner er i mindretal. Det kan vil heilt klart kunne gjelde andre kvinner som er aktive i speedglidingmiljøet og andre luftsportidrettar. Det kan også handle om kvinner og frigjering meir generelt. Likeins kan det vere svært relevant for dei som arrangerer kurs for utøvarane eller for dei som arbeidar på folkehøgskular der dei har speedgliderkurs.

## **5.6    *Etiske refleksjonar***

Uansett type datainnsamling vil det vere viktig å overhalde visse etiske prinsipp. Konfidensialitet og informert samtykke er ei side ved dette. Det handlar også om å ivareta integriteten til intervjudelpersonane. Som forskar står eg ansvarleg for å unngå at undersøkinga er til skade eller belastning (Alver, 2015).

Eit av dei etiske dilemma var om kvinnene på nokon måte kunne føle seg pressa til å delta. Som forskar hadde eg kjennskap til ein av intervjudeltakarane. Dei andre vart kontaktat via denne kontaktpersonen. Ingen gav likevel uttrykk for at dei opplevde dette som eit problem.

Ei anna utfordring var å sikre anonymiteten. Noregs luftsportsforbund har mange medlemmar, men det er ikkje så mange kvinner som er aktive med speedgliding. Når forskingsdeltakarane kjem i frå ein synleg minoritet, som kvinner i ein mannsdominert idrett, er det ein viss risiko for at nokon med har kjennskap til miljøet kan identifisere dei (jf. Thaagard, 2015, s. 178-179). To tiltak var difor viktige: Det er lite personrelaterte opplysningar i det publiserte materiale. Kvinnene kjem dessutan frå ulike delar av landet utan at dette er gjort greie for.

### **5.6.1 Konfidensialitet**

Eit grunnprinsipp for ein etisk forsvarleg forskingspraksis er ifølgje Thaagard (2015, s. 28) kravet om konfidensialitet. Det er strenge krav til oppbevaring av innsamla informasjon som til dømes, e-postlister, namnelister eller andre opplysningar som gjer det mogleg å identifisere enkeltpersonar (Thaagard, 2015, s. 28-29). Bruk av pseudonym i transkripsjonen av intervjeta har vore brukt som eit tiltak. Namnet til deltakarane og andre opplysningar som kunne identifisere dei vart aldri lagra på datamaskina. Dei transkriberte intervjeta blei oppbevart i passordbeskytta digitale mapper på datamaskina og det materialet som vart skrive ut blei oppbevart på ein trygg stad. Alt vil bli sletta etter prosjektslutt.

### **5.6.2 Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste**

Forskningsprosjektet henta personopplysningar frå informantane mine og var slik sett meldepliktig til Norsk Samfunnsvitenskapelige Datatjeneste (NSD) (jf. Thagaard, 2015, s. 25). NSD godkjende prosjektet hausten 2020, og prosjektet kunne då innhente informasjon i samsvar med personlovgjevinga (vedlegg 9.2).

## 6. Resultat og diskusjon

*Bare de tamme fuglene har en lengsel. De ville flyr.*

Elmer Diktonius

For å svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla bygger kapittelet på dei åtte intervju, samt kontekstdelen og det teoretiske oppspelet for oppgåva. Dei teoretiske omgrepa til Beauvoir (2000) og tidlegare forsking om kvinner i mannsdominerte idrettar er sentrale i drøftinga. Omgrepa «det annet kjønn», «eksistensiell fridom», «konkret fridom» og «moralsk fridom» er sjølvsagt viktige. Målet er å identifisere og diskutere erfaringane til kvinnene, både sett i lys av korleis dei sjølve uttrykker seg og i lys av dei skisserte teoretiske perspektiva. Samtidig er det eit mål å prøve å forstå empirien på bakgrunn av dei forteljingane kvinnene sjølve presenterer. Det krev at eg også må vurdere andre element enn berre kjønn og frigjering. Det handlar om faktorar som kan verke inn på deltaking, om å drøfte relevansen av funna i ein større samanheng, og å sjå dette i samanheng med forhold som ikkje spesifikt handlar om speedglidermiljøet.

### 6.1 Kven er desse kvinnene?

Først vil eg seie litt om dei åtte kvinnelege speedgliderane. Dei er aktive i ein livsstilsidrett som få driv med, og ikkje minst få kvinner driv med. Ifølgje Wheaton (2004, s. 11) er ein typisk livsstilsportutøvar ein ung, kvit, velutdanna og heteroseksuell mann. Unnatak finst sjølvsagt, og desse kvinnene er eit eksempel på det. Difor var det særleg interessant å finne ut meir om nettopp desse kvinnene. Det er interessant å få vite kva bakgrunn dei har. Har dei spesielle kjenneteikn som enkeltpersonar, med tanke på idrettsbakgrunn, bakgrunn frå bestemte miljø eller liknande? På same måte er det viktig å forstå ulike typar prosessar som gjer at desse kvinnene søker dette miljøet, til dømes som ein protest mot organisert idrett eller mot det kropps- og helsefokuset som pregar dagens samfunn.

Alle informantane er gitt fiktive namn. Du vil her møte dei som Anna, Bente, Camilla, Dagny, Eva, Frida, Gina og Hilde. For å sikre anonymiteten til kvinnene blir det ikkje knytt bestemte opplysningar til kvart enkeltnamn. Det blir rett nok oppgitt at Bente har

barn. Dette har Bente gitt ekstra samtykke til i etterkant av intervjuet. Alle informantane hadde aktiv flygarlisens då intervjuva vart gjennomført. Det varierte kor lenge det var sidan dei gjennomførte kurset. Dei var i aldersgruppa 20-35 år. To av informantane var blant dei første i landet til å få flygarlisens, og var slik sett med på oppstarten av sporten i Noreg. Nokre av kvinnene hadde fått lisensen gjennom eit år på folkehøgskule. Dei resterande hadde blitt introdusert til idretten gjennom venar og kjende.

Eit fellestrekks for alle kvinnene er at dei heile livet har vore fysisk aktive. Dei uttrykte at fysisk aktivitet var ein viktig del av kvardagen. Det å ha interesse for natur, toppturar og fysisk aktivitet var eit fellestrekks. Alle hadde interesse for friluftsliv, og nokre av kvinnene omtalte speedgliding som ei «utviding» av friluftslivsinteressa.

Friluftslivsinteressa danna såleis eit viktig grunnlag for at dei kom inn i speedglidermiljøet. I samtalene med kvinnene kom det fram at alle var resurssterke kvinner som enten kombinerte hobbyen med utdanning, eller arbeid som krev akademisk utdanning.

Wheaton (2004, s. 11) skriv at eit felles etos for livsstilsportane er at deltakarane er opptekne av deltaking og amatørisme. Eg lurte såleis på om kvinnene i speedgliding distanserte seg frå den organiserte idretten (ofte prega av strengare rammer og prestasjonskrav) og over mot den eigenorganiserte idretten for å frigjere seg frå «strenge» rammer for deltaking. I intervjuva uttrykte derimot kvinnene at dei sjølve ikkje såg på deltaking i speedgliding som ein protest mot den organiserte idretten. Tvert i mot hadde dei gode erfaringar frå den organiserte idretten. Samtidig fortalte dei at det å vere aktiv i speedgliding gav dei større fridom og fleire moglegheiter enn tradisjonell idrett. Det var ikkje så viktig å vere prestasjonsorientert, men heller ha det kjekt. Kvinnene gav uttrykk for at dei likte at sporten var individualistisk. Dei var verken avhengige av andre eller mykje organisering. Fleire fortalte at det var viktig å komme seg ut når det passa for dei sjølve. Det var så lett som å pakke sekken med vengen oppi og gå på nærmaste fjelltopp. Det kan sjå ut til at kvinnene sette pris på å vere aktive i ein idrett der det verken er faste treningstider eller organisering på andre måtar. Fleire slo fast at det å kunne kombinere hobbyen med andre aktivitetar som arbeid, studie og andre interesser var ein viktig føresetnad.

Hilde fortel at:

Det har mykje å seie at ein kan drive på når ein vil. Eg har jo liksom berre ein ekstra duk i sekken. Du har kjøpt utstyret ein gang og da er du fri til å holde på når du vil. Det å hoppe fallskjerm er mykje dyrare. Fallskjermhopping er veldig avhengig av mykje meir organisering og det er dyrt, mens i speedgliding er det liksom ikkje noko stress og ein kan drive med det når ein vil nesten kvar som helst.

Fleire av kvinnene hevdar også at idretten ikkje krev så mykje økonomisk. Ein vel sjølv kor mykje ein vil reise, for eksempel på festivalar, eller kva ein brukar på å kjøpe nytt utstyr. Dei fortel at kurset sjølvsagt kostar litt, men om ein har investert i ein speedglidervenget og lisensen, er ikkje utgiftene store.

Deltakarane i livsstilsidrettar er ofte opptekne av å vere individuelle utøvarar og sjølvstendige (Wheaton, 2004, s. 11). Slik er det for speedgliderkvinnene også. Anna ser på fridomen og det individualistiske i sporten som sentralt. Då kan ho vise for seg sjølv at dette er noko ho kan gjere heilt aleine. Ho seier til dømes at:

Det har vore viktig at ein kan vere i stand til å vere heilt fri. Eg vil sjekke inn med meg sjølv at eg er heilt fri og at eg ikkje er avhengig av nokon rundt meg for å ta ein flygetur. Du må kunne stå på ein take-off og kunne vurdere for deg sjølv om det er trygt å flyge og ikkje måtte vere avhengig av andre for å kunne spørje om det er trygt å flyge. Det gir ei enorm kjensle av fridom og makt til å styre mitt eige liv.

For kvinnene er ikkje helse og kropp eit fokus i utøvinga av sporten, sjølv om dei opplever at dette er eit tema som dei er litt opptekne av elles i livet. Camilla fortel at for henne er det viktig å vere lett i kroppen, sterkt og i god fysisk form for å «henge med» på turane opp til toppen. «Det er slik sett fysisk utfordrande», seier ho, «og difor motiverer det meg til å holde meg sprek». Gina seier at sjølv om speedgliding er ein idrett der kropps- og helsefokus ikkje er så synleg, vil ein uansett kunne møte desse forventningane på andre arenaer. Anna gir uttrykk for at ho ikkje kan frigjere seg frå til dømes kroppspress på andre arenaer. Ho seier at det å trenere på treningsstudio og drive med speedgliding ikkje kan samanliknast. Ho fortel at dei har eit heilt anna fokus på treningsenteret enn i luftsporten og legg til at:

Eg trur ikkje eg hadde hatt det like bra med meg sjølv om eg berre trente på treningsstudio. Det er noko heilt anna å gå på treningsstudio, og difor blir kanskje fokuset meir på kropp og det å sjå bra ut der enn på fjellet med duken. Ein er ikkje redd for å ikkje komme heim i live på eit treningsstudio, og det gjer noko med miljøet for dei som er aktive og kva kjensler det gir. Ein har nok ikkje plass til slike tankar når sporten er som han er.

Gina ser likt på det. Ho seier:

Det er jo ei treningsøkt med ein bonus eigentleg, men eg ser ikkje på det slik. Det er ei fridomskjensle definitivt. Det er noko heilt anna enn å trene på treningsenter. Eg opplever det som to forskjellig verder. Treningssenter er noko ein gjer fordi ein må, medan speedgliding er noko ein vil då. Speedgliding handlar ikkje om å sjå bra ut. Det er på ein måte det same som at folk glede seg til å gå på fest. Det er ikkje som ein jobb liksom. Det er noko du gjer av rein lyst.

Det å prestere bra, eller bli verdsett av andre var heller ikkje så viktig. Dei var heller opptekne av at dei kunne ta seg ein flygetur utan å til dømes legge det ut på sosiale media for å få merksemd eller likarklikk. Det var heller ikkje viktig å legge ut videoar der dei tøyar grensene eller får flyginga til å sjå risikofylt ut. Fleire peikte på at dei opplevde at kvinner ofte promoterer sporten annleis enn menn i sosiale medium. Menn lastar gjerne opp videoar der sporten trer fram som ekstrem og svært risikofylt.

Dei trur at for mennene handlar det meir om å tøye grensene. Kvinnene er meir opptekne av tryggleik. Dette tyder på at livsstilsidrettar også kan bere preg av konkurranse og prestasjonskrav, og at tanken om at livsstilsidrettane er frie frå prestasjons- eller konkurransepreg ikkje alltid stemmer (Wheaton, 2004, s. 11). Samtidig fortel dei også om fordelar med å flyge saman med kompisar. Enkelte av kvinnene gir for eksempel uttrykk for at dei opplever det som meir trygt å flyge med menn. Dei stolar på at mennene gjer gode vurderingar knytt til tryggleik fordi dei flyg på eit teknisk og meir utfordrande nivå. Slike utsegn står likevel i motsetning til at dei sjølv hevdar at dei flyg tryggare og pushar mindre grenser enn menn gjer.

Kvinnene sine forteljingar tyder på at dei føler seg godt tatt i mot i speedglidermiljøet. Samtidig fortel dei historier der det kjem fram at dei i nokre tilfelle likar betre å flyge med venninner framfor kompisar. Dei snakkar om eit fellesskap mellom speedgliderkvinnene, sjølv om dei geografisk er spreidd rundt om i Noreg. Dei er opptekne av å vere ein del av eit kvinnemiljø. Då kan dei søke saman, diskutere og dele

erfaringar. Dei opplever at dei som kvinner forstår kvarandre. Det at dei søker saman i grupper når det er mogleg, samsvarar også med funna som vart presentert i kapittel 3 (Atencio, et al., 2009; Langseth, 2012; Sisjord ,2011; Wheaton, 2013). Dei fortel at dei set pris på alle kompisane dei flyg saman med, men legg vekt på at dei føler mindre press og konkurranse om dei flyg aleine eller saman med andre kvinner. Gina fortel til dømes: «når eg flyg med gutta opplever eg det ofte som om dei masar litt om at eg ikkje skal vere så pinglete og eg føler det blir litt konkurranse i å flyge tøft». Tidlegare forsking om kvinner i livsstilsidrettar viser at dei ofte går saman og lager einkjønna grupper. Vi ser ein parallel til dette i at kvinnene set pris på å flyge saman. Samtidig er dette noko som skjer sjeldan, fordi dei er busett på ulike stader i landet. Dermed blir kvinnegrupper meir unntaket enn normalen. Slik sett skil desse kvinnene seg frå andre studiar av kvinner i livsstilsidrettar (j.f kap 3). Det handlar om at dei ofte ikkje har noko alternativ.

Oppsummert kan ein seie at kvinnene er resurssterke, med etnisk vestleg bakgrunn, opptekne av sjølvrealisering, akademisk utdanna, samtidig som dei ser på seg sjølv som sjølvstendige (j.f. Wheaton 2004, s. 11). Dei prioriterer å realisere draumane sine, og er opptekne av å realisere seg sjølv og sitt potensial. Dette gjeld både med tanke på yrkesliv og fritid.

Dei elskar å vere i aktivitet og friluftslivet er ein viktig del av interessa. Dei opplever også fordommar knytt til kjønn. Dette blir tema seinare. Så langt er det tilstrekkeleg å slå fast at ingen av informantane opplevde det som ei hindring at det var få kvinner i aktiviteten før då dei byrja. Dei ser heller ikkje på speedgliding som ei frigjering frå andre idrettar, helse- og kroppsfookus eller plikter i samfunnet elles. Dei omtalar det å starte med denne idretten som eit naturleg val, som dei berre «sklei inn i». Det sosiale nettverket har derimot vore viktig, at dei for eksempel har meldt seg på kurs med nokre dei kjenner frå før. Det at kvinnene omtala vegen inn i sporten som ei naturleg reise kan tyde på at synet på kva som er sosialt akseptert for kvinner å ta del i har utvikla seg med åra. Slik sett kan idrettshistoria og kvinner sine tidlegare kampar for å ta del i idretten, ha vore ei hjelp for dei.

## **6.2 Det andre kjønn**

Idrettshistoria har vist oss at rammene for deltaking er i stadig endring. Ulike aktivitetar har hatt sine tradisjonar, også med tanke på kven som tek del (Erichsen, 2017, s. 95-97). Deltaking har ikkje alltid vore mogleg for alle, og kjønn har vore ei av dei viktige avgrensingane. I dag er dei fleste arenaer i prinsippet opne for alle, både kvinner og menn, i alle fall i vår del av verda. Spørsmålet er likevel om kvinner og menn alltid deltek på same vilkår.

Målet med mi oppgåve er å forstå kvinnene si deltaking og posisjon i det miljøet dei er ein del av. Det er her stemmene frå kvinnene i speedglidermiljøet kan hjelpe oss med meir innsikt. Kva erfaringar har dei frå sitt miljø? Korleis stemmer desse erfaringane med anna forsking på kvinner i livsstilsidrettar, og på kva måte kan eventuelt tankane Beauvoir (2000) hadde for over 70 år sidan hjelpe oss å forstå dei opplevingane og erfaringane unge kvinner har i dag?

Det er ikkje tvil om at kvinnene som er ein del av speedglidermiljøet har bein i nasa. Dei føler seg ikkje spesielle og tenkjer at det er heilt naturleg og normalt at dei kan drive med akkurat det dei vil. Dei føler seg som heilt normale unge kvinner, men legg ikkje skjul på at dei opplever at samfunnet rundt dei ser på deira deltaking som noko utradisjonell og normbrytande.

I samtale med kvinnene er det to ting som peikar seg spesielt ut. Dei opplever at samfunnet rundt har tankar om dei, og det dei driv med. Dei må stadig forsvare sitt val av aktivitet. Dette kjem fram gjennom historier dei fortel om korleis folk rundt dei, både i nære og fjerne relasjonar, har ei mening om kva dei driv med. Det er naturleg å drøfte dette opp mot frigjeringsomgrepet.

Det andre punktet som peikar seg ut er at kvinnene føler seg godt tatt i mot i miljøet, sjølv om dei er i mindretal. Samtidig erfarer dei ofte at dei må forsvare sin plass og sine ferdigheter i miljøet, og at dei ikkje sit på definisjonsmakta over kva som er ein god speedgliderpilot. Dei føler vidare på eit ansvar for at tryggleiken blir ivaretatt. Alle desse erfaringane er klart kjønna. Her er tankane til Beauvoir (2000) om det andre kjønn interessant. Det særleg spennande å vurdere dette i lys av at speedglidingsmiljøet er eit relativt nytt miljø. Spørsmålet er då om kvinnene kjenner at det er dei maskuline

verdiane som rår også her, slik idrettshistoria og tidlegare forskinga frå andre miljø viser (j.f. kap 2 og 3).

### **6.2.1 Vi må ta plassen vår**

Sjølv om det er få kvinner i idretten, opplever dei ikkje at dei på nokon måte blir forsøkt haldne utanfor. Det første steget inn i idretten vart ikkje opplevd som ei barriere. Først når dei var ein del av miljøet la dei merke til at det var visse sider ved deltakinga som var kjønna, eller har bakgrunn i kjønn. Forteljingane frå miljøet gir eit bilet som er todelt. Kvinnene har det kjekt og føler idretten er tilgjengeleg for alle. I tillegg har dei framleis ei kjensle av at dei må «ta sin plass i miljøet». Eva seier til dømes at:

Eg føler ofte at eg som kvinne må bevise overfor menn at eg kan å flyge. Vi unge jentene føler verkeleg at vi må ta vår plass og bevise at vi kan noko. Vi må «gønne på» da. Vi opplever det spesielt når vi er hjelpeinstruktørar på opplæring av nye pilotar. Menn må ikkje bevise at dei kan flyge på same måte som vi må. Dei får respekt med ein gang.

Eva opplever at ho må overtyde det motsette kjønn om at ho faktisk høyrer heime i sporten. Det same gjer seg gjeldande når ho møter ferske pilotar, til dømes som instruktør på opplæringskurs, men også i møte med omverda elles. Det kan vere kollegaer, vennar, familiemedlemmar eller tilfeldig forbipasserande på toppen av eit fjell. Gina fortel at «eg har ikkje tal på kor mange gangar eg har måtte forsvare overfor utanforståande kvifor eg driv med det eg gjer». Kvinnene er samde om at det ikkje berre er kvinner som må forsvare deltakinga i det som blir sett på som ein risikosport, men dei trur dei får fleire kommentarar enn deira kompisar. Gina fortel:

For oss kvinnene i miljøet er det ikkje spesielt å vere jente, men for samfunnet elles er det rart. Vi har hatt mange opplevelingar der folk på toppen kjem forskrekka bort til oss og stiller spørsmål til at vi faktisk skal flyge. Kanskje nesten i sjokk over at vi skal flyge sidan vi er jenter. Vi opplever at fordi vi er jenter må vi vere ekstra forsiktige, noko som er litt ironisk sidan vi føler vi tek omsyn, men at kanskje gutta heller burde få slike kommentarar i blant? Okey så fordi vi er jenter må vi vere forsiktig. Det var faktisk ein gang ein mann som skulle ta bilet av meg fordi eg var jente. Han skulle ha bilde av meg liksom, fordi han synes det var så rart å sjå ei jente som skulle flyge.

I intervjuet kjem det fram at kvinnene opplever at omverda tilsynelatende er meir uroa for at det ikkje skal gå bra med dei som kvinner jamført med mennene. Frida fortel at:

Det er veldig mange vaksne som er bekymra for det vi driv med. Folk har sagt til mamma sånn at «herregud, hadde dette vore mi dotter hadde ho ikkje fått lov å halde på sånn som dette». Og viss det hadde vore ein gut hadde det vore greitt liksom?

Fleire av kvinnene fortel om liknande historier. Dagny seier det slik:

Eg trur folk tek den moglegheita dei får til å fortelje meg at eg ikkje har blitt vaksen. Det kjem stadig vekk drypp av kommentarar eg opplever som kritikk. Eg trur ikkje menn i like stor grad opplever at dei må forsvare seg sjølv og sin idrett. Eg introduserte kollegaen min for sporten. Han kan snakke varmt om sporten til andre rundt oss utan at han stadig får slike kommentarar på at han snart må ta til fornuft.

Samtidig opplever kvinnene å bli tatt godt i mot i miljøet når dei har vist at dei faktisk kan flyge. Det kjem fram at det meir er omverda og samfunnet som har vanskeleg for å akseptere det. Gina fortel:

I speedglidermiljøet er det no meir normalt å vere kvinne. Eg trur menn synest det er kjekt at vi er med. Vi blir stort sett tatt godt i mot, men det er sjølvsagt nokon cowboyar som styrer skuta og køyrer sitt eige løp nokre ganger.

Sitatet stemmer også godt over eins med det dei andre gir uttrykk for. Det er når det kjem nye pilotar, slik kommentaren frå Eva viste, at dei kjenner at dei må vise at dei hører heime og bevise at dei også kan flyge. Det same gjeld med tanke på andre sosiale samanhengar, som til dømes i forhold til kollegaer eller andre utanforståande.

Kvinnene opplever, i samsvar med tidlegare forsking frå ulike livsstilsidrettsmiljø, at måten menn utøver idretten på er med å sette standard (Ford & Brown, 2006; Langseth, 2012; Lemon & Russel, 2012). Som kvinner må dei slik sett bevise at dei hører heime i miljøet, ikkje minst overfor nye gutter.

Dei kan bli møtt med skepsis som pilotar. Dette ser ikkje ut til å stoppe kvinnene frå å delta, heller tvert i mot. Kvinnene får gjerne enda meir lyst til å bevise at dei er tøffe

jenter. Det at kvinner føler dei må ta plassen sin eller overtyde menn eller omverda at dei høyrer heime i idretten er for så vidt ikkje noko nytt. Tidlegare forsking viser at kvinner i mannsdominerte livsstilsidrettar (j.f. kap 3) ofte må imitere menn og deira måtar å utøve sporten på for å bli sett på som ekte utøvarar. Samtidig viser forskinga at om kvinner utfordrar og kjem på nivå med menn, kjenner menn på at dei må prestere på eit enda høgare nivå. I Ford og Brown (2006) sin studie såg ein til dømes at kvinnelege surfarar utfordra mennene og i nokre tilfelle kunne vere på nivå med dei. Dette igjen resulterte i at mennene tydde til meir ekstrem surfing. Vi ser liknande tendensar også i speedglidermiljøet. Kvinnene på si side kan reint teknisk oppleve at dei er på nivå med mennene, men unngår det ekstreme. Tryggleiken er viktigare for kvinnene enn å ta nye steg, og slik sett tek mennene nye steg mot det meir risikofulle, medan kvinnene fokuserer på å flyge teknisk fint og trygt.

### **6.2.2 Menn sit på definisjonsmakta**

Fleire av kvinnene fortel at dei til tider utfører sporten på andre måtar enn mennene. Samtidig opplever dei at mennene si tilnærming til sporten blir sett på som det optimale. Atencio, Beal og Wilson (2009, s. 3-20) peikar til dømes på at verdiar som blir sett på som ”naturleg maskuline” gir respekt og status i livsstilsidrettane. Dei viser til trekk som styrke, aggresjon, å vere tøff og vise mot. Spesielt mot blir peika på som ein viktig eigenskap innan mange livsstilsidrettar.

Fleire fortel at den største forskjellen er at kvinnene opplever at dei ikkje har noko hast, eller legg prestisje i å gå fort fram eller ta nye steg. Då blir det lett til at menn ofte tek leiinga. Mennene ynskjer tilsynelatande å få raskare framgang og pushe på til nye steg. Slik kan pilotar som har mindre erfaring enn kvinnene gjerne ta styringa i ei tryggleiksvurdering, eller velje å flyge ei rute som kvinnene opplever som for risikofylt. Bente fortel at sjølv om ho har godkjenning og lisens til å flyge ein mindre venge, vel ho likevel å flyge ein venge som er større og tryggare. For henne er det ikkje viktig å stadig pushe grensene for å ta nye steg. Det handlar om at kvinnene har eit anna mål med idretten enn mennene. Det handlar for mange om å fremme sporten som trygg heller enn ekstrem.

Kvinnene opplever gjerne definisjonsmakta som «ein kamp» mellom å ta risiko og å vere opptatt av tryggleik. Av og til blir dei redde og tenkjer at enkelte går for raskt fram.

Nokre av kvinnene har fleire gangar opplevd at ferskare pilotar tek sjansar dei sjølve ikkje ville tatt. Dei hevdar det kan vere skummelt å sjå på korleis enkelte raskt blir ivrige og tek større risiko enn dei kanskje har erfaring til å meistre.

Dagny fortel:

Eg trur det fell gutane heilt naturleg å ta ei leiarrolle og kontroll når vi er på tur saman. Men, det er vel litt med oss jentene også. Vi snur oss liksom til dei også, og let dei ta avgjerder for oss. Som at vi til dømes hører med dei om det er trygt. Det er nok berre ei rollefordeling. Det kan også berre vere det at gutane eg har rundt meg er flinkare enn meg. Så ein snur seg jo seg til dei som er flinkare enn seg sjølv.

Det Dagny seier viser at ho tenkjer at menn er flinkare til å flyge. Ho ser på tøffare flyging som det optimale. Kvinnene gir på mange måtar mennene definisjonsmakta for kva som er bra eller dårlig flyging. Erfaringar frå studiar i jibbarmiljø syner noko av det same (Lemon & Russel 2012, s. 239-245). Det var både kvinnene som gav mennene denne rolla, og mennene som tok denne rolla. Det blir skapt ei forventning om at menn skal vere tøffare og ta større risiko.

Det ligg såleis ei slags forventning frå begge kjønn om at menn skal vere modigare og utfordre meir i idretten. Dette kan tolkast som uttrykk for korleis dei generaliserte forventningane vi har til kvarandre er internaliserte i kulturen (jf. Beauvoir, 2000). Det synest å vere ei felles forståing av korleis ei kvinne skal te seg og korleis ein mann skal te seg i måten kvinnene framstiller det på. Vi ser ei liknande rollefordeling i samfunnet elles, ei rollefordeling Beauvoir hevda var internalisert gjennom ei kjønna oppseding. Kvinner skal vere ansvarsfulle, omsorgsfulle og forsiktige, medan menn skal være tøffe og maskuline. Tek kvinnene steg mot å bli tøffare eller utøve sporten meir maskulint, resulterer det i at mennene må «trappe opp».

Samtidig opplever kvinnene at det er ein fordel at det er mindre forventningar til deira flyging. Dei unngår press med tanke på å legge ut dei mest spektakulære filmane på internett. Dei opplever at det er heilt greitt å gå ned att om ein ikkje føler seg trygg nok til å flyge. Dei låge forventninga til at dei skal prestere, gir dei eit frirom til å utøve

sporten på sin eigen måte, der dei tilsynelatande opplever mindre prestasjonspress frå andre utøvarar. Dei definerer slik sett ikkje eigen posisjon utelukkande på premissane til mennene. Kvinnene tilpassar seg rollene der menn skal vere dei tøffe som pushar grenser, medan kvinner skal ta ansvar og skape ei rolegare og tryggare atmosfære.

At mennene i miljøet er dominerande og set standarden for idretten, er kjent frå tidlegare forsking på kvinner i livsstilsidrettar. Det er snakk om miljø der menn utgjer fleirtalet og sit på definisjonsmakta (Atencio, et al., 2009; Ford & Brown, 2006; Langseth, 2012; Sisjord, 2005; Sisjord, 2011; Lemon & Russel, 2012; Tjønndal, 2018).

### **6.2.3 Vi blir ikkje alltid lytta til**

Kvinner kan til tider oppleve at dei ikkje blir lytta til. Camilla fortel om korleis ho nokre gangar føler seg overhøyrt. Det kan gjelde hennar kunnskap og erfaring som pilot, men også med tanke på spørsmål som handlar om organisering. Camilla fortel:

Eg opplever at eg må seie ting gjentekne gangar for å bli høyrt når avgjersle skal bli tatt, til dømes i samband med korleis vi skal gjennomføre flygarkurs. Eg trur ein som kvinne må jobbe litt ekstra hardt samanlikna med menn for å bli høyrt. Dei blir ofte lytta til. Nokre gangar tenkjer eg at dei må komme på det sjølv for at noko skal bli vedtatt. I slike samanhengar hadde det vore fint om vi var fleire kvinner som kunne støtta opp om kvarandre.

Det same kjem fram med tanke på vurdering av tryggleik. Kvinnene fortel historier frå miljøet der dei ikkje blir høyrd og tekne på alvor. Dette gjeld spesielt i situasjonar der det blir vurdert om forholda er trygge eller ikkje. Det same gjeld med tanke på kva risiko dei er villige til å ta. Alle dei åtte kvinnene har opplevd å stå igjen på toppen av eit fjell fordi dei vurderer forholda som for därlege. Dei opplever det då som frustrerande at pilotar med langt kortare erfaring enn dei vel å ikkje lytte til deira vurderingar. «Det kan bli ei slags guttastemning der dei tek val saman utan å lytte til oss» fortel Eva. Det er i slike situasjonar dei opplever at dei blir mest overkjøyd.

Når dei opplever å ikkje bli tekne på alvor, trur dei dette kan ha samanheng med at det er lettare for menn å la ein kompis ta ei vurdering for dei enn ei venninne. På den andre

sida fortel dei også historier om at dei mennene set pris på å ha med nokon som set grenser. Då kan mennene velgje å ta følgje til fots ned igjen saman med kvinnene.

#### **6.2.4 Ansvarsrolle**

Kvinnene ser ut til å ta på seg ei ansvarsrolle, spesielt med tanke på tryggleik. Det kan sjå ut til at dei både får tildelt denne rolla, men at dei også vel å gå inn i den sjølv. Gina set ord på det på denne måten: «Eg trur vi som jenter i miljøet fort får ei slags ansvarsrolle. Vi er meir opptekne av tryggleik, og dette gjer at vi fort får ei ansvarsrolle, eller ei slags morsrolle. Vi blir liksom litt den strenge hønemora». Fleire av kvinnene hevdar vidare at det nokre gangar er avgjerande at dei tek denne rolla. Sporten er forbunde med høg risiko der personskade og død kan bli utfallet ved feilvurderingar. Det gjeld særleg når det er utrygt å flyge. Dagny fortel «Så har man også den som er litt meir «hønemor». Det finst jo menn som er «hønemor» også, men det er eg som ofte tek den rolla». Det kan sjå ut til at dei kjenner på at dei må sette grenser, og at i nokre tilfelle har kompisane godt av at nokre set desse grensene.

Beauvoir (2000) peikar på at det er vanleg at kvinner kjenner på ei slags omsorgs- eller ansvarsrolle. Dette kan vere internalisert i dei frå oppveksten. Beauvoir avviste at det var naturlig at kvinner ikkje skulle vere like frie som menn. Ho hevda at kvinner blir oppseda til å vere underdanige. Dette er knytt til omgrepet «det andre kjønn». Kvinnene veks opp og får oppleve at dei ikkje har dei same moglegheitene som menn.

Kjønnsrollene er samfunnsskapte og svært ulike, og dei fortonar seg heller ikkje som likeverdige. Når kvinnene tek på seg ei ansvarsrolle, kan dette nettopp vere eit uttrykk for nettopp slike internaliserte forskjellar i rolleforståinga til kvinner og menn.

### **6.3 «Kvinner blir vengeklipt, og så beklagar ein seg over å ikkje kunne flyge»**

Beauvoir (2000, s. 698-704) var oppteken av at vi har to ulike drifter. Ho knytte menneskeleg fridom til omgrepa immanens og transcendens. Detta handlar om korleis ein gir livet meinung. Dette er to perspektiv som er interessante å setje opp mot erfaringane til kvinnene i speedglidermiljøet. Beauvoir nyttar omgrepa transcendens og immanens til å skildre korleis det vanlegvis, i alle fall i det samfunnet Beauvoir observerte, var slik at mannen kunne utvikle seg, eller eksplandere, og dermed bli forbunde med transcendens, medan kvinnene stagnerer og fylte ei rolle prega av immanens. I min studie kan ein ut i frå forteljingane sjå at kvinnene ikkje stagnerer. Dei er såleis ikkje prega av immanens, men heller er transcederande. Dei er frigjorte frå dei tradisjonelle kvinnerollene. Dei har reell fridom til å vere aktive og dyrke sine interesser, noko som vil bli drøfta nærmare seinare.

På mange måtar er dei frie som fuglen. Dei er transcederande og let ikkje kjønnet deira vere eit hinder for kva dei kan drive med. Det er på ingen måte kvinner som ser seg sjølv som eit objekt eller eit tilbehøyr for mannen. Dei har ressursar til å realisere draumane sine. Dei får delta. Dei får også sette sine eigne premisser på korleis dei vil utøve sporten. Dei styrer sjølv kor stor risiko dei vil ta og korleis dei vil utøve sporten. Dei er frie nok til å sette sine eigne grenser. Perspektiva til Beauvoir (2000) kan difor bli stempla som gammaldagse.

Samtidig er det også element i forteljingane til kvinnene som handlar om kjønn og dei avgrensingar dette set for dei i speedglidingmiljøet. Slik sett kan det sjå ut til at det er sider ved fridomen til desse kvinnene som er prega av kjønn. Dei får i mindre grad vere med å setje sitt preg på sporten og utviklinga av denne. Dei har ei oppleving av at dei må ta plassen sin i miljøet og bevise at dei også kan flyge. Dei opplever også at dei i nokre høve ikkje blir lytta til, og at deira meininger ikkje får merksemeld eller plass. Kvinnene kjenner på at dei må tre inn i ei ansvarsrolle. Ei rolle dei gjerne skulle unngått, men fryktar at om dei ikkje tek denne rolla vil ingen gjere det. Dei opplever at deira måte å utøve sporten på ikkje blir verdsett slik dei skulle ynskje. Målet er å ha ein sport med fokus på tryggleik, og teknisk god flyging, medan dei i nokre tilfelle opplever

at sporten handlar om å pushe grenser og stadig ta nye og meir ekstreme steg. Slik sett er kvinnene framleis det andre kjønn.

Eit av hovudpoenga til Beauvoir (2000) er at kvinner har blitt dominert av mannen. Kvinner blir tilskriven ein femininitet, ein femininitet som blir oppfatta som noko som er underordna. Det er dette som ifølgje Beauvoir (2000) gjer at kvinner blir sett på som «den andre». Slik vil kvinner og menn også erfare omverda ulikt fordi omgjevnadane reagerer ulikt på handlingane deira. Det kan sjå ut til at kvinnene i speedglidermiljøet er med å utfordre dette biletet og konstruksjonen av kjønn ved at dei tek del i dette og ikkje gir seg, sjølv om dei opplever situasjonar der dei ikkje blir lytta til og respektert. Kjønn er såleis ein viktig variabel når vi skal forstå dei unge kvinnene sin posisjon i livsstilsidretten speedgliding.

Kvinnene er klare på at vi i Noreg har kome langt. Dei kan gå inn i ein mannsdominert livsstilsidrett og har ifølgje dei sjølve verdas beste og tøffaste hobby. Samtidig fortel datamaterialet om haldningar og handlingsmønster som synest påverka av historiske og kulturelle faktorar. Ein ser liknande tendensar både frå idrett og arbeidsliv, nemleg at kvinner må arbeide ekstra hardt for å bli tatt på alvor (Ford & Brown, 2006, Sisjord, 2005, Sisjord, 2011, Langseth, 2012, Lemon & Russel, 2012).

Som vist i kapittelet om idrettshistoria (jf. kap. 2.1) har kvinner opp gjennom historia måtte kjempe for å ta del i idretten. Kvinnene i speedglidermiljøet står også i ein kamp. Den handlar om å bli høyrt og respektert. Dei har tatt ein plass i denne idretten, men er i mindretal. Kampen til desse kvinnene skil seg på fleire måtar frå den kampen for eksempel bestemødrene deira kjempa for å delta i Holmenkollstafetten i 1972. Kvinnene i speedglidermiljøet kan delta utan politi i hælane, slik kvinnene i Holmenkollstafetten i 1972 hadde (Von der Lippe, 1982, s.18). Ser ein på hoppsporten i dag, kjemper kvinnene framleis for å få delta på like vilkår som menn (Skeie, 2021). Slik er det ikkje for kvinnene i speedglidermiljøet. Dei kjempar ein mindre synleg kamp. Den er likevel viktig med tanke på deltakinga for kvinner i idretten, ikkje minst for kvinner som ynskjer å vere aktive i mannsdominerte miljø.

## **6.4 Fri som fuglen?**

Forteljingane til kvinnene i speedglidingmiljøet viser at dei på mange måtar opplever seg som frie. Dei går inn i ei utradisjonell rolle og dei bryt med tradisjonelle forventningar til kvinnerolla. Dei er også økonomisk uavhengige. På den andre sida kan ein sjå likskapstrekk mellom forteljingane deira og det den tidlegare forskinga viser frå liknande idrettsmiljø (j.f. kap 2 og 3). Dei kan føle seg andregjorte. Det er primært menn som set standaren for idretten og korleis den skal bli utøvd. I lys av dette kan ein spørje kor frie kvinnene er. Beauvoir (2000) var som eksistensfilosof oppteken av fridom. Ho var oppteken av at kvinner ikkje hadde den same reelle fridomen og dei same reelle moglegheitene som menn (jf. kap 4.3). Slik sett er det nyttig å trekke fram fridomsomgrepa frå teorikappitelet. Ser vi spor av tankane til Beauvoir i forteljingane kvinnene presenterer frå speedglidermiljøet?

Beauvoir legg vekt på at ein sjølv må stå ansvarleg for å forme si framtid. Sett frå ståstadens til Beauvoir er det ikkje ein «ferdig» plan for liva våre. Samtidig er det ikkje slik at menneska er heilt frie, vi er også ufrie. Det handlar om at vi er fødde inn i historiske, kulturelle, relasjonelle, økonomiske og kjønna situasjonar. Slike rammer er med på å påverke oss. Det påverkar korleis vi tenkjer om verda, kva mål vi har og kva vi tenkjer er oppnåeleg for andre (Pettersen, 2011, s. 95). Dette set også preg på liva til dei kvinnelege speedgliderane.

## **6.5 Eksistensiell fridom**

Eksistensiell fridom handlar om at kvar gang vi som menneske gjer noko og handlar på ein spesiell måte, har vi også moglegheit til å handle annleis. Beauvoir hevda dette gav den enkelte stort ansvar. Det er mange spørsmål ein må ta stilling til. Kvinner og menn kan difor ofte flykte inn i ei allereie definert og førehandsfastsett rolle. Dette kan handle om kva grenser dei set for seg sjølve, eller korleis dei ser på ansvaret kvinner har med tanke på å få barn (Moi 2000, s. 28-29). Dei har altså eit val.

### **6.5.1 Fri som fuglen, i vertfall ei stund til...**

På mange måtar kan vi seie at kvinnene har frigjort seg frå den tradisjonelle kvinnerolla. Samtidig kan det kan sjå ut til at den motstanden dei møter i samfunnet elles gjer at dei ser føre seg at dei etter kvart må trekkje seg ut av sporten, gi frå seg fridomen og la

forventninga til kvinnerolla sigre. Dei lyttar til krava samfunnet og miljøet rundt stiller. «Dei skal til slutt ta til fornuft». Camilla fortel:

Eg trur ikkje samfunnet i 2020 er heilt klar for ei kvinne som kombinerer speedgliding med familieliv. Dette er noko vi kvinner diskuterer mellom oss stadig vekk. Folk kjem med kommentarar om når vi skal bli vaksne, eller fortel oss at når vi får barn, då tek vi vel endeleg til fornuft.

Fleire av kvinnene seier at dei føler eit press frå omgjevnadane om at dei må slutte med det dei gjer og «ta til fornuft». Også utan at det er snakk om at dei skal få barn. Dei fortel historier der folk har stilt spørsmål til om dei ikkje er glad i familien sin, eller vennane sine. Slikt press frå omverda går verkeleg inn på dei.

Eksistensiell fridom handlar ifølgje Beauvoir (2000) blant anna om at det ikkje er dei biologiske skilnadane som skal vere viktige, men korleis vi vel å ta omsyn til dei. Slik fridom medfører eit enormt ansvar for eige liv, noko som kan vere utfordrande å ta stilling til. Samtidig står ein fritt til å velje over eiga fritid. Anna fortel:

Eg trur ikkje det er tilfeldig at det er færre jenter i miljøet. Livsstilen til jenter er ofte ganske annleis. Eg veit ikkje om kvinner genetisk er meir «pinglete» enn menn, men eg trur det er ein kombinasjon av fleire faktorar som gjer at vi er få kvinner i dette miljøet. Menn er nok flinkare til å gi litt meir faen i kva andre tenkjer om dei. Eg trur menn ser på seg sjølve som meir frie i den forstand at dei har moglegheita til å utforske meir, utan å tenkje så mykje over kva andre tenkjer, eller eventuelle konsekvensar. Kvinner er kanskje meir sånn, som følgjer det riktige mønsteret, utdanning, så jobb, så barn og så videre.

Når fleire fortel at dei ikkje skal fortsette med idretten for alltid, handlar det om at dei tenkjer at det å kombinere livsstilen med familieliv, ikkje er naturleg. Det er interessant at på spørsmål om ein eventuell mann kan halde fram med sporten etter at han har fått familie, svara dei at dette truleg ikkje vil være like kontroversielt. Camilla fortel:

Eg trur nok ei mor har eit større morsinstinkt til å verne om ungane sine enn ein far har. Eg veit ikkje, men det er i vertfall erfaringa eg har frå miljøet, og andre luftsportsmiljø eg er ein del av. Kvinnfolka sluttar når dei får barn, medan fedrane held fram som normalt. Det kan sikkert ha med at mor må ta meir ansvar heime, og difor fell ut av miljøet.

Hilde fortel:

Eg trur ikkje eg sjølv kan kombinere dei to rollene, men eg støttar sjølvsagt kvinnene som gjer det. I mine auge er det det same om ein pappa vel å fortsette å flyge, som om ei mor gjer det. Du er framleis ein forelder til den toåringen som sit heime, går det gale er det vel like ille?

Tankane desse kvinnene gjer seg, samsvarar med Beauvoir sine teoriar om at ein har lett for å gå inn førehandsbestemte, tradisjonelle roller. Dette kallar Beauvoir ein flukt frå fridomen og går inn i ei inautentisk rolle (Pettersen, 2011, s. 91-93).

Ei av kvinnene skilte seg ut frå dei andre. Bente har to barn. Ho hevda at det å få barn ikkje treng vere ei hindring. Ho hevda derimot at det tvert i mot var ein aktivitet ein fint kombinere med familieliv, fordi den gir stor fridom med tanke på når og korleis ein kan vere aktiv. Hennar syn var følgande:

Det er ein genial måte å halde seg aktiv i ein travel kvardag. Eg ser på det som litt trening også skjønar du. Ein kan berre hive på seg sekken med vengen oppi. Så spring eg opp på ei fjelltopp i nærleiken, og eg veit at eg kan berre «gønne på» alt eg orkar opp, så vil eg toppen bruke 3 minutt ned att

Bente fortel vidare at:

Etter at eg fekk mitt første barn var det kontinuerleg tilbakemeldingar på at eg fortsette å flyge. Dette var stort sett frå miljøet rundt. Eg valte å fortsette sjølv om eg vart mamma. Eg er nok meir konsekvensanalytisk no- enn tidlegare, er eg i tvil spring eg ned igjen. Eg tenkjer sjølvsagt alltid over yste konsekvens. Eg skal likevel halde fram med dette så lenge det gir meg den gleda det gjer.

Bente var ein av dei eldre informantane. Ho fortalte om korleis magen blei ei hindring då ho var gravid. Når magen vaks, passa ikkje selen til vengen lenger, og at ho difor ikkje kunne halde fram. Dei andre kvinnene er unge og har kanskje ikkje reflektert så mykje over sin framtidige familie. Om dei faktisk vil halde opp med speedgliding når eller om dei får barn, vil framtida vise.

Ut i frå det informantane seier no, ser det likevel ut som dei fleste er forma av eit tradisjonelt kvinnesyn på akkurat dette området, eit syn på korleis ei kvinne skal leve ut si «rolle». Det kan sjå ut til at nokre av informantane ser på risiko og ansvarskjensle som eit argument for at dei ikkje kan kombinere rollene som mor og speedglider.

Fleire av historiene handlar om at dei kjenner presset frå utsida om at dei må slutte med speedgliding, ettersom dette er ein idrett med risiko. Om dei kjenner på at dei rundt dei ikkje støttar val av sport, kan det opplevast som vanskeleg å halde fram. Kvinnene set slik avgrensingar for seg sjølve og grunngir det både med ytre forventingar, men også med biologiske forskjellar mellom kjønna. Det vil ikkje vere naturlig å flyge som mor. Både tankar knytt til biologi og kultur avgrensar vala til desse kvinnene. Dei tek, som Beauvoir ville sagt det, roller som er kulturelt skapte. Dette oppfattar Beauvoir som ein flukt frå fridomen.

## **6.6 Konkret fridom**

Dei nordiske landa scorar høgt på likestilling i verdssamanheng og vi har ein lang tradisjon med feministiske verdiar og høg grad av likestilling mellom kvinner og menn (Bäckström, 2013, s. 29). Eit anna spørsmål er kor representative kvinnene, og for den del mennene i speedglidermiljøet er. Dei er på mange måtar ei homogen gruppe. Dei prioriterer å realisere draumane sine og er opptekne av å realisere seg sjølv og sitt potensial. Dei er som sagt resurssterke, akademisk utdanna og ser på seg sjølv som sjølvstendige. Slik sett er det kanskje ikkje så rart at dei opplever seg sjølve som frie.

Relativt stor økonomisk fridom gjer at dei står friare til å kunne velje deltaking i ein slik livsstilsidrett. Dei er ikkje på same måte som kvinnene Beauvoir skreiv om avhengige av andre. Dei har tatt eit år på folkehøgskule, studerer eller har arbeid som ein kan kombinere med interessa si. Beauvoir var oppteken av at det kan vere freistande for kvinner å tre inn i rolla som «den andre» fordi den kan gi kvinner ulike fordelar. Det kan ha fordelar økonomisk, sosialt eller eksistensielt å ta rolla som «den andre». Samtidig peika Beauvoir på at det er ei rolle som gir lite motstand for kvinner, framfor å måtte kjempe for sine rettar og sin fridom. Datamaterialet viser kvinner som ikkje nødvendigvis aksepterer å gå inn i rolla som den andre. Dei tek sin plass i eit mannsdominert miljø. Det norske samfunnet har no kome så langt i likestillinga at desse unge kvinnene ikkje er avhengig av ein mann til å forsørge seg. Slik sett er tankane til Beauvoir ikkje like relevante som dei ein gong var.

Slik er det ikkje nødvendigvis for alle kvinner. Vi veit at likestillinga i norsk idrett framleis blir debattert. Vi har tidlegare sett at økonomisk bakgrunn påverkar kva fritidsaktivitetar ungdom og vaksne driv med. Ein ser for eksempel at personar med

ikkje-vesteleg bakgrunn, då særleg jenter og kvinner, og personar med nedsett funksjonsevne er underrepresenterte i idrett (Sand, et al., 2008, s. 9-12). Opningane for å kunne drive med ein livsstilsidrett som speedgliding kan handle om meir enn kjønn. Det kan også handle kva bakgrunn ein har. Slik sett er det kanskje ikkje snakk om fridom for alle.

Kvinnene som eg har intervjua har på mange måtar møtt ein open veg. Dei er ressurssterke kvinner i eit nokså likestilt samfunn. Dei fortel historier om korleis dei heile livet har vore aktive og hatt gode opplevingar med fysisk aktivitet. Det er ikkje kvinner som på nokon måte har blitt fortalt at dei ikkje skal kunne drive med det dei har lyst til, eller ikkje vere aktive med det dei ønskjer å halde på med. Det samfunnet dei har vakse opp i har gitt dei spelerommet til å dyrke sine interesser. Dei er i mindretal som kvinner, men representerer eit tradisjonelt bilet på kva type kvinner som går inn i ein slik idrett (j.f. Säfvenbom, et al., 2018, s. 2004). Likevel ser ein at dei møter visse forventningar til korleis ei kvinne skal eller bør vere. Konkret fridom handlar å leve ekte og autentisk. For å oppnå dette må ein ifølgje Beauvoir (2000) ta ansvar for eigne val og handlingar.

På den tida til dømes klatring, snowboarding, skateboarding og surfing blei populært og då desse idrettane byrja å ta form, representerte dei noko anna enn dei meir tradisjonelle idrettane. Med bakgrunn i dette har det vore argumentert for at desse aktivitetane la til rette for eit alternativt kjønnsperspektiv der kjønna normer og reglar var meir frigjorte. Livsstilsidrettane hadde potensiale til å utvikle eit meir kjønnsnøytralt deltagarkrav og vere opne for alle, men utvikla seg trass dette til å bli dominert av kvite menn (Thorpe & Olive, 2016, s. 3-4).

## **6.7 Moralsk fridom**

Moralsk fridom var eit kjernekriterium i Beauvoir sin etikk. Det handlar om å respektere andre sin fridom, like mykje som sin eigen. Her hevder Beauvoir at den som let seg undertrykke, eller den som undertrykker, begge er moralsk ufrie. For å vere moralsk fri må ein altså både ha eksistensiell fridom, og konkret fridom (Pettersen, 2011, s. 97). Dette er eit for stort spørsmål til å drøfte i si fulle bredde, men interessant å sjå opp mot kvinnene sine forteljingar.

Kvinnene i speedglidingmiljøet fortalte historier om korleis dei erfarte miljøet, men også korleis dei blei møtt i samfunnet elles med tanke på idretten dei har valt å drive med. Moralsk fridom handlar om at om ein sjølv vil leve fritt, må ein også akseptere at andre gjer det (Pettersen, 2015 s. 294). Slik forteljingane frå miljøet kan bli tolka og forstått, ser det framleis ikkje ut som kvinnene er frigjorte frå dei forventningane som blir stilt til kvinner i samfunnet. Det å vere fri er for mange eit grunnleggande mål i dagens samfunn. Vi snakkar ofte om sjølvrealisering eller fridomen til å vere seg sjølv. Det å definere kva fridom er, er ikkje lett, og er difor eit av dei eksistensielle spørsmåla Beauvoir var oppteken av. I kvinnene sine forteljingar snakkar dei om fridomskjensla det gir å vere ein del av speedglidermiljøet. Dette handlar både om det at dei faktisk er frie til å flyge, (ei kjensle sikkert mange tenker på som stor fridom), men også frie til å drive med det dei vil, når dei vil. Fridom kan handle om noko meir enn at ein berre opplever fridom frå noko eller frå andre. Det kan også handle om fridom til å utfolde seg sjølv, og involvere seg sjølv (Säfvenbom, 2005, s. 29). Säfvenbom viser til Sartre (1957) som omtaler omgrepet «væren», eit omgrep eksistensfilosofiane nytta for å skildre fridomen ein har ha til å vere. Her ser ein vekk frå at ein berre har *fridom frå*, men at ein også har *fridom til*. Har ein opplevinga av å ha *fridom til*, handlar det om noko meir- enn berre *fridom frå*. Det kan til dømes handla om meir- enn berre fridom frå kjønnsroller eller forventningar til morsrolla frå samfunnet.

*Fridom til* kan vere opninga ein har til å ta eigne val, eller om det å kunne late seg involvere. Det er sjølvsagt ulike føresetnader som må ligge til grunn. Dette eksemplifiserer Säfvenbom (2005, s. 29) med at ein ikkje kan oppleve ytringsfridom (fridom til) utan at ein er politisk fri (fridom frå). Ein kan heller ikkje oppleve fridom til å være kvinneleg speedglider, om ein ikkje opplever fridom frå samfunnet sine reglar eller strukturar. Sporten er open for begge kjønn, både på festivalar, i sosiale situasjonar, i konkurransar og ved at dei kan stille som instruktørar på kurs. Det er likevel framleis ein liten del av frigjeringa som står att.

Det kan sjå ut til at andre ikkje alltid aksepterer at kvinnene kan ta frie val til å gjere som dei vil. Ut i frå forteljingane til kvinnene kan det sjå ut til at dei har sett seg lei på at folk rundt dei skal tilegne dei eigenskapar ut i frå kva kjønn dei er. Dei synest det er spesielt irriterande at dei heile tida skal få kommentarar på det dei gjer. Ifølgje Beauvoir (2000) er kvinner og menn sjølve ansvarlege for å gi livet meining, og ein må arbeide

saman og støtte opp om kvarandre i kampen om fridom. Det er ikkje slik at kvinnene går inn i miljøet for å ta over, eller sette standarden for idretten. Dei vil berre bli lytta til og bli behandla på lik linje med alle andre. Beauvoir arbeidde for at både menn og kvinner skulle verdsetje kvarandre som frie, men også likeverdige. Det var ikkje snakk om at kvinnene skulle styre og ha makt over mannen. Ho ynskte at det skulle vere eit likeverdig forhold der ein støttar opp om kvarandre i kampen for fridom saman (Pettersen, 2019, s. 96-99).

Forteljingane til kvinnene viser at dei er opptekne av å stå på sitt. Dei ynskjer å utøve sporten på sin måte, og ikkje bli pressa til noko dei ikkje vil. Samtidig tilpassar dei seg miljøet, utan å stille dei kritiske spørsmåla høgt. Dei let den etablerte kulturen i miljøet gå vidare og gir slik sett ikkje signal om at dei føler seg overkøyrt eller motarbeida, verken til sine mannlege medpilotar eller til samfunnet elles. Dei trur at få kvinner blir trekt til miljøet fordi kvinner i sin natur er meir forsiktige enn menn. Om det er tilfelle, tyder det på at dei kulturelle og historiske forventningane til kjønna, pregar kvinnene sine oppfatningar av sitt kjønn og sine medsøstrer. Nokre omtalar seg sjølv som «ekstra tøffe» jenter, noko viser at dei opplever seg som nokon som skil seg ut, som held på med aktivitetar som ein ikkje forventar at kvinner skal drive med. Slik sett distanserer dei seg frå ei tradisjonell kvinnerolle, men ser for eksempel ikkje vekk frå at dei skal tilbake til ei slik rolle seinare.

Dei to eldste kvinnene som vart intervjua har begge trua på den komande generasjonen. Dei tenkjer at haldningar og tankar i befolkninga går i rett retning når det kjem til likestilling i idretten. Dei ser ikkje på seg sjølve som kvinner som kjemper ein feministisk kamp. Men på spørsmål om dei trur det vil kunne ha positiv innverknad på samfunnet at dei driv med det dei gjer, svara dei ja. På denne måten er dei kvinner som banar veg og kjempar for fridommen til seg sjølve og andre kvinner.

## **7. Avsluttande refleksjon**

Målet med denne masteroppgåva har vore å utvikle kunnskap om kvinnelege speedglidere som er aktive i ein mannsdominert luftsport. Spørsmålet er kva meining kjønn har i dette miljøet. Det handlar om eit miljø der kvinner er i klart mindretal. Eg ynskjer å bruke historiene til kvinnene for å løfte tydinga av kjønn i livsstilsidrettar og samfunnet generelt. Det er såleis ein studie av kjønn og frigjering, ikkje berre ein studie om kvinner i eit bestemt miljø og funna kan difor brukast for å seie noko om kvinnernas rolle i samfunnet.

Avslutningsvis skal eg reflektere rundt dei viktigaste og mest sentrale funna i studien. Det handlar om å forstå vilkåra kvinnene møter som deltagarar. Deretter vil eg seie litt om avgrensingar med arbeidet og reflektere kring moglege vegar vidare.

### **7.1 Å flyge frå normene i samfunnet**

Kvinnene i min studie er på mange måtar frie som fuglen. Dei opplever at dei kan vere aktive i akkurat den idretten dei vil. Kampen for at kvinner skal få ta del på lik linje med menn på ulike idrettsarenaer har ført til at dei no kan delta på dei fleste idrettsarenaer, i alle fall i mange land. Det gjeld tydelegvis også i ein type idrett som har blitt sett på og framleis blir sett på som maskulin, nemleg ekstrem sporten. Forteljingane til kvinnene vitnar om at Beauvoir (2000) sine tankar kring dei tradisjonelle kjønnsrollemönstera der kvinner er «den andre» ikkje er like dekkjande for kvinner i dette miljøet. Ein kan seie at speedgliderkvinnene ikkje er fanga i immanensen, men tvert i mot er transcenderande kvinner som kan utvikle seg. Dei viser seg som kvinner som tør å ta sin plass i ein idrett dominert av menn. Det handlar slik sett ikkje om at dei står i ein posisjon der dei verken er «ekte pilotar» eller «ekte kvinner». Dei kombinerer desse to rollene. Samtidig er det likevel grunn til å sjå korleis kjønn blir framstilt i samfunnet og korleis kvinnene set grenser for eiga utfaldning. Det kan sjå ut til at sjølv om miljøet er eit relativt nytt idrettsmiljø er det likevel prega av sosialt konstruerte og tradisjonelle kjønnsroller som gir eit bilet på korleis ein skal te seg som kvinne eller mann. Kvinnene opplever at dei må bevise at dei også kan vere tøffe. Miljøet er prega av maskulin dominans, og menn sett standaren for kva som er målet med idretten.

Det at kvinnene tek del i idretten utan motstand, er eit steg i riktig retning. Ut ifrå funna kan mykje tyde på at neste steg bør vere at kvinnene får delta utan at dei stadig vekk må forsvare seg sjølv fordi dei ikkje «passar inn» i det tradisjonelle kvinnedynet omverda deira har. Dei opplever ein sosialt konstruert sjablong som ikkje passar for deira livsstil og deira interesser. Om samfunnet har ei klar førestilling om kva som er eigna for ei kvinne eller ikkje, er utfordringa å snu slike haldningar. Dette er noko av lærdomen frå Beauvoir som er verdt å halde fast ved. Om kvinnekroppen held fram med å bli andregjort, og kvinnelege eigenskapar blir andregjort i idretten, kan det resultere i at kvinner ikkje vågar å gå nye vegar. Dei som går nye vegar kan derimot verte framtidige førebilete.

Beauvoir sine tankar om at kvinner er det andre kjønn er skrive på ei tid som skil seg mykje ut i frå det samfunnet vi kjenner i dag. Vi har oppnådd større likestilling, både økonomisk og på fleire andre område. Det er vanleg at både kvinner og menn har betalte jobbar, og vi er vande med å sjå menn med barnevogn og kvinner i toppstillingar. Tankane og tekstane til Beauvoir (2000) må forståast ut frå den tida dei blei skrive, men har på fleire område aktualitet også i dag. Kvinnerettsforskjarar ved Universitetet i Oslo hevdar at det framleis er langt igjen til målet om likestilling i Noreg. Målet er enda lengre unna på verdsbasis (Kanestrøm, 2019). Vi ser det både i idretten, men også i arbeidslivet og samfunnet elles. Truleg ville Beauvoir framleis vore misnøgd, trass i at mykje har skjedd på feltet.

Kvinnene tenkjer som sagt at deira veg inn i sporten har vore naturleg. Ein ser at kvinnene har tatt sin plass i miljøet, utan at dei aktivt kjemper i mot haldningane i sporten som gjer dei til den andre. Kvinnene diskuterer haldningane dei blir møtt med seg i mellom, men arbeider ikkje aktivt for å endre dei. Det vitnar om ein «boys will be boys»-tankegang, og at dei slik gir menn definisjonsmakta i idretten.

Når kvinnene i speedglidermiljøet ikkje aktivt kjempar ein synleg kamp, kan det føre til at miljøet opprettheld det same kjønna mønsteret, med dei konsekvensane eller ulempene dette kan ha. Det vil kunne føre til at det ikkje skjer endring i miljøet. På dette viset følgjer ikkje kvinnene i speedglidermiljøet argumentasjonen til Beauvoir som hevdar at ein som kvinne må jobbe aktivt for å forme den verda ein lever i. Ei haldning som at mi stemme vil ikkje ha noko innverknad, er ifølgje Beauvoir moralsk feil

(Cleary, 2018). Kanskje opplever speedgliderkvinnene det som ekstra vanskeleg å ta ein likestillingeskamp når ein ikkje har nokon konkrete løysingar på problema? Det er eit klart skilje mellom kampen kvinnene i speedglidermiljøet og kvinnene i hoppsporten må kjempe. Kvinnene i hoppsporten kjempar for å få innpass på arenaer som berre har vore open for menn. Løysinga på problemet er å opne opp for kvinnene. Det handlar om ein mykje meir konkret likestillingeskamp. Kvinnene i speedglidermiljøet må i sitt tilfelle kjempe ein kamp der løysinga ikkje er like konkret. Eg trur verken mennene, eller samfunnet elles ynskjer at kvinnene skal føle på at dei er «andregjorte». Eg trur heller ikkje miljøet er medvitne i eller gjer det vanskelegare å vere kvinne i eit slikt miljø med vilje. Det handlar truleg om normer i samfunnet ein ikkje er medvitne om. Vi har ein tankegang om at ting er som dei er, eller slik har det alltid vore. Dersom ein ikkje snakkar om det, eller synleggjer tema gjennom forskinga, vil det truleg heller ikkje skje endringar. Om ingen seier i frå, eller arbeidar for ei endring, vil verken omverda eller mennene tenkje at ein står over for ei utfordring. Det at kvinnene no kan delta i sporten er eit steg i riktig retning, men kampen for at dei skal delta på like kår, må også bli snakka om og utfordra. Ifølgje Beauvoir (2000) må både kvinner og menn arbeide for dette saman.

Det er såleis viktig å huske på at kampen for kvinner sine rettar ikkje er ei bein linje mot eit meir likestilt samfunn. Dei tradisjonelle kjønnsstereotypane og kjønnsrollene er framleis synlege i det norske samfunnet. Slik er det også i speedglidermiljøet, trass i at kvinnene i miljøet hevdar at dei stort sett føler seg fri. Vi ser at arbeidslivet framleis er kjønnsdelt, hoppentene blir avvist gang på gang, og menn tenar meir enn kvinner (Kansestrøm, 2019; Plaza et al., 2017). Sjølv om samfunnet i dag er noko heilt anna enn for berre nokre år sidan, er det viktig at ein ikkje tek dette for gitt. Kampen for eit meir likestilt samfunn er ikkje over.

Ein kan likevel sjå at kvinnene i min studie kjempar for sporten og si rolle i denne på ulike måtar. Dei set ned foten om dei opplever at flyginga blir for ekstrem. Dei stiller spørsmål til korleis menn utøver idretten. Dei hevdar å vere meir opptekne av tryggleik enn mennene. Dei er også opptekne av å bli sett på som likeverdige pilotar, sjølv om dei ikkje promoterer sporten på same måte, eller flyg like ekstremt som menn. Dei vil bli lytta til, og behandla med respekt, både i miljøet, men også av samfunnet elles. Dei tenkjer at kvinner skal få lov til å drive med akkurat det ein vil, utan at andre skal ha

meiningar om det er passande eller ikkje for kvinner. Kollektivt kjempar kvinnene indirekte ein kamp med å synleggjere at dei er aktive i sporten på sosiale media. Det at kvinnene deltek og aktivt deler biletet frå eit slikt miljø kan vere med å skape meir aksept.

I *Det annet kjønn* set Beauvoir (2000) sokelyset på korleis manndom kulturelt blir sett på som det normale og norma, medan kvinnelegheit blir sett på som det partikulære og det som skil seg ut i frå den kulturelle norma. Det som kan vere den store utfordringa for vegen vidare er at moglegheitene kvinner har til å endre posisjon, viser seg å vere vanskeleg. Det kan vere fleire grunnar til dette. For det første: kvinner utgjer ikkje ei samla gruppe som kjempar for felles rettar. Dette i motsetnad til «Black lives matter», eller kampen for rettane til homofile, eller arbeidarklassen sin kamp (Moi, 2000, s. 22-29). Moi (2000, s. 22-29) hevdar at dette gjer at kvinner ikkje kjem til ei bevisstheit om seg sjølve som historiske subjekt og at dei dermed ikkje vil kjempe for likeverd på same måte som andre grupper som er i mindretal eller som ikkje har dei same rettane som andre. Det er ikkje slik at alle kvinner kjemper for dei same rettane, eller ynskjer seg det same livet, og Beauvoir (2000) hevda at det burde eksistere like mange kvinneroller som det eksisterer kvinner i verda.

Eit komplekst problem som ein også kan sjå igjen i forteljingane til speedgliderkvinnene er at forteljingane deira vitnar om at dei opplever at ting er urettferdige. Likevel ser dei ikkje på seg sjølve som kvinner som kjempar ein kamp for seg sjølv eller andre kvinner. Kanskje er kvinnene redde for å ta denne kampen på grunn av eventuelle konsekvensar. Kanskje vil dei andre kvinnene i miljøet reagere på det, eller kanskje dei ikkje vil bli sett på som kvinner som kjempar ein feministisk kamp. Det kan vere lettare, men også tryggare å tre inn i rolla som den andre, enn å setje ned foten og stå i mot ein etablert kjønna kultur. Det kan også tenkast at kvinnene blir trekte mot eit slikt miljø, nettopp fordi det er ein mannsdominert kultur. Kanskje dei ikkje ynskjer å utfordre mennene? Kanskje risikerer dei å ikkje bli inviterte på tur neste gang? Kanskje er dei redde for at mennene skal sjå på dei som masete?

Posisjonen til kvinnene i speedglidermiljøet blir truleg også påverka av korleis kvinner blir sett på og behandla på andre arenaer i samfunnet. På vegen mot eit meir likestilt samfunn ser vi også andre dagsaktuelle debattar som Beauvoir ville vore kritisk til.

Beauvoir (2000, s. 581-582) ynskte ikkje at kvinner skulle bli sett på som «fødemaskiner», og var også kritisk til at abort, eller prevensjon var ein samfunnsdebatt og ikkje eit privat spørsmål (Beauvoir, 2000, s. 584-589). Beauvoir hevda at kvinner sin rett til å bestemme over eigen kropp er ein grunnleggande rett for at kvinner skal vere frie. Framleis kan vi sjå at biologisk argumentasjon blir nytta mot kvinner. Ein kan i dag både sjå eit sosialt, men også politisk press om at kvinner skal gi samfunnet fleire barn. Dette er nyttårstalen til Erna Solberg i 2019 eit døme på. I talen oppfordra ho kvinner til å føde fleire barn, for samfunnet si skuld (Sandal, 2019).

Det blir sett ulike forventningar til kvinner og menn, som igjen set rammer for korleis ein kan utfolde seg. Slik er det også i speedglidermiljøet. Dette handlar om at kvinner og menn erfarer sine omgjevnadar annleis, fordi omgjevnadane reagerer ulikt på ein manns- og kvinnekropp (Tjønndal & Hovden, 2016, s. 190). Difor kan det også i speedglidermiljøet vere lettare for kvinnene å berre omgå andre kvinner, slik at ein slepp å tenkje på og ta stilling til dei kjønna utfordringane.

Kvinnene medverkar truleg til å opne opp for framtidige kvinner som ynskjer å ta del i eit mannsdominert miljø, noko vi kan kjenne att frå idrettshistoria. Nokre må gå føre, og opne for kvinner som ynskjer å ta nye utradisjonelle eller kontroversielle val. Dette gjeld også sjølv sagt andre vegen, i idrettar eller aktivitetar der menn er i mindretal. Det at kvinner står fram som aktive i ein idrett der dei er i klart mindretal kan vere med å endre den generelle oppfatninga om idrett og om samfunnet elles. Det vil vere viktig med haldningsendringar og ikkje dømme på bakgrunn av kva kjønn ein har. Dette er noko som også kvinnene vi har møtt i denne oppgåve er samde om at vil vere vegen å gå.

## **7.2 Avgrensingar for prosjektet**

Det å forske på eit miljø som tidlegare ikkje har blitt forska på opplevde eg som utfordrande. Det var lite publisert forsking å støtte seg til. På den andre sida har dette gjort prosessen meir interessant og spennande. Eg har blitt utfordra på å tenkje nytt og prøve å sjå moglegheiter framfor hindringar.

Det å avgrense kva oppgåva skulle ta for seg var utfordrande. Å velje fokus, betyr også å velje bort. Den metodiske tilnærminga, det teoretiske perspektivet, og val av problemstilling og forskingsspørsmål har vore avgjerande for kva resultat som kom fram i dette prosjektet. Samtidig kan ein sjå mange vegar vidare, med andre innfallsvinklar.

Rammene for prosjektet blei nøyne vurdert. Formålet med dei kvalitative forskingsintervjuva var å forstå viktige sider ved dagleiv og erfaringar for kvinnene. Det var viktig å få fram historiene deira. I omfang er det ein liten studie. Målet var for det første å auke og få betre kunnskap om desse spesifikke kvinnene, og kvinner i liknande situasjonar men også å setje forteljingane deira inn i ein større kontekst.

Det har også vore behov for å nytte ulik støttelitteratur i arbeidet med å forstå og få fram Beauvoir (2000) sine perspektiv. Tekstane til Beauvoir er omfattande og produsert i ei tid eg som masterstudent ikkje har noko forhold til. For å sikre at hennar tankar blei rett framstilt har slik støttelitteratur vore til avgjerande hjelp (jf. kap 4).

## **7.3 Vegen vidare**

Eit mål er at oppgåva kan bidra til at ein unngår diskriminering eller eksklusjon basert på kjønn, berre fordi ein sit fast i tradisjonelle førestillingar om kva som er feminint eller maskulint. Kva slags aktivitetar som passar for menn og kvinner, eller kven som sit på makta til å definere kva som er feminint eller maskulint, er gjerne basert på fordommar og tillærte oppfatningar (Hanstad, 2011, s. 294).

Det kunne vore interessant å forske vidare på det kvinnene fortel om skilnaden på kropp og helsefokus i livsstilsidrett samanlikna med å trenere på helsestudio. Det å sjå på kva motivasjon kvinner har for å del i eit slikt miljø er også interessant. Det er vidare

utvilsamt behov for meir forsking på kvinner og menn som er aktive i ulike typar livsstilsidrettar. Det kunne også vore spennande å nytta andre teoretikarar når ein studerte feltet.

Livsstilsidrettane er eit område som er samansett, og med fleire komplekse utfordringar, utfordringar som kan studerast på fleire ulike nivå. Når fleire blir trekt mot fritidsaktivitetar utanfor den tradisjonelle idretten, bør ein også betre kunnskapsgrunnlaget på området. Ungdom blir ofte trekt mot meir eigenorganiserte aktivitetar. Då er det viktig med eit breitt utval av aktivitetar som er tilpassa ulike ynskjer og behov. Her handlar det også om at alle føler seg velkomne, uavhengig av kjønn og etnisitet.

Samfunnet er i stadig utvikling, og nettopp det å rette merksemd mot kvinner som tek utradisjonelle val kan vere med å bidra til at fleire kvinner ynskjer og tør å ta slike val. Det handlar ikkje om at alle kvinner skal byrje med ekstremsport eller speedgliding, men at ingen skal føle at deira kjønn står i vegen for eigne val. I eit samfunn der sosiale medium er ein måte å knytte oss saman på, både i Noreg men også på tvers av landegrenser, kan det å ha sterke kvinner som tør å gå, eller eventuelt flyge andre vegar, ha stor tyding for kva handlingsrom komande generasjonar føler at dei har. Historia har vist oss at sterke kvinner kan skape nye moglegheiter for komande generasjonar, om dei har den støtta dei treng og tek vengjene fatt.

## **8. Litteratur**

- Aanensen, K. H. (2019, 17. Juni). *Simone de Beauvoir*. NDLA.  
[https://ndla.no/nb/subject:44/topic:1:198166/topic:1:198453/resource:1:96230?filter=u\\_rn:filter:78e538a3-78bf-4db2-af00-2ca7d721cb25](https://ndla.no/nb/subject:44/topic:1:198166/topic:1:198453/resource:1:96230?filter=u_rn:filter:78e538a3-78bf-4db2-af00-2ca7d721cb25)
- Alver, B, G. (2015, 16, juni). *Ansvar for den enkelte*. De Nasjonale Forskningsetiske komiteene. <https://www.forskningsetikk.no/ressurser/fbib/personvern/ansvar-for-den-enkelte/>
- Anderson, K, L. (1999). Snowboarding. The Construction of Gender in an Emerging Sport. *Journal of Sport & social issues*, Volume 23(1), 55-79.  
<https://doi.org/10.1177/0193723599231005>
- Arp, K. (2001). *The bonds of freedom. Simone de Beauvoir's Existentialist Ethics*. Open Court.
- Asbjørnsen, M. (2021, 17, april) Nei til skiflyging for kvinner: - blir rett og slett motarbeidet. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/sport/i/LnRPVQ/nei-til-skiflyging-for-kvinner-blir-rett-og-slett-motarbeidet>
- Askeland, G. (2006). Kritisk reflekterende – mer enn å reflektere og kritisere. *Nordisk Sosialt Arbeid*, 26(2), 123–135.
- Atencio, M., Beal, B. & Wilson, C. (2009). The distinction of risk: Urban skateboarding, street habitus and the construction of hierarchical gender relations. *Qualitative Research in Sport and Exercise*, 1(1), 3-20. doi: 10.1080/19398440802567907
- Augestad, P. (2003). *Skolering Av Kroppen: Om Kunnskap Og Makt I Kroppsøvingsfaget/[Doktorgradsavhandling, Høgskolen i Telemark]*.

Bäckström, Å. (2013). Gender Manoeuvring in Swedish Skateboarding: Negotiations of Femininities and the Hierarchical Gender Structure. *Young*, 21(1), 29–53.  
<https://doi.org/10.1177/1103308812467670>

Bäckström; Å, & Nairn, K (2018). Skateboarding beyond the limits of gender? Strategic interventions in Sweden, *Leisure Studies*, 37(4), 424-439,  
10.1080/02614367.2018.1462397

Beauvoir, S. (2000). *Det annet kjønn*. Pax Forlag.

Beauvoir, S. (2011) *Second sex*. Vintage.

Beauvoir, S. (2018). *The ethics of Ambiguity*. Open Road Media.

Bondevik, H. & Rustad, L. M. (2006). Feministisk vitenskapskritikk og feminitisk vintenskapsteori. I: J. Lorentzen & W. Mühleissen (Red.), *Kjønnsforskning: En grunnbok*. (s. 42-92).: Universitetsforlaget.

Bostad, I & Pettersen, T. (2015). Kjønn og feminism i norsk filosofi- noen betrakninger. *Norsk Filosofisk Tidsskrift*, 3(4), 129–146. 10.18261/issn1504-2901-2015-03-04-03

Breivik, G. (2013). *Jakten på et bedre liv*. Universitetsforlaget.

Brottveit, G. (2018). *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder*. Gyldendal akademisk.

Burill J. (1987). *Kritisk teori – en introduktion*. Daidalos.

Carr, W., & Kemmis, S. (1986). *Becoming critical: education, knowledge, and action research*. Falmer Press.

Cleary, S, C. (2018, 08, mars). Simone de Beauvoir's political philosophy resonates today. *Big think*. [https://bigthink.com/aeon-ideas/Simonee-de-beauvoirs-political-philosophy-resonates-today?fbclid=IwAR2DQ2XexXSCdGpU82SsSzBHCW6dn\\_8XseRkPgeL1Q-7Kz0\\_bwad3mXr2p0](https://bigthink.com/aeon-ideas/Simonee-de-beauvoirs-political-philosophy-resonates-today?fbclid=IwAR2DQ2XexXSCdGpU82SsSzBHCW6dn_8XseRkPgeL1Q-7Kz0_bwad3mXr2p0)

Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode* (2. utg). Universitetsforl.

Dikotinius, E. (u.å) *Lengsel*. Siterte sitater. <https://www.ordtak.no/sitat.php?id=1205>

Drageset, S. & Ellingsen, S. (2011). Å skape data fra kvalitatittivt forskningsintervju. *Sykepleien forskning*, 4, 332–335.  
<https://doi.org/10.4220/sykepleienf.2011.0027>

Erichsen, B. (2017). *Norske kvinners liv og kamp: 1850-2000: Bind 1* (Vol. Bind 1). Res publica.

Fasting, K, Pfister, G. Scraton, S. (2004). Kampen mot kjønnsstereotypiene: En komparativ studie av kvinnelige fotballspilleres oppfattelse av maskulinitet og feminitet. *Dansk Sociologi*. 15. 41-53. 10.22439/dansoc.v15i2.237

Ford, N., & Brown, D. (2006). *Surfing and social theory: Experience, embodiment and narrative of the dream glide*. Routledge.rd.

Gilchrist, P. & Wheaton, B. (2016) Lifestyle and adventure sport among youth. I. Routledge Handbook of Youth Sport (pp.186-200). ResearchGate.

Gilchrist, P. & Wheaton, B. (2017). The social benefits of informal and lifestyle sports: a research agenda. *International Journal of Sport Policy and Politics*, 9(1). <https://doi.org/10.1080/19406940.2017.1293132>

Goksøy, M. (2008). *Historien om norsk idrett*. Abstrakt forl.

Grimwood, T. (2008). Re-Reading The Second sex's "Simone de Beauvoir". *British Journal for the History of Philosophy*, 16 (1), 197-213.  
<https://doi.org/10.1080/09608780701789376>

Hansen, E. A. (2017, 11. oktober). *Om hanggliding, paragliding og speedgliding*. Norges luftsportforbund. <https://nlf.no/hangglidingparagliding/om-hang-paroog-speedgliding>

Hanstad, D. (2011). *Norsk idrett: Indre spenning og ytre press*. Akilles.

Hovden, J & Rafoss, K. (2014). Like og ulike historier. De første organiserte lagspillene blant kvinner i et kjønnspolitisk perspektiv. I Lippe, G., & Hognestad, H. *Kjønnsmakt i idrett og friluftsliv*. Novus

Kalleberg, R. (1996). Forskningsopplegg og samfunnsforskningens dobbeltdialog. I: Holter, H., & Kalleberg, R. *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Universitetsforl.

Kanestrøm J. (2019, 24. juni). *Vi er fortsatt ikke likestilte...* UIO.  
<https://www.jus.uio.no/ior/forskning/aktuelle-saker/2012/likestilling.html>

Kvale, S., Brinkmann, S (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Gyldendal akademisk.

Langseth, T. (2012). Liquid ice surfers-the construction of surfer identities in Norway. *Journal of Adventure Education and Outdoor Learning*, 12(1), 3–23.  
<https://doi.org/10.1080/14729679.2011.599987sel>

Larsen, C.J. (2008, 09.januar). Simonee de Beauvoirs største fan. *Klassekampen*.  
<https://arkiv.klassekampen.no/49692/article/item/null/> Simonee-de-beauvoirs-storste-fan

Lemon, J & Russell, K. (2012). ‘Doing gibber’: female snowboarders negotiate their place in the snow. *Asia-Pacific Journal of Health, Sport and Physical Education*, 3(3), 239–252. <https://doi.org/10.1080/18377122.2012.721741r>

Lippe, G. von der, F (1982). Likestilling i idretten. I .Lippe, G. von der, Flaen, G. E., & Granrud, L. *Kvinner og idrett : fra myte til realitet*. Gyldendal.

Malterud, K. (2011). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning : en innføring* (3. utg.). Universitetsforl.

Malterud, K. (2013). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning. En innføring* (3. utg.). Universitetsforlaget.

Mitchell, E. (2017). The Girl and Simone de Beauvoir’s the second Sex: Feminine Becomings. *Australian Feminist Studies*, 32(93), 259-275.  
<https://doi.org/10.1080/08164649.2017.1407640>

Moi, T (2000). Innledene essay. I. Beauvoir, S, de. *Det annet kjønn. Pax*.

Moi, T. (2002). *Simone de Beauvoir, en intellektuell kvinne blir til*. Gyldendal.

Morrow, R, A., & Brown, D, D. (1994). *Critical theory and methodology* (3.utg.). Sage Publications.

Neumann, C. B. & Neumann, I. B. (2012). Feltsituering, selbiografisk situering, . I. *Forskeren i forskningsprosessen : en metodebok om situering* (17-34). Cappelen Damm akademisk.

Nicholas, L. (2021). Remembering Simone de Beauvoir’s ‘ethics of ambiguity’ to challenge contemporary divides: feminism beyond both sex and gender. *Sage Journals*. <https://doi.org/10.1177/1464700120988641>

NSD. (2020, 29. august). *Databehandling under koronautbruddet*. Norsk senter for forskningsdata. <https://nsd.no/article.html?a=/articles/article0101.html>

Pervin, L. A. (1984). *Personality*. Wiley

Pettersen, T. (2006). Moralsk frihet og situasjon: Simone de Beauvoir. *Norsk Filosofisk Tidsskrift*, 41(4), 284–295.

Pettersen, T. (2011). *Filosofiens annet kjønn*. Pax forlag.

Pettersen, T. (2015). Existential Humanism and Moral Freedom in Simone de Beauvoir's Ethics. In Pettersen, T & Bjørnøs, A. (Eds.), *Simone de Beauvoir – A humanist thinker*. (s. 69-91). Brill/Rodopi.

Plaza, M, Boiché, J Brunel, L, Ruchaud,, F (2017). Sport = Male... But Not All Sports: Investigating the Gender Stereotypes of Sport Activities at the Explicit and Implicit Levels. *Sex Roles*, 76(3), 202–217. <https://doi.org/10.1007/s11199-016-0650-x>

Røsvik, E. (2014, 22. august). Løper utfor fjell. *Sunnmørsposten*. Løper utfor fjell - Sunnmørsposten (smp.no) <https://www.smp.no/sommer/article9970523.ece>

Säfvenbom, R, Wheaton, B & Agans, J.P (2018) 'How can you enjoy sports if you are under control by others?' Self-organized lifestyle sports and youth development, *Sport in Society*, 21(12), 1990-2009.  
10.1080/17430437.2018.1472242

Säfvenbom, R. (2016). Fritid hva er det? I Säfvenbom, R. (Red.), *Fritid og aktiviteter i moderne oppvekst- grunnbok i aktivitetsfag* (s. 22-35). (2utg.). Universitetsforlaget

Sand, T. S., Fasting, K., & Norge Likestillings- og diskrimineringsombudet. (2008). *Likestilling og mangfold i norsk idrett : bedre med flere på banen!*. Likestillings- og diskrimineringsombudet.

Sandal, T. (2019). Det annet kjønn - 70 år og fortsatt viktig. *Gnist*. <https://marxisme.no/det-annet-kjonn-70-ar-og-fortsatt-viktig/>

- Sisjord, M. (2015). Assessing the sociology of sport: on lifestyle sport and gender. *International Review for the Sociology of Sport. Sage Journals*, 50(4-5), 596-600. <https://doi.org/10.1177/1012690214552432>
- Sisjord, M. K. (2005). Snowboard: en kjønnet ungdomskultur. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 5(2), 65–82.
- Sisjord, M. K. (2011). Nye ungdomsidretter - bidrag til mangfold og endring av idrettsfeltet. I: D.V. Hanstad (Red.), *Norsk idrett: Indre spenning og ytre press*. (s. 87-104). Akilles.
- Sisjord, M. K. (2014). Jentesatsing i snowboard. I. Lippe, G.V.D & Hognestad, H.K. (Red.), *Kjønnsmakt i idrett og friluftsliv* (s. 335-351). Novus Forlag.
- Skatvik, F. (2011. 12. januar) *Tove Pettersen med ny bok*. Salongen nettskrift for filosofi og idehistorie. <https://www.salongen.no/234/>
- Skeie, M, L. (2021, 02, februar). Kvinner og menn behandles forskjellig i idrett. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/podcast/i/KyP4d7/kvinner-og-menn-behandles-forskjellig-i-idrett>
- Skiforbundet. (2021, 12. januar). *Like Muligheter skal løfte kvinneidretten*. Skiforbundet. <https://www.skiforbundet.no/hopp/nyhetsarkiv/2021/1/like-muligheter/>
- Svensson, T, B. (2019, 28. juni) *Norges Luftsportsforbund er dårligst i klassen på kvinneandel*. Flynytt. <https://www.flynytt.no/artikler/norges-luftsportforbund-er-darligst-i-klassen-pa-kvinneandel/468636>
- Thagaard, T. (2015). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode* (4. utg.). Fagbokforl.
- Thorpe, H (2009) Bourdieu, feminism and female physical culture: Gender reflexivity and the habitus field complex. *Sociologi og sport journal* 26, 491-516.

Thorpe, H. (2010). Bourdieu, Gender Reflexivity, and Physical Culture: A Case of Masculinities in the Snowboarding Field. *Journal of Sport and Social Issues*, 34(2), 176–214. <https://doi.org/10.1177/0193723510367770>

Thorpe, H., & Olive, R. (2016). Women in action sport cultures: *Introduction: Contextualizing Women in Action Sport Cultures* (s. 1-21). Palgrave Macmillan.

Thorpe, H., Wheaton, B. (2013) Dissecting action sport studies: Past, present and beyond. I Andrews, D & Carrington, B. Blackwell. I D. L. Andrews & B. Carrington (Red.), *A Companion to Sport* (pp. 341–358). Blackwell Publishing Ltd.

Tjønndal, A., & Hovden, J. (2016). Kjønn som sparringspartner - Ledelsesformer og betydninger av kjønn blant norske boksetrenere. *Tidsskrift for Kjønnsforskning*, 39(3-04), 38–55. <https://doi.org/10.18261/issn.1891-1781-2016-03-04-04>

Tjønndal, A. (2018). Jenter på brett: Jenteskate som endringsprosess og alternativ til organisert ungdomsidrett. *Tidsskrift for ungdomsforskning*. <https://journals.oslomet.no/index.php/ungdomsforskning/article/view/3152>

Tjora, A. H. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Gyldendal akademisk.

Tyler, M. (2014). Women`s otherness and the Second sex. I Helin, J. Hernes, T, Hjort, D, Holt,R. *The Oxford Handbook of Process Philosophy & organization studies*. Oxford university press.

Walsh, M. (2008). Simone de Beauvoir: Political Thinker and Philosophical Writer. *Australian Journal of Politican Sciense*. 43(2). 347-354. <https://doi.org/10.1080/103611408020471717>

Welhaven, L. (2019). Fortsatt ikke likestilling for Lundby: Milevis igjen!. *Verdens Gang*. <https://www.vg.no/sport/hopp/i/RRnVrr/fortsatt-ikke-likestilling-for-lundby-milevis-igjen>

Wilderberg, K (1992). *Forståelser av kjønn i samfunnsvitenskapenes fag og kvinnekjønnsforskning*. Ad Notam Gyldendal.

Wheaton, B. (2004). Introduction – Mapping the lifestyle sport-scape. I Wheaton,B. (red), *Understanding lifestyle sports – consumption, identity and difference*. Routledge.

Wheaton, B. (2013). *The cultural politics of lifestyle sports*. Routledge.

Wheaton, B. (2015). Assessing the sociology of sport: On action sport and the politics of identity. *International Review for the Sociology of Sport*, 50(4-5), 634-639. <https://doi.org/10.1177/1012690214539160>

Wheaton, B. (2017). Surfing through the life-course: silver surfers' negotiation of ageing. *Annals of Leisure Research*, 20(1), 96–116. <https://doi.org/10.1080/11745398.2016.1167610>

X2-festivalen. (2021). *Speedflying*. X2-festivalen. <https://x2-festivalen.no/sporter/speedflying/>

## 9. Vedlegg

### 9.1 *Intervjuguide for masterprosjektet*

Tema	Mål og forskingsspørsmål	Rettleiende spørsmål
Oppstart og innleiing	<p>Skape ein trygg og roleg atmosfære der intervjupersonen kan føle at ho kan snakke fritt.</p> <p>Gi konkret og tydeleg informasjon om prosjektet.</p>	<p>Presentere meg sjølv for intervjupersonen.</p> <p>Gjere kort greie for bakgrunnen og formålet med prosjektet</p> <p>Informere kort om kvifor eg ynskjer å intervju intervjupersonen</p> <p>Tydeleggjere informasjon knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- informert samtykke</li><li>- teieplikt</li><li>- anonymisering</li><li>- databehandling</li><li>- tilgang på transkripsjon</li><li>- moglegheita til å trekke seg frå prosjektet når som helst</li></ul> <p>Informere om at intervjuasjonen vil bli tatt opp med lydopptakar.</p> <p>Signere samtykkeskjema (munnleg godkjenning)</p>

Møte med speedgliding. Rekruttering og deltaking	<b>Forskingsspørsmål:</b> Kva bakgrunn har kvinnene som er aktive i livsstilsidretten speedgliding?  <b>Mål:</b> Få informasjon om korleis kvinna byrja å interessere seg for idretten og korleis hennar idrettsliv har vore elles. Har dei tatt avstand frå noko for å gå inn i idretten? Er dei framleis aktive i organisert idrett? Har dei nokon gang vore det? Korleis er miljøet rundt dei? Korleis oppfattar dei seg sjølve som kvinner i ein ekstrem og maskulin idrett?	- Fortel litt om deg sjølv og din idrettslege bakgrunn - Fortel om ditt første møte med speedgliding, når du byrja med det, fekk ditt første utstyr osv. - Korleis oppdaga du idretten? - Er det mange i din omgangskrins som er aktive med speedgliding eller andre typar luftsport - Var du aleine når du meldte deg på kurset? - Kan du skildre speedglidermiljøet? - Har du møtt nokon form for motgang i miljøet eller hatt problem med å komme inn i ei gruppe? - Korleis er det å vere jente og speedgilder? - Kva rolle spelar sosiale media inn på idretten speedgliding? - Om du ser på ditt daglege liv, kan du seie noko om kva speedgliding betyr for deg?
Frigjering og oppfatning av speedgliding som aktivitet	<b>Forskingsspørsmål:</b> Korleis forstår kvinnene si deltaking i speedgliding med tanke på etablerte kjønnsroller?  Få informasjon om informanten opplever at ho må frigjere seg frå samfunnsetablerte normer og førestillingar om kjønn. Korleis opplever dei at dei	- Kan du seie noko om kvifor du driv med speedgliding? - Ser du på deg sjølv som meir fri- enn andre kvinner med tanke på din livssituasjon? Er speedgliding likestilt? - Har kvinner og menn like stor innverknad på speedglidermiljøet? - Opplever du nokon utfordringar med å vere aktiv i speedgliding? - Tenkjer du enkelte har fordommar mot at kvinner driv med ein ekstremsportsidrett? - Er det andre i familien din eller din omgangskrets som er aktive med speedgliding?

	<p>blir tatt i mot i miljøet? Kva haldningar møter dei i samfunnet og livet elles?</p> <p>Har dei måtte ta avstand frå noko for å ta del i miljøet?</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Er det mange som er aktive med speedgliding der du har vaks opp?</li> <li>- Har du førebilete innanfor idretten?</li> <li>- Kva typar menneske driv med speedgliding (alder, jobb, type?) og er det ein idrett alle kan begynne med?</li> <li>- Har du opplevd eller opplever du at du på nokon måte må endre deg for å passe inn?</li> <li>- Er det personlegheiter du tenkjer ikkje passar inn i eit slikt miljø?</li> <li>- Korleis ville du opplevd det om noko kalla deg for ei ”guttejente”?</li> <li>- Kan du sjå for deg å kombinere idretten med famileliv? Kva trur du andre tenkjer om dette?</li> <li>- Trur du det er viktig for andre kvinner at du er aktiv med speedgliding? På kva måte og var det noko av årsaken til at du byrja med det?</li> </ul>
Kjønn og speedgliding  Kvinnene si oppleveling av å vere i ein mannsdominert idrett	<p><b>Forskingsspørsmål:</b> Kva erfaringar har kvinnene med å delta i eit mannsdominert livsstilsidrettsmiljø?</p> <p><b>Mål:</b> Få informasjon om kva utfordringar og fordelar dei opplever i idretten med bakgrunn i kjønn. Er dette noko dei tenkjer over. Få informasjon om livsstilsidrettsmiljøet er anneleis- enn andre idrettar fordi idretten er så ny i Noreg. Brukar dei strategiar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kven dreg du som oftast på tur med? Mest kvinner eller menn?</li> <li>- Korleis vil du skildre ei ”typisk” speedgliderkvinne?</li> <li>- Korleis opplever du at andre ser på deg som kvinne i miljøet?</li> <li>- Korleis trur du ein speedglider mann ville skildra ei ”typisk” speedglider kvinne?</li> <li>- Gjer du noko spesielt for å vere meir eller mindre feminin i idretten?</li> <li>- Er det skilnad på korleis jenter og gutter nyttar seg av sosiale media i idretten?</li> <li>- Tenkjer du over at det er fleire menn enn kvinner i idretten?</li> </ul>

	<p>for å gjøre det lettare å vere i mindretal?</p> <p>Få informasjon om kvinnene opplever av dei blir behandla annleis eller opplever at dei må opptre på ein bestemt måte på grunn av kjønn og kjønnsroller</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Opplever du at andre folk tillegg deg eigenskaper eller meiningar fordi du er jente som driv med speedgliding?</li> <li>- Kva skal til for at fleire jenter byrjar med speedgliding?</li> <li>- Kvifor trur du det er fleire mannlege speedglidere enn kvinnelege?</li> <li>- Er det nokon fordelar med å vere kvinne i speedglidermiljøet?</li> <li>- Har dykk lage ei eiga ”jentegruppe”?</li> </ul>
Informantens bakgrunn	<p><b>Forskingsspørsmål:</b></p> <p>Korleis forstår kvinnene si deltaking i speedgliding med tanke på etablerte kjønnsroller?</p> <p><b>Mål:</b> Få informasjon om bakgrunn og om dei har ”lett tilgang” på speedgliding som aktivitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utdanning/ og eller jobb?</li> <li>- Er du aktiv i andre idrettar/treningssenter, eventuelt kva? Tidlegare?</li> <li>- Opplever du at foreldra dine støttar val av idrett?</li> <li>- Er det gode forhold for å drive med aktiviteten der du bur no?</li> </ul>
Avslutning	<p>Oppsummering og vise takksemd for intervjuet</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Er det noko du ynskjer å legge til, eller fortelle om til slutt?</li> </ul> <p>Takke for intervjuet.</p>

## 9.2 Godkjent søknad fra NSD

20.4.2021

Meldeskjema for behandling av personopplysninger



### NSD sin vurdering

#### Prosjekttittel

Kvinner og speedgliding

#### Referansenummer

702175

#### Registrert

13.10.2020 av Guro Mattland Båtevik - guromb@student.nih.no

#### Behandlingsansvarlig institusjon

Norges idrettshøgskole / Institutt for lærerutdanning og friluftsliv

#### Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Reidar Sæfvenbom, reidars@nih.no, tlf: 93039506

#### Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

#### Kontaktinformasjon, student

Guro Mattland Båtevik, gurobat@msn.com, tlf: 99127942

#### Prosjektperiode

19.10.2020 - 01.12.2021

#### Status

23.10.2020 - Vurdert

### Vurdering (I)

#### 23.10.2020 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg den 23.10.20. Behandlingen kan starte.

#### DEL PROSJEKTET MED PROSJEKTANSVARLIG

Det er obligatorisk for studenter å dele meldeskjemaet med prosjektansvarlig (veileder). Det gjøres ved å trykke på "Del prosjekt" i meldeskjemaet.

#### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å

meldte dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaaet. For du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nøyvendig å melde:

[https://nsd.no/personvernombud/meld\\_prosjekt/meld\\_endringer.html](https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html)

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

#### TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 1.12.2021. Prosjektslutt i informasjonsskrivet må oppdateres slik at dato samsvarer med gitt dato i meldeskjema.

#### LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil inneholde samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekrefteelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

#### PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlig formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

#### DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

#### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retninglinjer og/eller rádføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Tlf. Personvernjenester: 55 58 21 17 (last 1)

## **9.3 Samtykkeskjema**

### **” Kvinner og speedgliding”?**

**Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å studere kvinner som er aktive i livsstilsidretten speedgliding. I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltakelse vil innebære for deg.**

#### **Formål**

Mitt navn er Guro Mattland Båtevik. Jeg er masterstudent ved Norges Idrettshøgskole, ved institutt for Lærerutdanning og friluftslivstudier. Jeg skal nå begynne på masteroppgaven min hvor jeg er ute etter å se på kvinner som driver med livsstilsidretten speedgliding. I den forbindelse ønsker jeg å komme i kontakt med kvinner som er aktive speedglidere. Jeg er ute etter å se på hvordan kvinner opplever og erfarer det å drive med livsstilsidretten speedgliding.

#### **Hvem er ansvarlig for forskningsprosjektet?**

*Norges idrettshøgskole* er ansvarlig for prosjektet.

#### **Hvorfor får du spørsmål om å delta?**

Bakgrunnen for at du får spørsmål om å delta er at jeg har vært i dialog med en kontaktperson i speedglidingmiljøet. Hun har gitt meg klarsignal på at jeg kan kontakte deg og at du er villig til å stille til intervju i min undersøkelse.

#### **Hva innebærer det for deg å delta?**

Datainnsamlingen vil forgå gjennom personlige intervju mellom deg som informant og meg som forsker. Intervjuet vil bli tatt opp med en båndopptaker. Intervjuets lengde vil variere noe, men det vil ta omtrent en time å gjennomføre.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle dine personopplysninger vil da bli slettet. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

#### **Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger**

Vi vil bare bruke opplysningene om deg til formålene vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Det vil være student og prosjektansvarlig og veileder som har tilgang på disse opplysningene.

- Personopplysningene og dataen lagres i henhold til Norges Idrettshøgskole sine retningslinjer for behandling av persondata.
- Du som deltaker vil ikke kunne gjenkjennes i den publiserte oppgaven. (Navn vil bli erstattet med et fiktivt navn og det vil ikke bli oppgitt hvor du kommer fra.

### **Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?**

Opplysningene anonymiseres når prosjektet avsluttes/oppgaven er godkjent, noe som etter planen er 01.06.2021. Etter prosjektslutt vil alle personopplysninger, lydopptak og transkripsjoner bli slettet og annullert. Intervjuet vil bli transkribert og anonymisert like etter intervjuet.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysningene,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- å få slettet personopplysninger om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

### **Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?**

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra *Norges idrettshøgskole* har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Hvor kan jeg finne ut mer?**

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Norges idrettshøgskole ved prosjektansvarlig, Guro Mattland Båtevik tlf. 99127942 . [gurobat@msn.com](mailto:gurobat@msn.com)
- *Norges idrettshøgskole* ved veileder Reidar Säfvenbom , [reidar.safvenbom@nih.no](mailto:reidar.safvenbom@nih.no)
- Vårt personvernombud: [personvernomrbud@nih.no](mailto:personvernomrbud@nih.no)

Hvis du har spørsmål knyttet til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

Reidar Säfvenbom

Båtevik

(Forsker/veileder)

Guro Mattland

---

---

### **Samtykkeerklæring**

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *Kvinner og speedgliding*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i intervju

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet

---

---

(Signert av prosjektdeltaker, dato)